

Den første kommunikasjonen
Marit Johanne Mulelid

Hovudoppgåve i Musikk
Våren 2004

Kolofonside

Ei takk til alle som har hjelpe meg

Til sist vil eg få rette ei takk til alle som har hjelpe meg med å skrive hovudfagsoppgåva, og gjere dette arbeidet med å samle inn data og analysere dei mogleg. For det første vil eg takke vegleiaren min Jon-Roar Bjørkvold, professor i musikkvitenskap ved Universitetet i Oslo, som har fylgt meg gjennom så og seie heile studietida mi. Han har i tillegg til å rettleie meg gjennom arbeidet og heile tida gje meg ei retning, også vore ein stor inspirasjon og støtte for meg gjennom denne tida.

Eg vil også takke Colwyn Trevarthen, professor i psykologi ved Universitetet i Edinburgh, og studentane hans som har hjelpe meg med å analysere video-opptaka mine og lært meg mykje. Eg vil takke Trevarthen for at han tok seg tid med meg, lærte meg villig frå sin lærdom og viste meg nye vegar å gå når det gjaldt analysen.

Eg vil heilt spesielt takke min fantastiske mann Levi Jul Halvorsen som har hjelpe meg med oppgåva heilt frå første stund. Takk for filming av dei fleste samspillstunder, tålmod og hjelp når det gjeld min dugleik innan data og annan teknologi, alle konstruktive innspel og idear til oppgåva, all emosjonell støtte og praktisk hjelp. Takk også for at du er ein slik god far til Johanne!

Eg vil også takke svigerforeldra mine Lisbeth og Finn Halvorsen for all støtte og praktisk hjelp med barnevakt, både når eg reiste til Edinburgh og også i helgane slik at eg har fått konsentrert meg om skriving og analysar. Eg kunne ikkje tenkje meg nokon betre å overlate Johanne til! I tillegg vil eg takke svigerfar Finn Jul Halvorsen for hjelp med layout og grafisk design for oppgåva.

Ei stor takk til Sigmund Barø for hjelp til redigering av video-opptak og samansetting til ein ferdig DVD.

Tusen takk til mi snille storesyster Hanne Mulelid som frå Kopervik vidaregåande skule på Karmøy har lese korrektur på oppgåva, og hjelpe meg når nynorsken min har vore for utvatna etter fire år i utlandet.

Tusen takk alle saman!

Innholdsregister

Ei takk til alle som har hjelpe meg	3
Innholdsregister	4
1. Innleiing	6
1.1. Bakgrunn og formål	6
1.2. Eit fokus tek form	6
1.3. Tema og problemstilling	7
2. Tidlegare forskning	9
2.1. Anthony DeCasper	9
2.2. Thomas Verny	11
2.3. Daniel Stern	14
2.4. Colwyn Trevarthen.....	19
2.5. Stein Bråten	23
2.6. Jon-Roar Bjørkvold	27
2.7. Kva kan eg bidra med?.....	30
3. Design og metode for forskningsarbeidet.....	33
3.1. Design	33
3.2. Metode	35
4. Presentasjon av forskingsmateriale	41
4.1. Inndelinga av materialet og analysen	41
4.2. Prenatal kommunikasjon – førebuing til samspel	42
5. Analyse og diskusjon av video-opptak og loggbok	47
5.1. Introduksjon	47
5.2. Frå prenatalt til neonatalt liv: fødselsaugeblikket	49
5.3. Eitt døgn gamal – kan Johanne hugse songen vår?.....	56
5.4. Heim til kvardagen som nybakt mor – kvar vert samspelet av?	59
5.5. Den første merkbare forandring	65
5.6. Det svingar for alvor!	73
5.7. Johanne er blitt initiativtakaren!	79
5.8. Den indre krets vert utvida.	84
5.9. Ho veit kva ho vil.....	87
5.10. "Eg føler at ho er eit lite menneske!"	91
5.11. Johanne vert pappa-jente.....	96
5.12. Eit lite lærevillig vesen!	98
5.13. Det fysiske er i sentrum.....	103
5.14. Den siste månaden av det første leveåret	106
6. Konklusjon	110
7. Etterord	113
7.1. Johanne i dag.....	113
7.2. Johanne og mamma sitt samspel to år etter.....	115
7.3. Har arbeidet mitt hatt innverknad på Johanne?	115
7.4. Har arbeidet mitt hatt innverknad på mamma?.....	116
7.5. Kva ville eg gjort annleis?.....	118
8. Litteraturliste.....	120

Del 1

1. Innleiing

1.1. Bakgrunn og formål

Den 10. mai 2001 endra mitt tilvære seg ved ein positiv graviditetstest. Frå ein dag til ein annan byrja tankane mine og fokuset mitt å krinse rundt dette vesle vesenet som no var ein del av kroppen min, men om litt skulle kome til å bli til eit sjølvstendig lite individ. Tankar som "korleis kjem barnet mitt til å sjå ut?", "kva for personlegdom kjem det til å ha?", og "kjem eg til å kunne klare å være ei god mor?" byrja å krinse rundt oppe i hovudet mitt.

Og ikkje nok med det, vissa om at frå dag ein har eg innverknad på barnet si utvikling, var ein litt overveldande, men også spennande tanke. På fosterstadiet visste eg jo at kostholdet mitt og andre levevaner hadde innverknad på barnet, men kunne eg ha innverknad på andre måtar?

Hausten 1993 tok eg storfag i musikkvitenskap ved universitetet i Oslo, og interesserte meg frå den gang i barnemusikkulturen og korleis barn frå fødselen er musiske vesen. Eg og ein medstudent hadde prosjekt i Tom Murstads barnehage, der vi prøvde å finne ut av kva som skjedde når voksen musikkultur og barnemusikkultur møttest i musikalsk samspill. Då eg no venta mitt eige barn, blei interessa mi for korleis barn utviklar seg musisk og korleis min kommunikasjon med barnet var med på å påverke dette endå sterkare. Å finne ut av dette var difor hovudformålet med oppgåva frå startfasen av.

Eg kontakta Jon-Roar Bjørkvold, professor ved Institutt for musikkvitenskap, og lufta ideen min om å skrive ei hovudoppgåve omkring dette temaet, og han var svært positiv til ideen. Eg hadde lyst til å finne ut meir om både korleis eg påverka fosteret under desse ni månadene som gravid, men også korleis eg kunne påverke barnet mitt og korleis det utvikla seg musisk gjennom spedbarnsperioden. Dette var utgangspunktet mitt for hovudoppgåva og dei første tankane mine omkring det som seinare skulle utvikle seg nærare eit tema.

Grunnlaget var lagt og ein spire til ein ide var sådd ut frå denne etterlengta positive graviditetstesten ein tidleg maidag.

1.2. Eit fokus tek form

Etter kvart som graviditeten skreid framover, vart eg meir og meir oppteken av spørsmåla rundt fosteret si utvikling og korleis eg som mor påverka barnet si utvikling. Eg ville gjerne finne meir ut om både fosterstadiet og den første

levetida, men også den overgangen som skjer når eit barn vert født. Eg var oppteken av kva for utvikling fosteret gjennomgjekk desse ni månadene, og kva for påverknad eg som mor hadde på fosteret. I tillegg var eg oppteken av om dette igjen hadde påverknad for barnet i overgangen frå foster til nyfødt, korleis dette vesle barnet utvikla seg musisk den første tida, og om kva for forhold foster og spedbarn har til musikk som kommunikasjon.

Mange lause trådar og spørsmål utan svar var kjensla eg hadde før eg byrja å nøste litt ved å lese om tidlegare forskning og problemstillingar på dette området, og eit tema byrja å ta form. Det første eg etterkvart blei overbevist om, var at eg ville bruke barnet som eg venta på ein eller annan måte i oppgåva mi, i og med at eg som arbeidsaktiv ville nytte året med morspermisjon til å arbeide på hovudoppgåva.

Fosteret si utvikling var, på grunn av tilstanden min, noko som eg interesserte meg for. Korleis kunne eg finne ut korleis eg som mor påverka fosteret? Eg las ein del litteratur om korleis stemmen min, rørsle mine og rett og slett psyken min var med på å forme barnet og gjere det klar for eit liv utanfor mor sin mage. Tanken kom då om å synge ein song dagleg for å sjå om dette stemte, om fosteret kunne påverkast av det? Formålet med det ville då være å sjå om barnet etter fødselen gjenkjende songen og reagerte på den.

I tillegg las eg om forskning på interaktiv spedbarnskommunikasjon, om korleis mor-barn kommunikasjon var barnet si største kjelde til utvikling. Eg var nyfiken på om denne spedbarnsforskinga ville stemme overeins med mitt eige barn, om eg ville sjå dei same resultatata som tidlegare forskning hadde fått når det gjaldt utvikling av kommunikasjon.

Eg nærma meg eit tema og ei problemstilling sakte, men sikkert.

1.3. Tema og problemstilling

Temaet barnet si musiske utvikling, det vil seie si evne til skapande samspel ved hjelp av interaktiv kommunikasjon mellom mor og barn, og mor si påverking av fosteret si utrusting til kommunikasjon, var klar. Eg kom heretter fram til ei todelt problemstilling:

1)

Tidlegare forskning tyda på at mor si stemme, rørsle og psyke påverkar fosteret og rustar det ut til vidare kommunikasjon og utvikling. I Nilson/Hamberger si bok *Et barn blir til* (2001) vert det hevda at allereie frå fjerde til femte månad kan fosteret høyre og bli stimulert og stressa av lyd. Dei skriv at fram for alt høyrer fosteret mor sine tarmlydar, brusset frå blodårer og hjertet sine pulsslag, men mor si stemme og puls er blant dei viktigaste inntrykk for fosteret.

Også Stein Bråten (1998) og Jon-Roar Bjørkvold (1991) hevdar at fosteret svært tidleg reagerer på lyd, og kan hugse mor si stemme og sin song etter at det er født.

På grunnlag av dette byrja eg i 22. svangerskapsveke å synge ein bestemt song kvar dag. Eg valte "Den fyrste song" av Per Sivle og Lars Søråas fordi eg personleg synest at dette er ein av dei vakraste skattane vi har når det gjeld norske barnesongar. I tillegg vart eg sjølv sunge denne songen for av bestemødrer, og den får meg difor roleg og avbalansert. Eg ville deretter teste etter at barnet mitt vart født om det hadde noko spesiell reaksjon på denne songen, om den hadde noko verknad etter fødselen. Det vil seie om barnet hadde noko forhold til songen (i forhold til andre songar) som ein del av vår begynnande kommunikasjon.

Eg vil i oppgåva gjere greie for tidlegare forskning på temaet om fosteret si utvikling og mor si påverknad av fosteret si utrusting til kommunikasjon, og ta opp problemstillinga om mor sin song gjennom svangerskapet har ein verknad.

2)

Eg vil i tillegg gjere greie for tidlegare forskning på utviklinga til eit barn kommunikasjonsmessig det første leveåret. Om korleis den interaktive kommunikasjonen mellom mor og barn er eit slags framhald på den kontakten og det samspelet som allereie eksisterar frå svangerskapet, og korleis inntrykka og utviklinga frå fosterstadiet førebur barnet til vidare utvikling. Eg vil også sjå på kva for forhold barnet har til musikk som kommunikasjon.

Både Daniel Stern, Stein Bråten, Colwyn Threvarthen m.fl. har forska på dette temaet i årevis, og eg vil med mitt eige barn følgje utviklingsprosessen frå denne forskinga og sjå om det stemmer overeins.

2. Tidlegare forskning

Før eg set i gang med å presentere materialet mitt, vil eg her kome med ein presentasjon av tidlegare forskning på same tema. Det var viktig for meg, etter at tema og problemstilling låg klart framfor meg, å finne ut av kven som har forska på dette før meg og kva dei har kome fram til. Seinare i oppgåva vil eg diskutere mitt eige materiale opp mot denne tidlegare forskinga, og finne ut av kvar mi forskning står i forhold til denne.

Dei siste tiåra har det vorte forska mykje rundt spedbarn og deira kommunikasjons- og samspillsevne frå fødselen av. Det har også desse åra vore ei aukande interesse rundt den prenatala fasen, det vil seie korleis fosteret før fødselen utviklar seg og gjer seg klar til samspill.

Ein kan finne ei interesse for dette temaet og skrifter som tek for seg spedbarnskommunikasjon, også på fosterstadiet, heilt tilbake til Platon. Det er i denne oppgåva umogleg for meg å ta for meg alle som har vore inno i temaet og gjort større eller mindre undersøkingar på feltet, men eg vil ta for meg nokre få som etter mitt skjønn er foregangsfigurane innan forskning på spedbarnskommunikasjon, som har forska på temaet i ei årrekkje og kome fram til revolusjonerande resultat. I tillegg til desse har det også blandt tidlegare studentar ved Institutt for musikk og teater ved Universitetet i Oslo vore interesse for dette feltet og fleire har skreve interessante hovudoppgåver på området. Eg vil nemne Guri Årsvoll, som har skreve hovudoppgåve om tilrettelagte musikkgrupper for foreldre og born frå 0-3 år med tittelen "Syng og lek – snakk same språk" (2002). Solveig Oveland skreiv si hovudoppgåve om spedbarnskommunikasjon med for tidleg fødte barn, med tittelen: "Meningsfulle øyeblikk i musikkterapi" (1998). I tillegg har også Gro Hansen Espeseth skreve ei hovudoppgåve om musikk og samspill i familien som ho har kalla "Musikk og trygghet" (2003).

Når det gjeld den prenatala fasen, er det vel helst DeCasper og Verny som gjer seg gjeldande, i tillegg kjem Trevarthen, Stern og Bråten som tek for seg meir om utviklinga av spedbarnet som eit kommuniserande vesen.

2.1. Anthony DeCasper

Nyare forskning viser til samanhengen mellom tidleg mor - barn kommunikasjon og kommunikasjonen på fosterstadiet. At den tidlege mor - barn kommunikasjonen som oppstår rett etter fødselen og utviklar seg vidare, berre er ei forlenging av den kontakten som mor og foster allereie for fullt har etablert gjennom svangerskapet.

Det vil seie at det er ein link mellom prenatal og neonatal kommunikasjon. At dei månadene barnet oppheld seg i mor sin mage, utviklar det ein kjennskap til mor si stemme, og sin måte å gå og bevege seg på. Det lyttar til hjerteslaga og andre lydar som gjennomsyrrar livmora, og tek sjølvstogt også del av mor si næring og hormonelle skiftingar gjennom morkaka.

Det at barnet vert kjent med mor si stemme og sine rørsler, er vel det viktigaste for å etablere den neonatale kommunikasjonen. Mor og barn er ei symbiose dei ni månadene dei oppheld seg i same kropp, og kommunikasjonsmessig fortset dette etter fødselen. Barnet gjenkjenner mor si stemme og rørsler og det oppstår ein interaktiv kommunikasjon som berre kan oppstå mellom mor og barn, nettopp på grunn av denne prenatala symbiosen som fortset etter fødselen.

Denne linken mellom prenatal og neonatal kommunikasjon, er det stort sett forskinga til Anthony DeCasper går ut på og som han ved gjentatte forsøk har funne bevis på at eksisterer. DeCasper er professor i psykologi, og på 1980 talet gjorde han og kollegane hans ved universitetet i North Carolina, Greensboro, eit forsøk med resultatlar som var eineståande.

Dei utvikla eit konsept der nyfødde babyar fekk sett på hovudtelefonar, og ved å suge på ein narresmukk på ulike måtar, kunne spedbarnet frambringe enten mor si stemme, eller stemma til ei framand kvinne. Dei nyfødde lærte straks korleis dei skulle suge for å frambringe mor si stemme, og likte den best framfor den framande kvinna si stemme. Dette viser at dei nyfødde må ha lært og hugsa korleis mor si stemme lyder, ubevisst, dei siste månadene i mor sin mage.

Seinare fann DeCasper også ut at dei nyfødde føretrekk eit bestemt dikt som mor har fortalt regelmessig under svangerskapet. Etter å ha bevist at spedbarn føretrekk mor si stemme rett etter fødselen, ville han gjere forsøk på om barnet også føretrakk visse lydpreferansar, som fosteret har høyrte prenatalt, i forhold til andre. For å prøve ut dette, fekk han ei rekkje gravide kvinner til å lese eit barnerim som heiter "The cat in the hat", eit vers med rim og rytmar i klar og regelmessig form, to gonger om dagen dei siste vekene i svangerskapet.

Etter at barna var født, tok DeCasper i bruk den same sugetesten han hadde brukt i det tidlegare forsøket, og barna blei kopla til ein bandopptakar via høyretelefonar. Denne bandopptakaren var også kopla til ein narresmukk, og ved å suge på ein spesiell måte, fekk barna høyre dette barnerimet som mora leste gjennom svangerskapet. Ved ein annan måte å suge på, gjekk bandopptakaren over til eit anna barnerim med ei anna rytme, men også dette lest av mora. Resultatet var heilt klart og tydeleg: Alle barna føretrakk "The cat in the hat", dei saug på ein slik måte at dette verset som var trygt og godt og som dei var vane med å høyre i mor sin mage kom fram. (1980)

Då DeCasper var usikker på om barna føretrakk "The cat in the hat" fordi det var kjent frå eit prenatalt liv, eller om dei likte betre dette rimet fordi det hadde ei behageleg og fast rytme, gjorde han eit nytt forsøk fire år seinare. Her fekk mødrene lese meir rytmisk, uregelmessige rim for barna sine dei siste vekene av svangerskapet. Det viste seg, ved hjelp av narresmökkane og bandopptakarane, at dei nyfødde barna også føretrakk dette "urytmiske" rimet, innlært på fosterstadiet.

DeCasper har også funne ut at nyfødde ikkje berre kan skilje mor si stemme frå ein ukjend, men føretrakk faktisk mor si stemme filtrert på ein måte slik at den liknar meir på stemmen dei høyrer i livmora, enn utan denne filtreringa. I tillegg føretrakk dei nyfødde å høyre mor snakke sitt eige språk enn eit anna.

Etter at DeCasper hadde dokumentert desse funna, arbeida han også vidare saman med andre forskarar på barnet si minneevne innanfor ramma av sjølv fosterstadiet. Ved hjelp av måling av blant anna puls og blodtrykk, kunne ein avlese skiftingar som viste tilbake til at fosteret rett etter fødselen kunne reagere gjenkjennande på dikt som mora hadde lese regelmessig under svangerskapet. (1986)

Denne linken mellom prenatal og neonatal kommunikasjon mellom mor og barn er altså det DeCasper hovudsakleg har forska på, og kome fram til revolusjonerande oppdagingar innan feltet ved hjelp av forskingsarbeid på fosterstadiet som han har prøvd ut rett etter fødselen. DeCasper er ein av dei mest kjende forskarane innan dette feltet, og han har heldt på i ei årrekke.

2.2. Thomas Verny

Det psykologen Thomas Verny er mest oppteken av, er korleis mora på forskjellige måtar påverkar fosteret og kva for konsekvensar dette har for barnet etter fødselen. Det vil seie at han også er oppteken av å påvise denne linken det er mellom prenatalt og neonatalt liv, men i motsetnad til DeCasper fokuserer han ikkje så mykje på læring og minne, men meir på korleis mor sine tankar og kjensler under svangerskapet har ein påverknad på barnet som ein kan påvise etter fødselen.

Ein annan ting som er forskjellig frå DeCasper, er at Verny stort sett byggjer påstandane sine på andre si forskning. Han tek for seg dei psykologiske innverknadene mor har på fosteret gjennom svangerskapet, ved å vise til andre si forskning. Verny sitt arbeide er svært kjent og stort, og vert vist til i dei fleste samanhengar der det blir skreive om kommunikasjon mellom mor og barn på fosterstadiet. Difor synest eg det er viktig å ta med eit samandrag av det han har kome fram til.

Personleg synest eg det kan verte litt for mykje "syensing" og "føling" i Verny sitt arbeide, at han set fram påstandar som er svært radikale utan å bygge

opp under dette med sterke bevis. Det kan vere ei følgje av at han ikkje sjølv er i nær kontakt med forskingsmaterialet og heller viser til kva andre har funne ut av.

Til dømes hevdar Verny at fosteret inne i mor sin mage ikkje berre kan høyre mor si stemme, men også far, søsken og andre personar som oppheld seg rundt mor gjennom svangerskapet. Også andre lydar, som til dømes musikk som vert spela og lydar generelt i samfunnet, hevdar Verny at fosteret reagerar på. Det herskar stor usemje om dette også blandt dagens forskarar. I Aftenposten den 1. Mars, 2004 hadde akustikk-professor Asbjørn Krokstad ein lengre artikkel frå studiet sitt om fosteret si utvikling av hørsel gjennom svangerskapet. Krokstad hevdar at det fins reint tekniske forhold i fosteret sitt øyre og mora sin kropp som hindrar lyden i å trenge inn til barnet, sjølv om hørselsevna er godt utvikla. Krokstad forklarar vidare at fosteret, som ligg i fostervatn, har væskefylt mellomøyre. Dermed bevegar trommehinna seg lite og fosteret er godt beskytta mot lydane til mor , og endå betre beskytta mot lydar utanfrå.

Tomas Verny legg fram i si bok *Vårt første miljø* (1993) det han kallar oppmuntrande resultat av ny kunnskap som er gjort gjennom forskning på gravide kvinner og deira rolle når det gjeld å forme det ufødde barnet sin personlegdom. Det Verny først og fremst legg vekt på er at barnet i mors liv utviklar seg intellektuelt og kjenslemessig, i tillegg til at fosteret høyrer, lærer og mottar sanseintrykk.

Verny hevdar at kvinna sine verkemidlar nummer ein er tankar og kjensler, og ved hjelp av desse verkemidla kan kvinna påverke det ufødde barnet i mykje større grad enn ein tidlegare har trudd. Verny er også oppteken av å framheve at barnet si framtid ikkje er avhengig av at den gravide mor er lykkeleg 24 timar i døgnet...Periodar med tvilstankar og frykt spelar ikkje noko rolle, det som er det viktige her er heilheten og korleis den gravide kvinna har det i kvardagen. Om den komande mora til dømes ikkje ønsker å verte mor, eller har eit dårleg ekteskap og er redd for å verte svikta, er dette ei vedvarande kjensle som vil påverke barnet. Vanlege, normale tvilstankar om ein vil bli ei god mor, eller om barnet er velskapt som dukkar opp innimellom, har lite innverknad på barnet, seier han.

Eit foster kan, i følgje Verny, faktisk føle nyanserte kjensler og reagerer ikkje berre på store, udifferensierte kjensler som kjærleik og hat. Til dømes samansette kjensler som ambivalens og fleirtydigheit, meiner Verny at eit foster kan reagere på, sjølv om det herskar tvil om når fosteret sine hjerneceller oppnår denne evna. Men i sjetten eller sjuande månad er eit ufødd barn i stand til å utføre fortolkingar når det gjeld mora sine holdningar og kjensler, og det startar å handle etter dei.

Dei resultatane som forskinga Verny byggjer sitt materiale på har kome fram til, er fleire. Eit spørsmål som har vorte stilt er korleis eit foster kan tolke budskap frå mora som uttrykkjer "kjærleik" og "tryggleik", når det ikkje har

noko aning om kva desse kjensletilstandane inneheld. Svaret på dette kom så tidleg som i 1925, då ein amerikansk biolog og psykolog W. B. Cannon beviste at frykt og angst kan bli biokjemisk indusert ved å sprøyte inn ei gruppe kjemikalier, kalla catecholaminer, som opptrer naturleg i blodet til redde dyr og menneske.

Cannon hadde eit eksperiment der catecholaminer vart teke ut av dyr som var skremde, og sprøyta inn i ei anna gruppe beståande av avslappa og rolege dyr. I løpet av nokre sekund og utan at dei hadde blitt provosert, byrja alle dei rolege dyra å oppføre seg som vettskremt av redsle.

Det same skjer hos fosteret inne i mor sin mage. Den einaste forskjellen er at kjemikaliane ikkje vert sprøyta inn, men kjem frå den oppskaka mora via morkaka og direkte inn i fosteret sin kropp. For å bevise dette ytterlegare, tek Verny også med ei undersøking som gynekolog Emil Reinold gjorde tidleg på 1980-talet, der gravide kvinner vart bedt om å ligge utstrekt på eit bord i tju til tretti minutt under eit ultralydapparat. Det Reinold ikkje forklarte desse gravide kvinnene, var at når ein ligg slik, vil til slutt det ufødde barnet i magen roe seg ned og ligge heilt stille. Etter kvart som barna roa seg ned, vart mødrene fortalt at ultralydskjermen viste at barnet hennar ikkje rørte seg.

Den redselen som denne informasjonen skapte var bevisst provosert fram, fordi dr. Reinold ville sjå kor raskt mora si frykt kunne registrerast på barnet og korleis det reagerte når det oppfanga frykta. I alle tilfella var reaksjonen veldig rask, berre sekund etter at mora hadde fått informasjonen om at barnet ikkje rørte seg, begynte biletet på ultralydskjermen å røre på seg. Så snart dei merka mødrene si angst, byrja dei å sparke kraftig.

Det Verny ikkje skriv noko om når det gjeld dette forsøket, er om mødrene når dei fekk informasjonen om at barnet ikkje lea seg framleis låg like stille, eller om dei av panikk rørte seg brått eller sette seg halvvegs opp. Slike brå rørsler veit eg av erfaring frå eigen graviditet kan føre til ein reaksjon hos fosteret, med nokre ekstra kraftige spark.

I tillegg har Verny også arbeida med personar som hugsar fødselen sin. Dei fleste av desse forsøkspersonane hugsar brått attende til då dei vart født under samtale med psykolog om fortida si. Det Verny har gjort etter å ha snakka med desse personane, er å gå til mor deira for å samanlikne korleis fødselen var, noko som stort sett stemde overeins med det dei fleste forsøkspersonane hadde sagt.

På grunnlag av dette, og korleis menneske med psykiske problem, eller kjenslemessige problem i forhold til fortida si fortalde om dei traumatiske opplevingane i forhold til fødselen, meiner Verny at den augneblinken ein vert fødd har mykje å seie for barnet sitt framtidige liv og kommunikasjonsmessig nærleik til mora. Dette er ein av dei tinga Verny legg stor vekt på i sitt

arbeide, som eg synest personleg er for lite grunna og har for få vitskapelege bevis på at stemmer.

Eg kan strekkje meg til å tru at barn med harde og traumatiske fødselar er meir slitne og utmatta i ein periode framover, slik at den umiddelbare kontakt med mor først vert oppretta seinare, men eg har vanskeleg for å tru at nokre timar av livet kan ha så stor innverknad på barnet si framtid. Dessutan synest eg bevismaterialet er for tynt, at det ikkje er bevis nok å snakke med eit knippe pasientar om fødselen, som dei i følgje Verny hugsar.

Verny har skreve fleire bøker om temaet, der hovudinnhaldet handlar om korleis ein kan ivareta barnet si helse og psykiske tilstand allereie frå fosterstadiet. Dette for at barnet som fødst skal vere i best mogeleg stand til å ha eit harmonisk liv, også saman med mor og andre omsorgspersonar.

2.3. Daniel Stern

Ein svært viktig forskar på temaet som gjeld tidleg interaksjon og samspel mellom mor og barn, er Daniel Stern og hans teori om utviklingsgangen av sjølvopplevinga hos spedbarnet. Stern viser på ein måte til linken mellom pre- og neonatal kommunikasjon ved å gå ut ifrå at denne utviklinga av sjølvopplevinga allereie er i gang frå fødselen av, men han har ikkje sjølv forska på samanhengen mellom den tidlege interaksjonen mellom mor og barn og samspelet på fosterstadiet.

Derimot er forskinga til Stern når det gjeld spedbarnet si evne til å kommunisere og skilje mellom seg sjølv og andre det første leveåret, omfattande og svært respektert. Då eg seinare i oppgåva kjem til å diskutere denne utviklinga i mitt eige prosjekt, kjem eg her til å ta for meg ein god del av Stern si forskning og kva han gjennom denne har kome fram til.

Det Stern skriv om i blant anna boka *The interpersonal world of the infant* (1985)*, er studia hans av spedbarnet si subjektive oppleving av si verd og korleis desse opplevingane vert mentalt representert i barnet. Stern sin utviklingsteori for dei to første leveåra til barnet er basert på observasjonar av evner og kapasiteten hos barnet som gjer det i stand til å oppleve seg sjølv skilt frå mor si. Teorien til Stern byggjer på det grunnleggjande vilkåret at det eksisterer former for "bevisste" preverbale "sjølv" i spedbarnet.

Det Stern vil kome fram til er at interaksjon eigentleg handlar om innlæring og at denne innlæringa ikkje har som hovudmål å danne ei sjølvoppfatning, men at dette vil vere eit av mange biprodukt av den generelle læringsevna. Stern skriv om fire ulike fasar som beskriv "development of the sense of self": "Emergent relatedness", "core relatedness", "intersubjective relatedness" og "verbal relatedness". Stern understrekar at det her ikkje dreier seg om fasar

som erstattar kvarandre, men at desse fasane fortset å eksistere og vidareutvikle seg sjølv om nye fasar kjem til.

Som eg forstår det, er Stern si forståing av spedbarnet si utvikling av sjølvst svært eksistensiell for å få ei forståing av kva interaksjon og tidleg samspill mellom mor og barn er. Difor vil eg gje eit lite samandrag av desse fire ulike fasane med særskilt vekt på det første leveåret, i tillegg til å utdjupe Stern si forskning på tidleg kommunikasjon mellom mor og barn. Dessutan er Stern sine resultat av forskinga på spedbarnet sitt første år og utviklinga av den kommuniserande evna og samspillet til mor svært viktig, i samband med mitt eige materiale som eg vil diskutere opp i mot dette.

"The emergent relatedness", eller "det gryande sjølvst", som eg har oversatt det med, oppstår i følgje Stern dei første 0-2 månadene av barnet sitt liv, og i løpet av desse to månadene dannar spedbarnet seg ei aktiv oppfatning av eit gryande sjølv. Det er ikkje snakk om ei samanhengande oppfatning av sjølvst endå, men den er på veg og utviklinga skjer i samspel med omsorgspersonane til spedbarnet, som oftast mor. Dette samspelet framkallar affekter, sensomotoriske erfaringar, minne og andre inntrykk.

Barnet har evne til å integrere ulike sanseintrykk, og denne evna er medfødt hevdar Stern. Det inneber at barnet får direkte opplevingar i form av intensitet, rørsle, form og rytme som er karakteristisk ved menneske. I tillegg kan andre opplevingskvalitetar som Stern kallar "vitality affects", eller vitalitetsaffekter som det står oversatt med på dansk, oppstå i møte med andre menneske, og desse kan sjåast på som ei form for indre opplevingar av intensitet og spenning. I samspill med mora er desse kjenslene heile tida til stades, og dei heng saman med vitale livsprosessar som det å puste, vere svolten, å sovne og vakne.

Spedbarnet har også evne til å konstruere samanhengar i denne fasen, i tillegg har barnet moglegheit til å sanse samanhengar direkte gjennom kryssmodal persepsjon. Barnet sitt gryande sjølvst treng hjelp til å regulere intensitet, rytme og tempo av den stimuleringa barnet utsetjast for. Overveldande stimulering kan føre til at barnet reagerer med angst, og at læringsevna går ned. Som i eit musikalsk samspill, der det krevst sensitiv tilrettelegging og synkronisering av rytme og modulering av intensitet.

Mating, soving, skriking og trøsting er det livet består av i denne første fasen, og den interaktive hovudoppgåva her er regulering av matinga av barnet, våk og søvn periodar og aktivitetssyklusar. Hovudvekta av den sosiale samhandlinga skjer rundt og i desse aktivitetane. Man kan sei at desse sosiale handlingane er foreldra sin småprat, nynning og smil, og barnet si småpludring og kroppslege uttrykk ofte er for å roe og regulere desse daglegdagse hendingane, sjølv om dei sjølvst er verdifulle i seg sjølv. Det er reguleringa av desse aktivitetane som er av interesse. For eksempel kan mora styre barnet si opphissing og aktivitetsnivå ved hjelp av signalar frå

barnet. Det er her at ein kan observere tendensar i foreldra eller barnet sin respons, sensitivitet, temperamenttilpassing, overkontroll, underkontroll osv.

Den neste fasen, "core relatedness", eller "opplevinga av eit kjernesjøl", varer frå ca. 2-7 månader. Ved to månaders-alderen skjer det ei kvalitativ forandring med barnet, som i følgje Stern er nesten like stor som sjølve fødselen. No kan ein oppnå blikkontakt med barnet og ein registrerer hyppigare smil. Smila har no ei sosial forankring, og barnet byrjar dessutan å pludre.

Blikkontakt er ei sterk form for kommunikasjon, og i 3-6 månaders alderen tek barnet sjølv kontrollen over byrjingar og avslutningar på direkte visuell kontakt i samband med sosiale aktivitetar. Spedbarnet er i stand til å regulere deira eiga stimulering gjennom nettopp blikkadferd og sosial kontakt heilt analogt med det dei gjer omtrent ni månader seinare gjennom å gå vekk frå mor, og gå tilbake til henne. Barnet går no inn i ei interpersonell relatering med eit meir organisert perspektiv. Det har ei oppfatning av seg sjølv som ein fråskilt og samanhengande storleik med kontroll over eigne handlingar. Dermed opptre omgivnadene seg ovanfor dei som om dei er heile personar som "eig" sine eigne kjensleuttrykk.

Ansikt-til-ansikt-interaksjonen, ein sosial interaksjon utan leikar eller andre ting, er altså den viktigaste kommunikasjonen i denne fasen. Barnet sine medfødde preferansar for det menneskelege ansiktet, stemme, berøring og rørsle kjem sterkt til uttrykk. (Stern viser her til linken mellom den prenatala og den neonatale kommunikasjonen som DeCasper snakkar om.) Ingenting kan konkurrere ut desse menneskelege stimuli når det gjeld å tiltrekkje seg og behalde barnet si interesse.

I denne perioden observerer vi den same tendensen i leiken som ein tidlegare har observert i den første reguleringsfasen. Om mora til dømes var overkontrollerande under matinga av barnet, vil ho no overregulere ansikt-til-ansikt-dialogen. Ho vil kanskje initiere dei fleste ansikt-til-ansikt dialogane, og dessutan også regulere intensiteten av interaksjonane etter hennar eigne kjensler. Det vert mora som bestemmer når interaksjonen skal slutte. Om barnet viser teikn til å ville avslutte interaksjonen ved å flytte blikket bort frå henne, vil ho truleg bestemme seg for å ikkje respektere dette og krevje barnet si interesse tilbake, akkurat lenge nok til at ho sjølv får avslutte interaksjonen.

Stern skildrar fire aspekt ved opplevinga barnet har av seg sjølv som ein skilt og samanhengande storleik. Nemleg opplevinga "self-agency", "self-coherence", "self-affectivity" og "self-history". (Eg har oversatt desse begrepa med sjølvhandling, sjølvsamheng, sjølvaffektivitet og sjølvhistorie.) Opplevinga av sjølvhandling har samheng med det å ha styring over og eige sine eigne handlingar, og ikkje andre sine. Det inneber også ei forventning om konsekvensar. Opplevinga av sjølvsamheng inneber å forstå at ein er eit fysisk heilt vesen med grenser, og ikkje enkle stykker, og at denne

heilskapen er utgangspunkt for samanhengande handlingar. Sjølvaffektivitet er ei oppleving av indre kjenslekvalitet eller affektar, og ei oppleving av at desse følgjer mønster som har samheng med andre sjølvopplevingar og at der er ein samheng mellom desse. Her er samspelet med den voksne heilt sentral for barnet. Opplevinga av sjølvhistorie er kjensla av ein tidsdimensjon og av samheng i tid. Ein viktig forutsetning for å kunne oppleve dette, er sjølvsgat minnet.

Den gjensidige styringa, eller reguleringa av samspelet, gjev spedbarnet ei omfattande oppfatning av å kunne regulere sitt eige spenningsnivå. Samtidig er det med på å regulere omsorgspersonen sitt stimuleringsnivå.

Eit omgrep som har ein svært sentral plass i Stern si forståing av interaksjon, særskilt i det førspråklege samspillet, er omgrepet "affect attunement", oversatt til norsk som affektiv avstemning eller inntoning. Stern hevdar at affektiv avstemming er ein særskild form for intersubjektivitet.

Affektiv afstemning er altså udfølelsen af adfærd, der udtrykker følelseskvaliteten i en fælles eller meddelt affektiv tilstand uden at den indre tilstands nøjagtige adferdsmæssige udtryk efterlignes.

(Stern 1991)

Affect attunement kan forklarast som ei form for imitasjon som går utover det vi eigentleg forstår som imitasjon. Det som gjer affektiv inntoning så viktig i samspelet er at det gjer samspelspartnarane ein moglegheit til å vise til indre tilstandar, mens imitasjon fokuserer på den synlege åtferda. For mens imitasjon gjengir form, gjengir avstemming kjensle. Affektiv inntoning kjenneteiknar ikkje berre det tidlege samspelet, det er også eit fenomen som kjenneteiknar all menneskeleg samhandling, og det er særskilt meiningsfullt i nære relasjonar.

"Intersubjective relatedness", eller "opplevinga av eit subjektivt sjølv" er ein fase som tek plass ved ca 7-16 månader. Rundt sju månaders alderen byrjar barnet å oppdage at det har eit medvit, og at andre omkring også har det. Gradvis opplever spedbarnet at indre, subjektive opplevingar som intensjonar, kjensletilstandar og fokus på merksemd kan delast med andre. Dei oppdagar at det er mogeleg å involvere andre i sine indre, subjektive opplevingar. Det samspelet som no utviklast, inneheld nonverbale signal som uttrykkjer gjensidig samvær og reaksjonar på andre sine handlingar.

Spedbarnet har ein klar intensjon om å ville kommunisere, ikkje berre påverke eit anna menneske, og det er nettopp dette som ligg i omgrepet intersubjektivitet. At der er ein bevisst søken etter involvering i opplevingar som vedrører hendingar og ting. På grunn av at barnet framleis er pre-verbalt, må dei subjektive opplevingane barnet kan gjere andre delaktige i vere slik at dei ikkje forutset ei "oversetjing" til eit verbalt språk. Det er difor

tre mentale tilstandar som er av stor verdi for det interpersonelle univers: felles oppmerksomheit, felles intensjonar og det å dele affektive tilstandar.

Når barnet er rundt ni månader, kan det merke samsvar mellom deira eiga affektive tilstand og dei affektive uttrykk dei ser i mor sitt ansikt. Affektiv avstemning er sentralt i intersubjektiv kommunikasjon. Det tyder at barnet og den vaksne tilpassar seg kvarandre, dei tilpassar seg kvarandre sitt tempo, rytme og intensitet. Den affektive avstemninga gjengir andre sine kjensler, i motsetnad til imitasjon som gjengir form.

Ni månader gamle spedbarn er i stand til å følgje ei peikande hand og den imaginære lina mot målet. Barnet er i stand til å ha felles oppmerksomheit med omsorgspersonen og den søker mora sitt blikk for å få ei stadfesting på at målet er nådd.

"Verbal relatedness", eller "opplevinga av eit verbalt sjølv", oppstår mellom 16-36 månader. Ved 18 månader har barnet utvikla evna til å sjå objektivt på seg sjølv, og no veit barnet at spegelbiletet deira er eit bilete av seg sjølv. Gjennom ulike formar for lek og andre sine ord, vert barnet si symboliseringsevne utvikla. Det verbale språket representerer eit nytt strukturerte subjektivt perspektiv, og det opnar opp for eit heilt nytt relateringsdomene for barnet. Språket gjer det også mogeleg for to menneske å skape felles tydingsdanning som berre kan eksistere ved ord. Dessutan gjer språket det mogeleg for barnet å byrje å skape ei historie om sitt eige liv.

Men språket driv samtidig ei kile inn mellom to samtidige former for interpersonell oppleving, slik som den vert levd ut og slik den blir representert verbalt, hevdar Stern. Språket fører til ei spalting i opplevinga av sjølv, for implisitt i språket ligg ei relatering på det upersonlege og abstrakte nivå. (1991).

I følgje Stern vil vi alltid bere med oss dei fire stadia vi går gjennom på veg mot eit verbalt sjølv som barn. Vi spring ikkje frå eitt stadium til eit anna. Piaget beskriv fire stadium i den intellektuelle utviklinga vår som periodar som kjem etter kvarandre (Imsen 1991), medan Stern meiner at vi ber med oss summen av alle erfaringar vi gjer oss i livet. Alle stadium lever med oss og i oss, og aukar bredda og djupet i måten vi forstår verda på og måten vi sansar den på. Difor er alle dei fire fasane i utviklinga av opplevinga av sjølv viktige for læringa og utviklinga vår.

Gjennom sin sjølvteori viser Daniel Stern at det pågår ei enorm innlæring og utvikling hos spedbarnet i løpet av det første leveåret. Spedbarnet er predisponert til å søke og engasjere seg i innlæringsmoglegheiter, og sjølvoppfatninga er eit biprodukt av den generelle innlæringsevna. I samspel med sine omsorgspersonar vert spedbarnet i stand til å oppleve seg sjølv, meiner Stern.

Mora går inn i meiningsfulle samspel som startar allereie ved barnet sin fødsel. Ho fortolkar alle åtferdsmønster frå barnet, det vil seie at ho tillegg dei meining. Det kan virke som ei slags opptakt til samspelet, for når barnet er i stand til det, vert meiningsdanninga noko som skapast felles og gjensidig.

Det er nokre premissar som må ligge til grunn for at ein intersubjektiv utveksling skal kunne finne stad, hevdar Stern. For det første må foreldra vere i stand til å avlese spedbarnet sin kjensletilstand ut i frå barnet si ytre åtferd. Dessutan må foreldra utvise ei åtferd som på ein eller annan måte korresponderer med spedbarnet si ytre åtferd. I tillegg må spedbarnet vere i stand til å avlese den korresponderande reaksjon frå foreldra som oppstod med utgangspunkt i barnet si opphavlege kjensleoppleving.

Både Stern og Trevarthen, som eg kjem tilbake til om litt, brukar musikalske termar når dei skildrar det som skjer i samspelet mellom mor og det nyfødde spedbarnet. Stern forklarar dynamikken i vitaliseringsaffektane med crescendo og decrescendo, og den affektive avstemningen omtalar han som ein dans. Denne dansen inneheld tempovariasjon, rytme, intonasjon, form, intensitet og forlaup. Trevarthen skildrar "timinga" i samspelet som noko musikalsk. Mor og barn vekslar på å styre samspelet ved hjelp av pausar, rytme og tempo.

Daniel Stern har hatt stor innverknad på forskinga omkring spedbarnsutvikling og korleis utviklinga av sjølvstendig spelar inn når det gjeld læring og kommunikasjon. Eg har her gått gjennom det eg ser som dei viktigaste resultatane og informasjonen ein får frå Daniel Stern når det gjeld utviklinga av spedbarnet det første året, og ikkje minst korleis kommunikasjonen mellom mor og barn utviklar seg samstundes.

*) Når det gjeld Daniel Stern og bøkene hans vil eg leggje til at eg har lese desse bøkene først og fremst på dansk og norsk. Dette har eg gjort fordi eg synest fagspråket vart for vanskeleg på originalspråket. På grunn av dette har eg skrive sitat og nokre originalbegrep på dansk eller norsk i dette avsnittet. Eg har også lese originalutgåva i ettertid for å vere sikker på at oversetjinga til dansk og norsk stemmer overeins. Det var lettare å få med seg samanhengen etter å først ha lese utgåva på mitt eige språk.

2.4. Colwyn Trevarthen

I løpet av dei siste 20 åra har ein i spedbarnsforskinga kunne dokumentere at samspelet mellom mor og det nyfødde barn er ein viktig forutsetning for barnet si utvikling og læring. Colwyn Trevarthen har på mange måtar representert denne grunnleggjande dreinga i synet på det nyfødde barnet som kommuniserande vesen dei siste åra. Denne dreinga har gått frå biologien si oppfatning av den nyfødde som ei reint fysisk organisme med store utviklingsmoglegheter, til den humanistiske psykologien si oppfatning av spedbarnet som eit sjølvstendig, sosialt individ. (Bjørkvold 1991)

Både Colwyn Trevarthen og Daniel Stern står i ei særstilling i denne forskinga. Dei set fokus på den aktive rolla spedbarnet har i si eiga utvikling, og dei meiner begge at spedbarnet frå første stund går inn i eit non-verbalt samspel med mor si. Spedbarnet er altså ikkje ein passiv mottakar av stimuli, men gjennom det tidlege samspelet, eller interaksjonen, er det ein gjensidig påverknad mellom mor og barn.

Sjølv om både Stern og Trevarthen har forska på kommunikasjonsevna til barna etter fødselen, viser dei begge til denne linken frå fostertilværet til nyfødt barn som DeCasper har teke for seg. Begge viser til at evne til samspel ligg koda i barnet, allereie før fødselen.

Colwyn Trevarthen har forska på interaksjon i over 30 år. Trevarthen skriv i ein artikkel at det mest sentrale ved barnet si utvikling er det sosiale samspelet, og at den intellektuelle og språklege utviklinga byggjer på nettopp dette samspelet. Trevarthen hevdar at det er barnet si kjenslemessige tilknytning til foreldra sine, eller omsorgspersonen, som dannar grunnlaget for denne utviklinga.

Trevarthen sitt forskingsmateriale består i hovudsak av video-opptak av mor og barn i samspel. Gjennom mikroanalyse har han kunne sett på kva som skjer i desse situasjonane, og han har vore særskilt oppteken av stemme og rørsle. I tillegg har han vore svært oppteken av mor sin song for barnet. Trevarthen viser at spedbarnet er ein likeverdig kommunikasjonspartner med mor frå det er heilt nyfødt, og han samanliknar organiseringa av kommunikasjonen deira med musistarar i kammermusikalsk duett.

Trevarthen set eit skilje i sitt forskingsmateriale mellom "primary and secondary intersubjectivity", eller primær og sekundær intersubjektivitet som eg har oversatt det med. I den "primære intersubjektiviteten" vert barnet sin grunnleggjande motivasjon understreka, og det er nysgjerrig etter å ta del i andre si verd. Målsetjinga er å skape ein meningsfylt dialog mellom to aktivt deltakande partnerar. Ein slik dialog startar med blikkontakt. I tillegg utviklar mor og barn ei heilt privat kodeforståing som består av lydar og rørsler, som har eit meningsfullt innhald berre dei to forstår. Eit slikt samspel må tyde at spedbarnet har ein medfødt intersubjektiv kompetanse, hevdar Trevarthen.

Den "sekundære intersubjektiviteten" flyttar fokus frå ansikt til ansikt kommunikasjonen, over til fokus på objektet. Når spedbarnet utviklingsmessig når fram til den sekundære intersubjektiviteten, er det mogeleg å samhandle med objekt for mor og barn, noko som også inneber "gi-og-ta leikar" med andre objekt.

Intersubjektivitet er den gjensidige utvekslinga av affektive handlingar som svar på nærvær og henvending frå den andre, seier Trevarthen. Og som den viktigaste indikatoren for interaksjonen, set han det affektive systemet. Trevarthen er ein av fleire som har sett søkelyset på den tydinga emosjonane

har for sosialt samspel mellom menneske. Han ser på emosjonane som noko medfødt som naturleg regulerer tilstandar i oss. Emosjonane har ein biologisk konstitusjon, og Trevarthen meiner at dei har som funksjon å gje retning til persepsjon, aktivitet og læring. Dei kan gjere dette fordi dei representerer ein medfødt basal organisering og reguleringsmekanisme. Trevarthen ser difor emosjonen sin konstitusjon som fundament for den intersubjektive kommunikasjonen.

Emosjonar kan delast av dei involverte personane umiddelbart, noko som er karakteristisk for det gode, sosiale samspelet som kan oppstå mellom mor og barn. Eit anna karakteristisk trekk ved emosjonane er at dei kan endre kjensletilstandar og motiv hos dei som er involvert. Dei påverkar gjenkjenning, dei påverkar om åtferd vert gjort synleg eller ikkje og dei påverkar forsvar-og angrepsåtferd.

I motsetnad til for eksempel Piaget, meiner Trevarthen at det er barnet si kjenslemessige tilknytning til sine næraste som er grunnlaget for barnet si utvikling. Piaget meiner derimot at læring er eit resultat av det mennesket gjer med stimuleringa, og ikkje eit resultat av kva stimuleringa gjer med mennesket.

Trevarthen er også oppteken av den "timinga" han finn i dialogen mellom mor og spedbarn. Denne "timinga" har ei særleg evne til å strukturere utviklinga av mennesket sitt dialogiske sinn. Mor og barn svingar i ei felles rytme og styrkar gjennom den kvarandre sin identitet. Jon-Roar Bjørkvold skriv om nettopp denne timinga som Trevarthen meiner er særeigen for mor og barn:

Rytmiske og melodiske trekk i morens spesielle babyspråk (motherese) viser at moren gir spedbarnet en ledende puls, på mange måter som når en dirigent tilkjenner rytmen med en spesiell rutinebevegelse med taktstokken, etter å ha påkalt oppmerksomhet ved å slå på dirigentpulten. Når moren og spedbarnet "kjenner det svinger" i kommunikasjonen, kan de begge være helt inneforstått med grunnpulsen, i alle fall for noen få takter. Dette kan føre til utsøkte overlappinger eller initiativskifter som ligner svært på de innebygde vekslingene mellom ulike musikere. Desse første samtalene ("protoconversations") skaper musikalske deltagerformer, der det felles tempoet tenderer mot en langsam andante eller adagio.

(Bjørkvold 1991)

Også det "babyspråket" som mor og barn utviklar saman har musikalske aspekt. Bjørkvold kallar dette eit spesielt "musikalsk morsmål", og det blir lokka fram hos mor i møte med barnet. Spedbarnet er "instrumentet" som set mor i sving. Vert instrumentet borte, går mor straks over i ein annan toneart.

Mora er med andre ord avhengig av barnet sin merksemd og gjensidighet i samspelet for sjølv å kunne være i det. Denne form for "motherese" som Trevarthen kallar det, er essensiell når det gjeld den kommunikasjonsmessige utviklinga hos mor og barn. Den er og viktig for å få den spesielle dialogen der mor og barn er eitt, som ei symbiose, slik dei var når barnet endå var inne i mor sin mage og mora snakka med sitt ufødde barn.

I Trevarthen sin artikkel "The concept and foundations of infant intersubjectivity" (1998) skriv han om teorien og observasjonane han har kome fram til dei seinare åra i ei meir kronologisk rekkjefølgje. Han oppdaga at spedbarnet allereie ved fødselen hadde ein samanhengande og konsekvent intensjon og eit aktivt medvit. Han har sett at desse nyfødde barna viser eit mønster av ein integrert rytmisk koordinasjon av auge og hovud. Dei nyfødde kan løfte hendene til hovudet og til augene i ei rørsle som verkar bevisst, samt også å ta hendene til munnen i den same typen rørsle.

Vidare skriv Trevarthen at ein måned gamle babyar kan sende ut ulike mønster av oppførsel til personar og objekt. Dei lyttar til og ser på personar som viser ulike typar av kjensler retta mot dei, og dei er også klar over andre si merksemd som er retta mot dei. Dette er det same som Stern snakka om i den same fasen, at barnet startar å fokusere på objekt med interesse og "halde på med" ting (doing with things, som begge forskarane kallar det), og kommunisere med personar og ha ein dialog med dei. Trevarthen påpeikar at dette ikkje er refleksar eller mekanismar som vert triggja av direkte stimulans, men at spedbarna rett og slett forholder seg sensitive til mønster hos personar med dynamiske motiv gjennom mange ulike kjenslestemningar.

Det neste steget som Trevarthen skildrar er gjennom dei første seks månadene av barnet sitt liv. Trevarthen seier her at i denne fasen fører kommunikasjonen med personar til ei utvikling i kommunikatív ferdigheit og ein ekspressiv gjengjelding, før spedbarnet kan utføre effektive manipuleringar av objekt. Desse "proto-konversasjonelle" motiva regulerer effektivt utviklinga og læringa før noko anna konsept av objekt representerer framhenting av fysiske ting vert brukt, eller intellektuelt granska.

"Timing" som Trevarthen ofte snakkar om mellom mor og barn, komplimentert med det kjenslemessige uttrykket i proto-konversasjon ved 2- til 3-månaders alderen, førebur barnet vidare til språkleg kommunikasjon. Dette skjer ved å frambringe meininga til barnet ved å praktisere ikkje-verbale former for ansikt, stemme og gestikulasjon uttrykk i interaksjon med partneren, som tilbyr gjensidig, sympatisk menneskeleg respons.

Gjennom dei neste seks månadene er det bevist at dei ulike intensjonane til spedbarn retta mot personar og objekt, gjennomgår ein systematisk alder relatert integrering som leder til ei felles interesse i formålet med objekt og hendingar i ei felles atmosfære. Etter ei utruleg utvikling ved ni-månaders alderen, skjer det no at barnet viser interesse og ei merksemd mot eit objekt saman med ein annan person.

Observasjonar rundt denne alderen viser at leikeaktigheita til barnet har vist familiemedlem veg inn i eit systematisk ritual av kroppsuttrykk og stemmebruk. Først i leik mellom person til person som inneheld humoristisk spøk og ei slags erting i "gøy-me-finne" episodar, til ei bevisstgjerung av leikar i ein leik med to personar med eit objekt i tillegg. I denne alderen viser barn i familiesamanheng eit medvit av seg sjølv og andre i desse ritualiserte leikane, medan i kontakt med menneske utanfor ein familiesamanheng vil barnet vise frykt og mistillit.

Vidare skildrar Trevarthen i artikkelen sin den verdien kjensler er for reguleringa av interpersonell kontakt og relasjonar. Dette var korte samandrag frå Trevarthen si forskning, som strekkjer seg over 30 år og er difor svært omfattande. Ut frå det har eg valt å ta med hovudpunkta og essensen av forskinga hans, og så vil eg kome tilbake til detaljar omkring arbeidet hans når eg diskuterer mitt eige materiale.

2.5. Stein Bråten

Frå boka si *Kommunikasjon og samspill* (1998) startar Bråten med å stille eit spørsmål som står sentralt i forskinga hans:

Kan førverbale samspill med spedbarn og deres delaktighet omsorgsgiving fortelle oss noe om grunnleggende kjennetegn på verbale samspill?

Stein Bråten er vel den nordmannen som er mest kjend for forskning på spedbarnskommunikasjon. Bråten har studert menneskeleg kommunikasjon i meir enn 40 år, og byggjer materialet sitt på både observasjonar og analysar av video-opptak og ulike autentiske samspelsituasjonar mellom mor og barn og andre forskar-kollegaer sine observasjonar.

Bråten er oppteken av kroppsspråk og deltaking under førverbale og nonverbale samspel. Han hevdar at medan førverbale samspel er verksame i kraft av kroppsspråk med gjensidig utfyllande rørsler og samstemte kjensleuttrykk, opnar det verbale samspel for gjensidig forståing i kraft av ei felles symbol- og meiningsverd og forestillinga om andre sine tankar og kjensler. Men til og med den språklege samtala vert understøtta av prosessar som byrjar å gjere seg gjeldande allereie under dei første førspråklege samspela.

I alle former for verbale og nonverbale samspel, hevdar Bråten, er det verksamt eit underliggjande system som gjer opphav til kjenslemessige prosessar i ein umiddelbar forstand. Kroppsstillingar og rørsler, ansiktsuttrykk og minespel, lukter og lydar, tonefall og stemmeleie er blant dei forholda som vert sansa direkte, og som påkallar kjenslemessige oppfatningar i ei spontan

og ureflektert forstand. Difor er "følelsesdomenet", som Bråten kallar det, ikkje berre eit innanpersonleg domene, det dreier seg om mellompersonlege prosessar. Slike uttrykk for holdningar og kjensler spelar ei stor rolle i dei første førverbale samtalane med spedbarn.

Bråten hevdar, ut i frå både eige og andre sitt forskingsmateriale, at nyfødde kan ta etter voksne sine ansiktsuttrykk og gestar allereie den første timen etter fødselen, og vert snart i stand til å delta i gjensidig dialog- og danseliknande samspel med ein omsorgsgjevar. Erfaringar frå fosterlivet med å lytte til og lee seg i rytmisk samspel med mor sin kropp førebur nok noko for dette, meiner Bråten, men den nyfødde sitt ansikt-til-ansikt møte med mora og andre menneske byr på noko nytt i forhold til fostertida sine opplevingar. Likevel kan til og med for tidleg fødde spedbarn nokre gonger gå inn i fine og vare samspel med omsorgsgjevaren forut for det tidspunktet då fødselen normalt skulle ha skjedd. Bråten meiner her at på grunn av desse observasjonane, må spedbarn ha nokre medfødde preferansar til samspel.

Bråten viser til eiga forskning der han har observert at den første timen etter fødselen er nyfødde normalt usedvanleg vakne og søkjande etter kontakt, og ikkje berre etter bryst og mjølk, som nokre hevdar. Dette viser seg på ulike måtar, blant anna kan babyen ta etter ansiktsgester, for eksempel å strekkje ut tunga, og til og med til forsøk på å etterlikne lydar. Dette er videodokumentert i spedbarnsforsking, sjølv med spedbarn som er under ein time gamle.

Som sagt har den nyfødde erfaring frå å røre seg i rytmisk foreining med mor sin kropp. Men det å ta etter ansiktsuttrykk som vert vist av andre for første gong, og til og med at den nyfødde brukar tid før etterlikninga kjem, har framstått som eit mysterium i lys av tradisjonelle teoriar om spedbarn sin uferdigheit og utvikling. Verken prenatal erfaring eller instinkt med medfødde utløysermekanismer har vist seg å kunne forklare variasjonsrikdomen i rørsler i finstemd samordning og etterlikning, som visast i tidleg ansikt-til-ansikt kontakt.

Ein annan ting Bråten er svært interessert i, er den måten spedbarn viser deltaking i omsorgsgjevaren sine handlingar, som for eksempel å gje mat til barnet. Når spedbarn prøver å vise omsorg ovanfor ein annan som treng hjelp eller trøst, oppviser dei det vi kallar prososial åtferd. Når denne hjelpa går på kostnad av barnet sitt eige ve og vel, som for eksempel når eit barn som held på å ete og framleis er svolten tilbyr seg å gje avkall på maten og la ein annan få ete, snakkar ein om altruistisk åtferd. Samtidig er det deling av mat med andre som utfaldar seg under eit måltid, som er heilt grunnleggjande både sosialt og omsorgsmessig. Det fortel om spedbarn sin sosiale natur når foreldre og omsorgspersonar kan oppleve at spedbarnet som dei gjer mat til, sjølv tilbyr den vaksne å få ta del i etinga.

For eksempel, når eit barn som vert mata tek ei skei og startar å mate den personen det sjølv får mat frå, har ikkje dette barnet berre sjølv opplevd å

verte mata, men det har også opplevd å vere delaktig i matinga frå mataren sin stad. Under ansikt-til-ansikt matinga inneber slik deltaking faktisk ei speilvending av den andre sine rørsler. Slik vert mating med skei sjølv når berre omsorgspersonen gjev maten ikkje ein einseitig gje og ta situasjon, men eit gjensidig opplevd samspel. På same måte som vår kroppskjensle er medfødt, tyder slike fenomen i tidleg spedbarnsalder på at vi også har eit medfødt grunnlag for å ta del i andre sine kroppsrørsler i ei gjensidig utfyllande og delaktig forstand, hevdar Bråten.

Bråten gjennomgår også, som mange andre forskarar på feltet, ulike trinn i kommunikativ utvikling og utfolding hos spedbarn han har kome fram til i si forskning. Dei trinna Bråten viser til, utan å vise til alder når dei ulike fasane set inn, er følgjande:

Det første trinnet er prega av kroppslig gjensidig kontakt med kroppsspråklege inntrykk og uttrykk for kjensler gjennom gestar, toneleie, kroppstillingar og rørsler som vert direkte sansa og som kan innby til finstemd oppfølging og etterlikning av kvarandre sine uttrykk og rørsler i affektiv samspel.

Det andre trinnet følgjer vidare med oppmerksomheitskontakt om objekt som er gjenstand for felles merksemd, og som innbyr til gjengjelding og imitativ læring av objekthandtering gjennom deltaking i den andre sine rørsler. (J.fr. eksempelet med mating med skei.)

Det tredje trinnet er prega av meningsfylt symbolsk samhandling gjennom verbale uttrykk og inntrykk, som vert meningsfylte i kraft av ei fellesspråkleg meningsverd. Og det siste trinnet handlar om stimulering av mentale prosessar i andre, gjennom tankemessige forsøk med modellar av andre sine sinn. Desse forsøka opnar for å føregripe og presentere andre sine forestillingar, tankar og kjensler, og som blant anna kan aktiviserast under språklege samspel der deltakarane har mistanke om at dei misforstår kvarandre sine ytringar.

Stein Bråten brukar ofte ordet protodialog, slik også andre som til dømes Trevarthen brukar det i forskinga si. Protodialog er det førverbale samspelet som oppstår med spedbarn, og som er en forlaupar til den muntlege dialogen som kjem seinare. Bråten viser til situasjonar han har observert av til dømes mødrer som står over barnet sitt på stellebordet, der barnet følgjer mora med blick og smil. Til og med følgjer barnet med om mora hevar den eine munnviken eller den eine armen meir enn den andre. Her ligg den potensielle kimen til dialog med andre, hevdar Bråten, der det ser ut til at det er eit medfødt grunnlag for det vi kallar protodialog i kjenslemessig fellesskap med andre, og som viser seg allereie under dei første leve-månadene. Bråten har under forsøka sine observert at det er ei gjensidig utfylling og oppfølging av kvarandre sine uttrykk og rørsler, der dei begge, både barnet og den vaksne, ventar i eit finstemt samspel og smett inn i kvarandre sine uttrykksrekkjer

utan avbrot eller kollisjonar. Dette er noko av det som kjenneteiknar denne protodialogen.

Ein viktig ting Bråten tek opp i sitt arbeide, er den situasjonen som oppstår når protodialog og den gjensidige kontakten vert forstyrra, til dømes når mora har ein fødselsdepresjon, noko som faktisk er meir vanleg enn vi trur. Bråten har stilt seg spørsmålet om kva som skjer med omsorgspersonen som er nedtrykt eller ramma av depresjon, og hevdar at dersom personen er sterkt nok deprimert forsvinn ikkje berre varmen og melodien ut av røsta, men personen er rett og slett ikkje i stand til å synge den barnesongen som kling så varmt og melodiest når stemningsleiet er eit anna. Tonefallet i koseprat med barnet vert endra, og røsta vert djupare og flatare. Til og med omsorgsrørslene endrar seg, og vert stivare og mindre kjærlege. Den deprimerte omsorgspersonen vert meir innvendt, og det viser seg ofte i måten barnet vert heldt på.

Kan så ein fødselsdepresjon få følgjer for barnet? Det er gjort forsøk som kan tyde på dette. Blant anna er det vorte samanlikna samspel mellom spedbarn som har mødre med fødselsdepresjon og spedbarn der mødrene ikkje lir av dette. Det trer fram forskjellar både i mangel på samspel og i barna sine reaksjonar på framande situasjonar ved ni månaders alderen, og ved oppgåveløysing ved atten månaders alderen. Det som er interessant er at det er ein kjønnsleg forskjell på korleis spedbarna handterer ein omsorgsperson med fødselsdepresjon, seier Bråten. Gutane klarar seg stort sett ikkje så godt som jentene i ein slik situasjon. Gutane føler at mor ikkje er interessert og dei dreg seg fornærma unna, medan jentene faktisk i spedbarnsalderen meir kan føle med mor si og ha ein sympati for henne midt i det heile. Dette gjer at følgjene for jentene vert mindre seinare, då dei ikkje tek det så personleg.

Det som skjer når ei mor har fødselsdepresjon, er at den spontane kjenslemessige inntoninga, som også Stern snakka om, vert avbroten. Dermed klarar ikkje mor og barn å "tone inn" til den andre sitt stemningsleie på ein spontan og umiddelbar måte. Det er endå ikkje gjort så mykje forskning på dette feltet, men Bråten viser til ei stor undersøking som har vorte sett i gang i Noreg på dette feltet, og reknar med at dette vert meir og meir eit fokus for forskning på spedbarnskommunikasjon.

Det som Bråten kanskje er mest kjend for når det gjeld forskinga hans innan spedbarnskommunikasjon, er oppdaginga av at fosteret inne i mor sin mage førebur seg på å møte ein samtalepartner. Bråten hevdar at spedbarnet når det er født allereie "kan" stemmen til mor, og har gjennom fosterstadiet førebudd seg på å møte mor si som ein samtalepartner, eller "an actual other" som han kallar det (1998). Etter fødselen, når barnet har fått møte mor og den nye nærleiken er vorte etablert, er mora som samtalepartner vorte "an actual other" som barnet med eitt har eit kjennskap til på grunn av denne førebuingsfasen inne i magen. Denne stemmen som barnet høyrer og brukar til å førebu seg, innan det vert født og kan forholde seg til mor som ein person, kallar Bråten "a virtual other". Denne stemmen kan på ein måte

samanliknast med den "indre stemmen" vi har med oss resten av livet, som ein slags samtalepartner.

Det vert også hevda at spedbarnet i mange tilfelle også gjer bruk av denne erfaringa om å "føre stille seg" ein samtalepartner som det gjorde i mor sin mage seinare. Til dømes er det ofte barn ikkje startar det verbale språket sitt med einstavellesord dei første månadene, og deretter går over til å utvide det meir og meir til to-stavelse setningar osv slik som er det mest vanlege. Derimot kan dei vere stille lenge etter at dei "burde" ha starta med sitt verbale språk til foreldra si store fortviling, og så plutselig opnar dei munnen ein dag medan orda og setningane trillar ut. Dette er eit teikn på at barnet har forestilt seg at det er med i samtalar og lært språket inne i seg, som med "a virtual other", medan det har førebudd seg på ein "actual", noverande samtalepartner som barnet endeleg kjenner seg fortruleg å samtale med.

Som sagt er Stein Bråten si spedbarnsforskning av stor omfang og blir vist til i uttalle høve. Dette var eit samandrag av arbeidet hans som er henta frå dei seinare åra som forskar.

2.6. Jon-Roar Bjørkvold

Jon-Roar Bjørkvold er professor i musikkvitenskap ved Universitetet i Oslo, og har i ei årrekke studert og forska på den musiske barnekulturen. Han baserer forskinga si på observasjonar i ulike miljøer der barn ferdist både i Noreg, men også i USA og Russland. Bjørkvold har ikkje sjølv forska direkte på spedbarnskommunikasjon og prenatal kommunikasjon, men han har studert temaet nøye, då forskinga hans byggjer på dette.

I boka si *Det musiske menneske* (1991) tek han for seg det musiske menneske heilt frå før fødselen til død, og det musiske menneske handlar om eit kommunikativt menneske i samspel med andre rundt seg. Dette er grunnen til at hans studie når det gjeld barnemusikk-kulturen, som baserer seg på tida heilt i frå fosterstadiet, har vore viktig for mitt eige materiale. Det er og grunnen til at eg synest det er viktig å ta med eit samandrag av desse studiane i oppgåva mi.

Bjørkvold tek i boka si først for seg dei musiske grunnelementa for alle menneske, som er prega inn i kroppen sitt sanseapparat lenge før fødselen, nemleg lyd, rytme og rørsle. Bjørkvold viser korleis ein frå tidlege tider har forstått kor viktig desse grunnelementa er for eit foster, til og med heilt tilbake til Platon sine "Lovene" snakkar han om kor viktig fysisk arbeid og rørsle er for den komande mor for å førebu fosteret.

Bjørkvold hevdar at fosteret, med god margin, reagerer på lyd frå 6. fostermånad med auka lydfrekvens. Det Bjørkvold her legg vekt på, er at lyd for fosteret ikkje berre er noko ein lyttar til. Dette på grunn av at lyden ikkje

berre treff øyret, men forplantar seg til barnet som vibrasjonar frå mora sin kropp- og beinsubstans gjennom fostervatnet, og treff heile barnekroppen. Det vert difor ei total kroppsleg erfaring for fosteret.

Bjørkvold hevdar at fosteret kan huske lydinntrykk frå i alle fall 8. svangerskapsmånad, og kanskje før. Han er her spesielt oppteken av denne linken eg har skreve om tidlegare som spesielt DeCasper har forska på, mellom prenatalt og neonatalt liv, der fosteret inne i mor sin mage vert førebudd på kommunikasjon etter fødselen. Bjørkvold snakkar om ein læringssamanheng frå mennesket sitt liv før fødselen til livet etter fødselen, nettopp på grunn av minnet om lyd.

Bjørkvold hevdar difor at barnet si språkopplæring startar lenge før fødselsaugeblikket, og sidan det er framfor alt mor si stemme som når fram til det ufødde barnet, er det bokstaveleg talt eit morsmål det dreiar seg om. Påverkinga inn mot fosteret kjem primært frå mora, og dette morsmålet som fosteret får i livmora er i tillegg eit musikalsk morsmål i ei begynnande form. Det er morsstemma sin musikk, tonefall, rytme, tempo og dynamikk som vil tyde noko for fosteret, og sjølvstykke ikkje orda og deira tyding.

Bjørkvold viser til at mora si stemme utan vidare vert oppfatta av fosteret, medan andre stemmer må opp i eit unaturleg høge decibelnivå for at fosteret skal høyre det. Dette skyldast at det krev høg lyd for at stemmen skal kunne bryte gjennom fostervatnet. Dette er ulikt det mange andre forskarar hevdar, til dømes Verny, at barnet også gjenkjenner far si stemme etter fødselen og at det difor er viktig at far og søsken snakkar så mykje som mogeleg til barnet medan det endå er i mor sin mage. Ein annan ting som er like viktig for fosteret der inne i magen, i følgje Bjørkvold, er at det øver opp ei annan evne også, nemleg evna til sosialt liv. Denne evna er like viktig for overleving og utvikling som den grunnleggjande sugerefleksen. Her er det atter igjen mor si stemme som er det musiske medium. Ei stemme som bygger bru og som gjer samanheng, ei gjenkjenning og ein tryggleik i overgangen frå foster til spedbarn. Bjørkvold skriv vidare:

Her tjener språkets musikk og sang fra fosterstadiet som selve innvielsesritualet til menneskets åndelige eksistens som kommuniserende, sosialt vesen. Like klart som den nyfødte begjærlig suger melk fra moren, like begjærlig, men mindre åpenbart, suger den nyfødte til seg morens stemme. Dette er et første sosialt og menneskelig forankringspunkt i alt det ukjendte. Slik skapes en type menneskelig kontinuitet fra indre til ytre liv.

Bjørkvold legg vekt på at ikkje berre lyd, men også fysisk rørsle spillar ei avgjerande rolle for mennesket si utvikling. Forsking kan påvise at kroppsørslar hos fosteret og den gravide mor, formar og modnar barnet sin hjerne. Bjørkvold viser til Klosovskij (1963) og russisk forskning, i tillegg til

DeCasper som fastslår at ytre påverknad er med på å forme mennesket allereie før fødselen.

Bjørkvold er oppteken av samanhengen mellom tida som foster inne i mor sin mage og livet utanfor magen etter fødselen, og at lyd, rytme og rørsle er av bærande tyding for mennesket heilt frå fosterstadiet. Han er også oppteken av den første tida etter fødselen, der barnet lærer å leve. Han viser igjen til denne linken frå fosterstadiet, og kor viktig den er for vidare kommunikasjon mellom mor og barn. Etter fødselen, med den prenatala erfaringa til grunn, stimulerer mor barnet og barnet stimulerer mora på ein måte som i produktivt menneskeleg samspel utløyser langt meir enn dei kan makte kvar for seg.

Han viser også til tidlegare forskning, blant andre Trevarthen, der han legg vekt på den strukturen som finnest i kommunikasjonen mellom mor og nyfødt barn og at spedbarnet er ein likeverdig kommunikasjonspartner med mora heilt frå første stund etter fødselen. Spedbarnet kan til og med ta initiativet og styre i dei første samtalan mellom mor og barn. Det er her snakk om ein heilt intern felleskode, ein primær intersubjektivitet, der mor og barn i si eiga kommunikasjonsverd utvekslar lydar og rørsler som berre dei forstår. Dette samspelet mellom mor og barn tyder på at spedbarnet allereie har ein intersubjektiv kompetanse i forhold til mora, eller ein såkalla medfødt intersubjektivitet.

Spedbarnet lærer raskt å bruke si eiga stemme allsidig i samspelet med mora. Frå to månaders alderen har spedbarnet lært å svare modent og nyansert når det snakkar med mora. Mange forskarar har påvist at spedbarnet snart beherskar eit heilt repertoar av stemmenyanse tilpassa ulike kjensler, hevdar Bjørkvold. Han er spesielt oppteken av det musiske i dette kommunikasjonsforholdet, og skriv mykje om mor sin song i forhold til barnet. Barnet tilpassar stemmen sin til rytme skiftingar og tempo i mora si stemme, og spesielt tydeleg vert dette i barnet sin reaksjon på mora sin song. Det vesle barnet vert gjerne i songen si rytme både stemmemessig og rørslemessig også etter at mora har slutta å synge. Bjørkvold hevdar her at det kan virke som om mor og spedbarn er utstyrt med ein felles metronom som styrer rørslemønster, rytme, tempo og puls innanfor ei fastjustert ramme, og at denne metronomen stammar frå den prenatala tida der barnet tileigna seg mor sine lydar og rørsler.

Som så mange andre forskarar, viser også Bjørkvold til ulike fasar på veg mot barnekulturen. I den første fasen, som nyfødt, dreier alt seg om det personlege forholdet mellom spedbarn og mor, og omverda er på dette tidspunktet langt utanfor barnet si rekkevidde. Men allereie frå tredje månad kan ein tydeleg sjå korleis også ting utanfor den innerste sirkel av mor-barn kommunikasjon tek opp barnet si merksemd. Den vaksne er ikkje lenger det einaste sentrum for spedbarnet si merksemd, og mor eller far representerer her ofte ein naudsynt, nærverande stimulans for spedbarnet sin lek med ting som er innanfor rekkjevidde. På dette stadiet er det vanskeleg for barnet å dele si merksemd. Enten snakkar barnet med den vaksne, eller leikar med ein

gjenstand. Å gjere begge delar på ein gong er vanskeleg i starten. Men mot slutten av det første leveåret meistrar også barnet dette, og barnet og den vaksne kan no gjerne dele merksemda om ein leike og samtidig snakke saman.

Allereie frå sju månaders alderen kan barnet spøke, lage rare lydar og grimasar og få vaksne til å le. Det er framleis språket sin musikk, altså måten og ikkje kva, som gjer kommunikasjonen til ei primær gjennomslagskraft. Frå det andre leveåret startar barnet si interesse å rette seg meir og meir mot andre, gjerne jamnaldrande barn. Her leikar to barn med den same gjenstanden i ein paralleleik der dei ikkje er kommunikativt i samband med kvarandre. Dei lever framleis i to avgrensa verder. I den neste fasen opprettast også ein felles relasjon og kommunikasjonen mellom barna i tillegg til at dei er opptekne av den same leiken. Vidare kan barna snart leike med to ulike leikar i ein og same felleisleik.

Mot slutten av andre leveår er framleis barna avhengig av den vaksne sin tryggleik og for at leiken skal gli må dei vite at dei vaksne er i naborommet. Deretter utviklar det seg raskt og frå tredje leveår vert dei meir uavhengig og meir interessert i fellesskap og leik med andre barn.

Dette var eit lite samandrag frå Jon-Roar Bjørkvold sitt arbeide og studie av kommunikasjon og samspel på fosterstadiet og dei første leveåra. Dette er grunnlaget hans for den forskinga han har gjort over barnemusikkulturen frå ulike land, og som er omfattande og kjent utover landegrensene.

2.7. Kva kan eg bidra med?

Etter å ha studert kva andre før meg har funne ut på dette feltet som gjeld spedbarnskommunikasjon og mor si påverknad av fosteret før det vert født, og grundig gått gjennom tidlegare forskning som har pågått dei seinare tiåra, kan ein spørje seg sjølv: Kva kan eg tilføre på dette området, og kva er særeige med mitt materiale og arbeide? Det skal eg freiste å gjere greie for her.

For det første har eg ei overtyding om at det alltid er sunt å setje spørsmålsteikn ved tidlegare forskning og prøve ut det som andre har sett fram som ei påvising, eller ein form for "sanning". Ein kan aldri finne ut nok om eit felt som er så breitt og særeige, spesielt når det gjeld mennesket som er så samansett og individuelt. Eg var nyfiken på om mitt barn vil kome til å følgje utviklinga og fasene som forskinga har funne ut at spedbarn går gjennom, og om eg kan stadfeste denne linken mellom det pre- og neonatale liv som fleire snakkar om. Vil mitt barn følgje "normalen"?

For det andre er det avvik også i denne forskinga, der ulike forskarar meiner å ha kome fram til ulike resultat angående same forsøk. Desse avvika synest

eg også er spanande å setje lys på, kva vil eg sjå sjølv når det gjeld mitt eige barn? Desse avvika eg snakkar om er til dømes spørsmålet om fosteret kan høyre andre stemmer enn mor si gjennom fostervatnet. Det vil seie at andre personar, for å sette det på spissen, kan ha den same rolla som mor når det gjeld den tidlege kommunikasjonen og utviklinga til spedbarnet. Sjølvsagt er det meir som spelar inn enn berre stemma, til dømes; rørlene og rytmar er også viktige aspekt. Likeins er det viktig å tenkje på at det er mor si stemme barnet vil høyre mest og er saman med 24 timar i døgnet. Likevel er det interessant om barnet også kan hugse far eller søsken sine stemmer etter fødselen, noko det er usemje om blant forskarane .

Eit anna slikt avvik er også kor tidleg barnet startar denne aktive medverkinga når det gjeld kommunikasjonen etter fødselen. Nokre meiner den startar med ein gong og at ein kan påvise etteraping den første timen etter fødselen, medan andre igjen hevdar at barnet denne første tida gjer seg van med mor som ein noverande kommunikasjonspartner, og at det tek tid innan blikkontakt og den førebuaende samtalen frå fosterstadiet tek plass. Dette er tema eg synest er spanande å sjå resultat av når det gjeld mi eiga forskning, og som eg synest er viktig å kaste lys over.

For det tredje synest eg det er viktig det eg har nemnt i dei to føregående punkt, nemleg at det er mitt eige barn eg har med å gjere. Eg har ikkje funne noko anna forskning der det er ei mor som sjølv tek i bruk sitt eige barn som "forskningsobjekt". Dette kan, som eg vil kome tilbake til, ha både fordelar og ulemper, men det er likevel eit spesielt utgangspunkt som ikkje andre har gjort før meg og som eg trur er grunn nok i seg sjølv til å skrive oppgåva. I tillegg til at det er mitt eige barn, synest eg det er ein fordel at eg er ei kvinne som forskar på dette feltet. Sjølvsagt har andre kvinner studert mor-barn kommunikasjon, men dei forskarane som har forska mest på dette feltet og som i fleire tiår har via livet sitt til dette, er stort sett menn. Eg trur det kan vere ulikskap både i måten å tenkje på og observere borna på når det gjeld menn og kvinner.

Det at eg som sagt er mora til "forsøksobjektet" og den personen som i følgje tidlegare forskning har mest innverknad og påverking på barnet både før fødselen og i det første leveåret, synest eg er eit spanande utgangspunkt. At eg kan kaste lys over tidlegare forskning og prøve ut mitt eige barn for å sjå at det held stikk, er ein unik utgangsposisjon og eit unikt felt å svare på.

Det å verte mor er noko unikt og noko som er umogeleg å skildre utan å ha vore gjennom det. Den kontakten som dei fleste av forskarane eg har vore inne på skildrar, som oppstår mellom mor og barn og det kjenslemessige og emosjonelle bandet som oppstår, er nesten ubeskriveleg. Når eg gjekk gravid, førebudde eg meg mykje på fødselen og at det skulle verte hardt i ettertid med amming og nattevåk. Det eg ikkje var førebudd på og som ingen hadde snakka med meg om, var den emosjonelle sida ved å verte mor. Dette er den sida av rolla som mor som eg synest har vore mest utfordrande og slitsamt, men i tillegg det mest fantastiske og lærerike. Aldri har eg forandra meg og

utvikla meg så mykje som person som då eg vart mor. Det tek fram heil nye sider ved ein som ikkje har vorte berørt før, og i den første tida etter fødselen, var det nesten ikkje rom for noko anna enn alle desse enorme kjenslene.

Desse kjenslene gjekk frå den eine ytterkanten til den andre ved ei enorm bekymring og ein angst for separasjon berre eg skulle gå ut døra, til ei glede og tilknytning som ikkje fanst maken til. Eg trur at denne sida er viktig å få med når det gjeld kommunikasjonen og samspelet mellom mor og barn. Dette er noko eg ikkje har lest om i noko av den forskinga eg har studert, og dette er noko eg i aller høgste grad trur eg kan tilføre med mitt materiale og mitt forskingsarbeid. Kva har desse kjenslene å seie for utviklinga i samspelet og kommunikasjonen mellom mor og barn, korleis kan dei enten hindre eller fremje denne utviklinga, og kva skjer om desse kjenslene blir sakna i samspelet? Dette er spørsmål som eg trur er viktige for oppgåva mi i tillegg til sjølve problemstillinga, og som eg vil kome tilbake til seinare.

3. Design og metode for forskningsarbeidet

3.1. Design

Med designen for oppgåva og forskningsarbeidet meiner eg det opplegget eg valte å utføre i samband med oppgåveskrivinga og som sjølv hovudoppgåva mi byggjer på. For å i størst mogeleg grad vere i stand til å svare på spørsmåla eg hadde stilt i problemstillinga mi, var det viktig å finne eit design for oppgåva som passa best mogeleg.

Det første spørsmålet eg stilte i problemstillinga var om barnet mitt kunne hugse ein song eg song frå tida i livmora, og gjenkjenne den etter fødselen. For å teste ut om eg sjølv ville erfare denne linken mellom prenatalt og neonatalt liv, begynte eg i samråd med rettleiar å synge ein bestemt song frå 22. svangerskapsveke. Eg valte "Den fyrste song" av Per Sivle, og song den to gangar kvar dag heilt frå 22. svangerskapsveke til den dagen dottera mi vart født, det vil seie i alt 18 veker. Eg song denne songen ein gong kvar føremiddag medan eg anten gjekk ein tur, eller sulla rundt i huset og gjorde husarbeid, og ein gong kvar kveld etter at eg hadde lagt meg og låg heilt stille i senga. Dette gjorde eg for at barnet både skulle høyre songen berre akkompagnert av hjerteslaga mine, og elles andre lydar det måtte høyre inne i livmora, men også med ei duvande rytme frå rørsle mine i tillegg.

I problemstillinga hadde eg også sett spørsmålsteikn ved om barnet inne i livmora, omgjeve av både fostervatn og kroppen til mor, også kan høyre andre stemmer enn mor si. Eller om denne linken eg har snakka om oppstår ikkje berre av di mor og barn er eitt i ei slags symbiose under svangerskapet, men også fordi akkurat mor si stemme er den einaste barnet høyrer inne i magen. Det herskar usemje om dette blant forskarar på området. Nokre meiner at andre stemmer må opp i eit utrueleg høgt decibelnivå for å nå fram, medan andre meiner at barnet høyrer stemmene som oppheld seg rundt mor utan problem, og at det også difor kan hugse og gjenkjenne stemmene til andre personar, som til dømes far eller eldre søsken.

For å finne ut av dette song også mannen min ein bestemt song tett inntil magen min. Han valte "Kjærleiksvisa" av Halvdan Sivertsen. Han song ikkje songen kvar einaste dag, men eg vil seie i gjennomsnitt annan kvar dag, på ettermiddagen når eg låg på sofaen og hvilte. I tillegg låg han med hovudet tett inntil magen min ein gong kvar dag og snakka slik at barnet, om dette var mogeleg, skulle kunne høyre det. Eg ville gjerne finne ut og sjå etter teikn på at barnet mitt hugsa og kunne gjenkjenne mannen min sin song etter fødselen, men mest av alt om det reagerte spesielt på mannen min si stemme når han snakka med det etter fødselen. Eg er sjølv sagt klar over at songen til mannen min også kunne ha påverknad på fosteret på andre måtar, nemleg gjennom meg sjølv. Det er klart at dei gongane mannen eg elsker låg inntil

magen min og song "Kjærleiksvisa" med si mjukaste røyst, fekk han meg til å både slappe av, men også ha kjensler som eg ikkje ville ha hatt om eg song denne songen sjølv. Dette kan ha påverka mine hormonar som igjen gjekk vidare gjennom morkaka og dermed hadde påverknad på barnet også.

Sidan eg sjølv er jazz-songar og under graviditeten song fast saman med andre musikarar, men også øvde mykje på eiga hand, er det klart at barnet eg venta fekk høyre mykje ulik song og mykje terping på enkelte musikkstykke. Eg var difor klar over at eg burde vere oppmerksom på om barnet mitt reagerte spesielt på nokre av desse songane i tillegg, men eg vil påstå at det var "Den fyrste song" som gjekk igjen for det meste og som eg song jamt under heile siste halvdel av svangerskapet. Dei andre songane eg song jamt var anten berre gjennom korte delar av svangerskapet, eller gjennom heile svangerskapet, men berre ein til to gongar i veka. Uansett, hovudpoenget mitt var om barnet eg venta hadde høyrte og memorert song frå svangerskapet, og gjenkjende den etter fødselen.

Den andre delen av designen for oppgåva og forskingsarbeidet, var at eg førte loggbok heilt frå tredje svangerskapsveke og fram til fødselen, det vil seie i alt 37 veker. (Eg førte også loggbok gjennom det første leveåret, men dette kjem eg attende til seinare.) Den første delen av svangerskapet, det vil seie frå 3. til 22. svangerskapsveke, førte eg logg over utviklinga i svangerskapet. Det vil seie når eg til dømes kjende liv, korleis eg sjølv kjende meg og kor ofte og når barnet lea seg. Frå 22. svangerskapsveke og fram til fødselen, etter at eg hadde starta å synge for barnet og var meir oppmerksom på at eg skulle bruke dette til forskingsarbeid, skreiv eg meir utfyllande logg. Det vil seie korleis barnet reagerte kvar gong eg song "Den fyrste song", eller når mannen min song eller snakka til det, men også rørsle- og sparkemønsteret generelt.

Etter fødselen song eg "Den fyrste song" berre timar etter at dottera mi vart født og fortsette jamt å synge den gjennom det første leveåret. Dei første vekene song eg kvar einaste dag og ofte to gongar for dagen, men det minka etter kvart som ho vart eldre og andre songar kom inn i biletet. Frå tre til seks månader song eg i gjennomsnitt songen annan kvar dag, medan frå seks til atten månader var det ca. to til tre gongar i veka. Mannen min song "Kjærleiksvisa" for henne meir sporadisk og ikkje innanfor noko visst system. Han song dei første dagane etter fødselen, men sidan berre eit par gongar fram til ho var fire månader.

Dette var det opplegget eller designen som oppgåva mi er bygd på, og som eg etter at dottera mi vart født kunne byggje vidare på og finne svar på dei spørsmåla eg hadde stilt meg i problemstillinga.

3.2. Metode

For å kunne gjennomføre dette og finne svar på dei spørsmåla eg har stilt meg, treng eg eit arbeidsreiskap – eg treng ein vitskapeleg metode. Holme og Solvang (1996) skildrar ein metode som eit reiskap, ein framgangsmåte for å løyse problem og kome fram til ny erkjenning. Alle midlar som kan vere med på å fremje dette målet, kan sjåast på som ein metode.

Før eg går vidare inn på kva som karakteriserer ulike metodar og kva for vitskapeleg metode eg sjølv vil bruke for forskingsarbeidet mitt, vil eg sjå litt nærare på dette med forskning. Eg kallar mitt eige arbeide på dette området for forskning, sidan kvar og ein som søker grundig etter klarleik i eit forhold eller ein samanheng, driv ei form for forskning eller fagleg utvikling. Forsking er å vere på leiting, og den nye kunnskapen førast vidare ved at den vert nytta og fortalt til andre. Olav Dalland (Universitetsforlaget 1993) skriv at det er mange som ikkje ønskjer å bruke uttrykk som forskning når det gjeld studentoppgåver, men at det er uhaldbart å avvise amatøren fordi den ikkje har full profesjonell utdanning til å forske. Han skriv vidare at dersom ein er villig til å underleggje seg dei krav metoden stiller, er det inga grunn til ikkje å prøve seg på ei undersøking, eller ei forskning. Eg tek meg difor den fridom å kalle arbeidet mitt for forskning, men legg vekt på at denne forskinga er kumulativ, det vil seie at den byggjer vidare på den forskinga som allereie føreligg på dette feltet og som eg har ei tillit til.

Det er to hovudformer for metodisk tilnærming ein skil mellom i samfunnsvitskapen i dag, den kvantitative og den kvalitative metoden. Dei kvantitative metodane har den føredelen at dei tek sikte på å forme informasjonen om til målbare einingar som igjen gjer oss mogelegheiter til å føreta rekneoperasjonar, som det å finne gjennomsnitt og prosentar av ei større mengde. Dei kvalitative metodane tek i større grad sikte på å fange opp mening og oppleving som ikkje let seg talfeste eller måle.

Både kvalitativt og kvantitativt orienterte metodar tek sikte på å bidra til ei betre forståing av det samfunnet vi lev i, og korleis enkeltmenneske, grupper eller institusjonar handlar og samhandlar. Utover dette felles målet er forskjellane ganske store (Holme og solvang 1991). Ordet kvalitativt viser til eigenskapane eller karaktertrekka ved fenomena, og kvalitativt orienterte metodar nyttast for å få data som kan karakterisere eit fenomen. Kvantitative metodar vert ofte sett opp som ein kontrast eller ei motsetning til det kvalitative. Dei kvantitative metodane gjer det mogeleg å samle data som kan skildre fenomenet ved hjelp av tal. Det er metodar der forskaren først systematisk skaffar seg samanlignbare opplysningar om fleire undersøkeseseningar av eit visst slag, og deretter uttrykkjer desse opplysningane i form av tal for å til slutt analysere mønsteret i dette talmaterialet.

Det vert enkelte gongar brukt uttrykk som "harde" og "mjuke" data om dei fakta som vert samla inn ved hjelp av kvantitative og kvalitative metodar. På denne måten vert forskarar som nyttar kvantitative data skildra som "tellarar", medan dei forskarane som nyttar kvalitative data vert kalla "tolkarar". På ein veldig forenkla måte seier dette noko om dei data og arbeidsmåtane som karakteriserer dei ulike tilnærmingane.

Tilnærminga til temaet for mi eiga hovudoppgåve er kvalitativ, fordi utgangspunktet for oppgåva er at eg ynskjer å skildre kvalitative sider ved den kommunikasjonen og samspelet eg og dottera mi har saman. Eg vil difor no ta føre meg ein del karakteristiske trekk ved den kvalitative metode med utgangspunkt i Halvorsen (1986) og Holme og Solvang (1991), og trekke fram nokre viktige særtrekk som kjenneteiknar og som generelt vert påpeika som fordelar ved denne metoden.

For det første er eit kjenneteikn ved den kvalitative metoden følsomheit, det vil seie at den får fram best mogeleg attgjeving av den kvalitative variasjonen av temaet. Eit anna pluss ved metoden er at den går på djupet og har difor mange opplysningar om få undersøkingseiningar, medan den kvantitative metoden legg vekt på det motsette. I tillegg får den kvalitative metoden fram det som er særeige, det vil seie det som er spesielt ved nettopp dette fenomenet, eller eventuelt avvikande. Fleksibilitet er også noko som karakteriserer denne metoden. Intervjua er prega av fleksibilitet utan faste svaralternativ, og observasjonane er ustrukturerte.

Eit anna stort pluss ved metoden er at det finnast ein nærleik til feltet som er unik, det vil seie at datainnsamlingane skjer i direkte kontakt med feltet. I tillegg er den kvalitative metoden oppteken av heilskap. Dei data som vert innsamla tek sikte på å få fram samanhengen og heilskapen innan det som vert forska på. I motsetnad til den kvantitative metoden som er oppteken av å forklare, er den kvalitative metoden oppteken av å formidle forståing. Forskaren har innan den kvalitative metoden ei deltakande rolle og forskaren ser også fenomenet innanifrå, det vil seie at han også erkjenner påverking og delaktigheit. Og sist men ikkje minst er det eit eg/du forhold mellom undersøkingspersonen og forskaren innan kvalitativ metode, det vil seie ein meir personleg tilnærming.

Sjølv om den kvalitative forskingsmetoden som vist her har mange føredelar, og særskilt når det gjeld forskingsområder som mitt eige felt som ønskjer å skildre det særeigne ved dette feltet, er det alltid ulemper ved ein metode, også den kvalitative. Steinar Kvale (2001) skildrar det han ser på eller høyrer andre meiner er ulemper ved den kvalitative metoden. Ei av desse ulempene er at resultata ofte kan vere prega av at dei er subjektive og partiske. Det vil seie at forskaren berre kjem med si tolking av fenomenet og korleis han ser dette, at ulike lesarar kan finne ulike meininger. Dette går nok på det som tidlegare er sagt om at forskaren ser på fenomenet innanifrå og at det er eit personleg eg/du forhold mellom forskar og forskingsobjekt. Det kan vere

vanskeleg å vere objektiv i ei slik setting og lettare å sjå sider ved fenomenet som ein ser, fordi ein kjenner så godt til det på eit meir personleg plan.

Ei anna side er at funna kan sjåast på som ikkje generaliserande nok og difor ikkje gyldige som "allmenn viten", då det er for få forskingsobjekt involvert. I tillegg vil ein med kvalitativ metode heller skildre det særeige enn det generelle. Dette går på at den kvalitative metoden ikkje ser på det som eit formål å lese forskinga av i målbare forhold, men vil heller sjå på dei kvalitative sidene. Det kan altså vere ei ulempe på nokre områder, alt etter som kva for ein ståstad ein ser det frå.

Eit minus ved metoden kan også vere at i og med at forskaren ser på fenomenet innanifrå og er ein sterk og personleg del av forskinga ved ein nærleik til feltet, kan forskaren ha lett for å påverke resultatet. Ikkje berre ved å sjå subjektivt på ting som eg har nemnt tidlegare, men ved å prøve å få fram funn ein svært gjerne vil sjå, og ikkje sjå det som eigentleg er der som andre kanskje ville ha sett. Dette gjeld nok mest med eksperiment ein vil prøve ut, at det kanskje nokre gonger hadde vore betre å la vere å eksperimentere og sjå kva som skjer av seg sjølv i staden.

Når det gjeld å samle inn data til oppgåva, har eg valt å bruke kvalitativ observasjon som metode. Eg har valt å vere ein aktivt deltakande observatør slik at eg difor sjølv inngår som ein del av feltet som skal studerast. Når det gjeld dette med observasjon der eg i mitt tilfelle var ein aktiv deltakande observatør, og skulle observere det nyfødde barnet mitt i samspel med meg sjølv og sjå på kommunikasjonen oss i mellom, dukka det opp ei side ved saka eg ikkje på førehand hadde tenkt på. Sidan eg og dottera mi gjennom svangerskapet hadde vore eitt, og begge hadde vore ein del av denne symbiosen eg har snakka om tidlegare, fortsette denne symbiosen etter fødselen også når det gjaldt observasjon. Eg observerte dottera mi, men på ein måte observerte ho meg tilbake. Det vart ein tosidig del av det å vere aktiv deltakande observatør. Johanne, som meg, vart også ein aktiv deltakande observatør i prosessen, og vi observerte kvarandre.

Eg kunne valt å observere andre mødrer med sine barn for å få ei anna rolle som observatør, det vil seie å vere passiv observatør i staden for aktiv. Men på den andre sida ville eg då gått glipp av dette underfundige med å observere eit fenomen eg sjølv er i ein slags symbiose med, og eg valte å sjå på dette som eit berikande innslag i forskingsarbeidet mitt. Når det gjeld andre, meir personlege områder ved metoden som gjeld mitt eige arbeide som kunne vere ei ulempe, vil eg kome attende til desse under sjølve analyse- og diskusjonsdelen av forskingsmaterialet mitt.

Tidlegare har det vore vanleg å bruke lydbandopptak som observasjonsmateriale i forskning. No for tida er det vorte meir og meir vanleg å bruke video-opptak, noko som eg også sjølv valte å bruke i mitt eige arbeide med å observere. Video er eit hjelpemiddel som har revolusjonert moderne vitskapleg observasjon av til dømes spedbarn. Som

forskinsinstrument for å utforske menneskeleg åtferd, særskilt førspråklege samspel, omtalast videokameraet som like viktig som mikroskopet var for forskning på "usynlege" organismar. (Stern 1991). Både Daniel Stern og Colwyn Trevarthen er sentrale eksempel på forskarar som har brukt video-opptak i sine studiar av interaksjon mellom foreldre og spedbarn.

Video-opptaka mine strekkjer seg i tidsrom frå det augeblikket Johanne vart født og fram til ho er ca. 18. månader, det vil seie omlag eitt og eit halvt år. Det er stort sett Levi, mannen min, som har filma samspelstundene av meg sjølv og dottera vår. Men det finnest nokre unntak der eg filmar mannen min saman med Johanne, eller eg har sett opp kameraet på eit stativ og det filmar oss utan nokon andre til stades. Det er dei første vekene og månadene som er best representert i video-opptaka. Dei første to døgn filma vi fleire gongar om dagen, så gjekk det over til eitt par gongar om veka. Den andre og tredje veka har eg ikkje nokre opptak frå, men det vil eg kome attende til seinare. Frå fjerde månad gjekk vi over til å filme litt sjeldnare, det vil seie omlag ein gong i veka, fram til eitt år, der vi gjekk over til å filme omlag to gongar i månaden. Grunnen til desse forandringane var at jo eldre Johanne vart, jo mindre vart forandringane i utviklinga hennar og i vår kommunikasjon.

Eg har til saman omlag seks timar med video-opptak av samspel og kommunikasjonsstunder med Johanne og meg sjølv, og i nokre tilfelle med pappa. Eg kan umuleg bruke alt dette materialet til analyse og diskusjon, og vil difor velje ut sentrale delar av opptaka som eg meiner representerer røynda. Desse utvala kjem eg også attende til i analyse-delen.

Video-opptaka var meint som ein slags kontrolleffekt til loggen, som eg også førte i det same tidsrommet. Eg begynte å føre loggbok allereie tre veker etter at Johanne var unnfanga, men størstedelen av materialet kjem frå tida etter fødselen og strekkjer seg fram til ho var eitt og eit halvt år. Loggboka følgjer på mange måtar syklusane til video-opptaka, på den måten at eg skreiv aller mest den første tida og at det minka seinare.

Dei første vekene skreiv eg logg kvar einaste dag, og ofte fleire gongar om dagen. Dette gjorde eg fram til Johanne var omlag fire månader, då byrja eg å gå over til ein gong i veka fram til ho var sju månader. Frå ho var sju og fram til atten månader skreiv eg to gongar i månaden, og prøvde å oppsummere dei to vekene og samla informasjon frå.

Loggboka omhandlar dei erfaringane eg gjorde meg undervegs i prosjektet, funn eg gjorde i kommunikasjonsstundene våre, og korleis eg såg Johanne si utvikling i lys av tidlegare forskning på spedbarnskommunikasjon. Loggboka er svært omfattande og detaljert dei første månadene, og er ein viktig del av observeringa mi i tillegg til video-opptaka. I tillegg omhandlar også loggboka mine eigne tankar og kjensler rundt det å vere mor, korleis eg sjølv opplevde relasjonen vår, og andre emosjonar som dukka opp undervegs.

Sjølv om eg heilt klart fann områder som eg synest ikkje fungerte maksimalt både ved den kvalitative metoden og som aktivt deltakande observatør med video-opptak og loggføring som hjelpemiddel, var det likevel denne metoden som fungerte best når eg ser heilskapen i det. Desse områda vil eg kome nærare inn på i diskusjon og analyse delen, og gå meir nøyaktig inn på både føredelane og ulempene ved designen og metoden der.

Del 2

4. Presentasjon av forskingsmateriale

4.1. Inndeling av materialet og analysen


Før eg tek til med sjølve presentasjonen av det materialet eg har samla inn, vil eg kort gjere greie for korleis eg har valt å dele inn materialet og kvifor. Det første eg vil gjere er å ta føre meg ein kortare del som går på den prenatal kontakten, altså tida frå svangerskapet der eg førte loggbok over kva som skjedde når eg til dømes song, eller andre ting eg merka meg ved vår kontakt allereie på fosterstadiet.

Dette har eg valt fordi ein stor del av oppgåva mi handlar om linken mellom prenatal og neonatal kommunikasjon, og eg synest det er viktig å klargjere korleis eg sjølv opplevde dette i forhold til kva eg har lese om av forskning som er gjort. I tillegg er det eit anslag til den største delen av analysen, som går på kommunikasjonen mellom meg sjølv og dottera mi det første leveåret.

Eg vil få presisere at denne delen av analysen berre er dokumentert gjennom loggboka eg skreiv gjennom svangerskapet. Eg har nokre video-opptak frå tida eg gjekk gravid og stundene der eg song for barnet, men det seier seg sjølv at det er vanskeleg å dokumentere noko som skjer inne i magen og noko som berre eg sjølv kan kjenne på ein annan måte enn å gjengi det sjølv så godt eg kan.

Den neste delen av presentasjonen, som også inneheld størsteparten av materialet, er ein analyse og diskusjon av video-opptaka eg samla inn gjennom det første leveåret. Eg har valt å dele materialet inn i tidsbolkar, det vil seie at eg til dømes tek for meg ein tidsbolk på nokre veker og der har med alt som har hendt desse vekene av interesse, både kommunikasjon og samspel mellom meg sjølv og Johanne. Men også til dømes tider med Johanne og pappa, eller opptak av Johanne der ho snakkar med leikane sine og så vidare. Etter mitt syn var det lettare å få ein samanheng i utviklinga kommunikasjonsmessig ved å dele det inn på denne måten.

Først prøvde eg å dele inn i like tidsbolkar, det vil seie til dømes to og to månader av gongen, men dette fann eg raskt ut at ikkje fungerte. Difor gjekk eg over til å dele tidsbolkanne inn i naturlege forandringar som skjedde i Johanne si utvikling. Dette vil seie at ein del kan bestå av berre ein dag eller ei veke, medan andre delar igjen består av fleire veker i strekk. Den første tida er delane kortare, på grunn av at det var i denne tida det skjedde mest og forandringane var størst. Deretter var det periodar som strakk seg over lengre tid, og som utviklingsmessig var meir stabile med omsyn til utvikling og forandring. Etter dei første fire vekene av Johanne sitt liv, er det stort sett tidsbolkar som strekkjer seg frå månad til månad. For å få eit nøyaktig billete av inndeling av materialet, ser det grafisk slik ut:



Denne inndelinga gjorde eg også på grunn av at det var lettare å forstå samanhengen i utviklinga, og at eg betre kunne diskutere hovudpoenga for ein periode av gongen av dette første leveåret til Johanne. Dette var dei viktigaste inndelingane og årsakene til desse, anna nyttig informasjon vil eg kome attende til etter kvart i presentasjonen.

4.2. Prenatal kommunikasjon – førebuing til samspel

“Det kosta ei tann!”

Ein morgon, gravid i sjuande månad, vakna eg av smerter i ei visdomstann. Eg hadde tidlegare hatt problem med dei tre andre visdomstennene der det hadde vore store vanskar med å få dei fram og ut, og eg gjenkjende dei gryande smertene med ein smule panikk.

Eg ringde tannlegen min som kunne fortelje at han helst ikkje ville fjerne den sidan eg var gravid, og sa at eg måtte vente og sjå korleis det utvikla seg. Eg vart litt overraska over svaret då eg tenkte at ei lokalbedøving ikkje kunne gjere noko skade for fosteret, men eg skulle snart få erfare kva han meinte.

Etter nokre timar var ikkje smertene til å halde ut og tannlegen bad meg om å kome med ein gong. Tanna låg vanskeleg til og han måtte skjære opp tannkjøttet og dele opp tanna i fleire små bitar for å få den ut. Sjølv om eg hadde lokalbedøving, var smertene

under inngrepet så sterke at fødselen berre var barnematen å rekne samanlikna med dette.

Smertene i tanna til tross, det som var det verste var å kjenne på at Johanne kjempa som ein gal inne i magen min. Eg veit ikkje kva for hormon eg utløyste, men det kjendest ut som om ho var i full gang med å prøva å kome seg ut av mamma sin mage. Det var ei skremmande oppleving, eg tviheldt meg i tannlegestolen medan eg prøvde å få kontroll over panikken og den kraftige sparkinga i magen som vart meir og meir intens.

Etter at det heile var overstått og eg hadde fått roa meg litt ned, fortalde eg tannlegen om den kraftige reaksjonen eg hadde opplevd frå Johanne inne i magen. Han kunne då fortelje at det var årsaka til at han ikkje ville gjere dette inngrepet dersom det ikkje var hundre prosent naudsynt. Han hadde fått lære at dersom eit foster hadde fleire liknande opplevingar gjennom svangerskapet, kunne mora risikere å spontanabortere eller føde før tida, då fosteret følte seg trua og ville absolutt kome seg ut.

Det heiter seg i ordspråket at "hvert barn koster sin mor en tann" og viser til at kvinner med fleire barn har færre tenner mot slutten av livet enn dei med færre barn på grunn av hormonelle forandringar i svangerskapet. Mitt første svangerskap kosta i alle fall meg ei tann!

Samspelet mellom Johanne og mamma under svangerskapet

Dette var eit sitat frå loggboka mi frå slutten av oktober 2001, der eg var sju månader på veg med Johanne. Eg hadde sjølvsagt kjent liv lenge før, men dette var nok det mest dramatiske eg opplevde under svangerskapet når det gjaldt interaksjonen mellom oss to. I tillegg var dette definitivt der eg kjende meg mest att frå forskinga eg hadde lest når det gjeld prenatalt liv og korleis dette er ei førebuaende tid, til livet utanfor magen. Eg tenker spesielt på Verny sitt materiale om korleis hormonar og kjensletilstandar verkar inn på det ufødde barnet, og forsøket han viser til der det vert sprøyta kjemikaliar inn i blodet til rolege dyr og han samanliknar med hormonane til ei redd mor som går rett gjennom morkaka og til barnet. Eg trur det må ha vore det som skjedde her, då barnet mitt umuleg kan ha kjent mi smerte, men teke del i den gjennom hormonar i blodet mitt og kanskje spenningane i kroppen min.

Eg kunne også kjenne att Verny sine påstandar på andre områder. Dette var spesielt med tanke på det forsøket han viser til der mor vert lagt under eit ultralydapparat og får panikk når ho får beskjed om at barnet ikkje rører seg,

for å sjå kor raskt mor si frykt kunne registrerast på barnet. Eg personleg var ofte redd for at det hadde skjedd noko med barnet når det hadde gått ei stund utan at eg kjende liv. Spesielt fleire gongar når eg låg heilt stille og slappa av, kom denne panikken sigande om at eg ikkje kunne kjenne barnet. Men det tok aldri lang tid etter at eg kjende denne panikken, før eg igjen kunne kjenne Johanne sparke inne i magen min.

Ei anna oppleving som kan skildre dette var fyrste gongen eg kjende liv frå fosteret i det heile teke. Det var under ein konferanse i Stockholm då eg var i slutten av veke 17 og sat på første rad i ein stor konserthall, av di eg skulle opp på scena og snakke rett etter dagens underhaldningsbidrag. Eg skreiv dette i loggboka etterpå:

"Var så bekymra først på dagen i dag, magen hadde blitt så stor dei siste dagane, men i formiddag kjendest den så liten ut igjen...men så, seinare på dagen - då Pauline Wallin sang Leonard Cohen sin "Alleluja" så vakkert at eg fekk frysningar, kjende eg liv for første gang!!! Også rett før eg sjølv skulle gå på scena!! Det var som bobling i magen på høgre sida, ei fantastisk oppleving - borte var all bekymring. Kjentes nesten ut som vi snakka saman der oppe på scena...!"

(Lørdag 4. August 2001)

Eg veit ikkje kvifor eg kjende liv for fyrste gong når eg var heilt bergteken av vakker song som strøymde ut av høgtalaranlegget. Etter å ha lese Verny og DeCasper sine teoriar, tenkjer eg at sjølv om Johanne var for liten til å høyre lyden, var det kanskje nokre hormon eg skilde ut, eller vibrering ho tok del av? I alle fall fortsette eg å kjenne på denne boblinga i magen, eller som ein fiskehale som sveipte borti magen min, eller korleis eg skal forklare det, heile tida eg stod på scena og snakka. Det var vanskeleg å konsentrere seg, det verka som om vi "snakka" i munnen på kvarandre!

Det var ikkje berre når eg skilde ut "frykthormon", hørde på musikk eller snakka sjølv at eg kunne kjenne Johanne som ein kontaktsøkande part. Eg merka også at ho hadde ein måte å seie ifrå om ting på som eg etter kvart forstod ganske godt. Fyrste gongen eg kunne merke tydeleg at ho sa ifrå om noko ho var misfornøgd med var i veke 20, altså i femte måned. Eg og mannen min var i Toronto, Canada, og deltok på ein ny konferanse. Ein kveld bestemte vi oss for å teste ut vårt favorittmåltid, indisk "chicken tikka masala", der i byen. Det vi ikkje visste var at vi ikkje kunne velje vår eiga styrkegrad på krydderet der, og det var så sterkt at det svei i augene. Den natta var det ikkje lett å få sove, då eg reknar med at Johanne hadde fått smake litt av det sterke krydderet gjennom morkaka, og kommuniserte ganske tydeleg at ho ikkje fann seg i dette.

Det same skjedde ei natt eg vakna av at eg hadde så lyst på eit glas mjølk. Eg drakk eit stort glas iskald mjølk på styrten, direkte frå kjøleskapet. Det var ein umiddelbar reaksjon frå magen, der eg trur kanskje eg vekte det vesle barnet, og sparkinga heldt fram heile natta. Det same skjedde fleire gonger den sommaren når eg åt is; det var den same reaksjonen, om enn ikkje så sterk.

Dette ledar meg inn på reaksjonane eg fekk når eg song for Johanne som foster og det gryande samspelet eg kunne kjenne på der. Eg byrja å synge "Den fyrste song" for henne dagleg frå den 5. september, altså i veke 22, i starten på sjetten månad. Når eg song songen liggjande eller sitjande og Johanne var i ro, byrja ho å sparke. Men når eg song for ho i aktivitet, der ho også var aktiv, vart ho roleg. Det kunne verke som om ho gjerne ville ha rørsle og at noko skjedde når eg var passiv, medan ho kosa seg og var roleg når eg var aktiv.

Det er vanskeleg å sei om dette var på grunn av songen, eller min fysiske tilstand. Det var nemleg ganske vanleg elles at Johanne var uroleg når eg var i ro, til dømes når eg skulle leggje meg, og at ho var roleg når eg var i aktivitet. Eg kan tenkje meg at dette var fordi ho kosa seg av å kjenne rytmen frå gangen min, eller at ho rett og slett sovna av den rytmiske gynginga. Dette er jo vanskeleg å seie, då det berre vert gjetningar og ingen ting som kan provast. Men sparkemønsteret medan eg song var svært regelmessig, og noko som eg vil kalle eit mønster gjennom svangerskapet.

Eg må få presisere at desse resultatane merka eg først seinare. I byrjinga når eg song skjedde det ingen ting, det var den 10. Oktober, altså i veke 27, at eg merka spark for fyrste gong når eg song. Frå denne dagen var det at eg kunne merke desse ulike reaksjonsmønstra gjennom songen. Ein ting som kanskje er lettare å fastslå hadde noko med songen å gjere og ikkje med aktivitetsnivået mitt, var at Johanne ofte byrja å sparke kraftig når eg var ferdig med å synge. Dette skjedde fyrste gong den 12. Oktober, altså berre to dagar etter at eg kjende spark når eg song i det heile teke.

Dette var eit av dei områda eg følte vi hadde eit samspel på under svangerskapet, der eg først var aktiv og ho viste tydeleg etterpå at ho ønska meir av dette. Det kan jo vere at ho sparka som ein reaksjon på at ho ikkje likte songen, men då trur eg at ho hadde sparka undervegs dei gongane eg var i aktivitet også og ikkje berre starta å sparke rett etter at eg var ferdig. Eit anna bevis på dette, var at sparkinga stoppa dersom eg starta å synge igjen.

Det var ei merkeleg oppleving å merke dette samspelet som foregikk mellom oss to der vi ikkje kunne sjå kvarandre, men berre kjenne på ei samtale for min del og for Johanne sin del i tillegg også ta del i mi stemme. Det at dette samspelet berre fortset etter fødselen ser eg på som meir naturleg etter at eg sjølv har vore gravid og kjent på kor sterke band det vert mellom mor og barn gjennom svangerskapet. Eg kan nesten samanlikne det med eit plagsamt fenomen eg kjende på dei siste månadene av graviditeten. Då eg er ganske

kort i livet, kunne eg ofte kjenne Johanne sin hæl kile seg fast mellom dei to øvste ribbeina mine. Eg måtte frå utsida av magen prøve å presse hælen vekk frå dei brestande ribbeina mine og tilbake på plass. Eg kunne veldig godt kjenne den vesle, spisse barnehælen, og også kjenne motviljen når eg prøvde å få den vekk frå sin yndlingsstad.

Då Johanne vart født og kom opp på magen min, kjende eg først av alt over heile ho for å kjenne at ho var heil og at alt var som det skulle. Då eg kjende hælen hennar direkte for fyrste gong, utan å ha magen min i mellom, kunne eg med det same kjenne den att på ein prikk, nøyaktig som den kjendest ut frå utsida på magen. Det var vel ikkje like lett å kjenne att Johanne sin måte å kommunisere på, men eg kan tenkje meg at ho gjenkjende mi stemme, og at det var det einaste trygge ho hadde å forhalde seg til i den augneblinken ho kom ut av den varme og trygge livmora og såg dagens lys for fyrste gong.

Kontakten vert oppretta umiddelbart på grunnlag av slike gjenkjennande fenomen, sjølv om alt er annleis enn det brukte å vere. Dette leidar meg inn på den delen som handlar om fødselsaugeblikket og tida rett etter sjøve fødselen. Grunnlaget vart lagt på fosterstadiet, og det var no tid for å sjå om linken mellom den prenatala og den neonatala perioden var som eg hadde forventa.

5. Analyse og diskusjon av video-opptak og loggbok

5.1. Introduksjon

Før eg tek til med sjølve analysen av video-opptaka, vil eg først kome med nokre tankar omkring dette med å bruke video-opptak som eit hjelpemiddel i den rolla eg hadde som aktivt deltakande observatør, då dette kunne føre med seg både positive og ikkje fullt så positive sider ved prosjektet. Den kvalitative forskingsmetode har fått kritikk for at resultatane kan vere subjektive og partiske, og at ulike lesarar oppfattar ulike tolkingar som avheng av person til person.

Det eg også fann ut er at sidan eg er mor til forskingsobjektet og difor har ein nærleik til feltet som er til og med meir unik enn vanleg i kvalitativ metode, kan det verte endå meir subjektivt og partisk. Sidan eg kjenner mi eiga dotter betre enn eg ville gjort om eg til dømes hadde observert framande born med sine mødrer, er det lett å tileigne analysen resultat og meining som kanskje ingen andre ser. Dette sidan eg kjenner til ulike reaksjonsmønster og, som både Bråten og Trevarthen snakkar om, har del i desse tileigna kodane som berre finnest mellom mor og barn.

For å unngå dette har eg fått andre forskarar som er erfaren på området til å sjå på video-opptaka saman med meg, og eg har drøfta opptaka og analysen med desse for å få eit breiare perspektiv og ei meir objektiv retning på oppgåva. Dei som har hjelpe meg med dette er for det første Jon-Roar Bjørkvold. I tillegg fekk eg, gjennom Jon-Roar Bjørkvold, kontakt med Colwyn Trevarthen. Han er, i tillegg til Bjørkvold, også ein av forskarane eg har omtala arbeidet til i teoridelen i oppgåva. Trevarthen er professor i psykologi ved Universitetet i Edinburgh, og har arbeida med analyse av video-opptak av samspel mellom mor og barn i over tretti år. Han var positiv til å hjelpe meg, og eg reiste over til Edinburgh i tre dagar og fekk tid saman med han til å gå gjennom kvart einaste av opptaka mine. Eg fekk del i hans perspektiv av mine analysar og måtar å analysere slike opptak på. Colwyn Trevarthen fekk eg kontakt med seinare i prosessen med å skrive hovudoppgåva. Det skjedde etter at eg hadde lese litteratur på tidlegare forskning og gjort alle video-opptaka av Johanne og skreve loggbok, og etter at eg sjølv hadde starta å analysere video-opptaka. Dette var i midten av mars 2004, og rett etter at Johanne hadde fylt to år.

Ein tredje person eg har fått hjelp frå er Benjamin Schögler, også professor innan psykologi ved Universitetet i Edinburgh. Schögler er tidlegare elev av Trevarthen, og er også musiker og har arbeida mykje med å analysere barn sin reaksjon på mor sin song og timingen dei har innanfor musikk og samspel elles gjennom annan kommunikasjon. Dette var svært lærerikt og noko som

eg trur var avgjerande for resultatet av oppgåva mi, då eg sjølv var ganske uerfaren når det gjeld slike analysar. Det var positivt å ha brukt video-opptak som hjelpemiddel, slik at både eg og andre kan sjå på samspelet til meg og dottera mi no to år i ettertid, og at eg sjølv kanskje kan få andre perspektiv på samspelet enn eg hadde i utgangspunktet.

Eg må innrømme at kommunikasjonsstundene våre, særskilt i byrjinga, nokre gongar kunne bli litt vel konstruerte ved at eg visste at videokameraet gjekk og at det kjendest ut som om eg måtte få noko ut av samtala. Men den delen der eg av og til prøvde å få fram reaksjonar som ikkje var der, kom seg utover i prosessen. Eg kjenner også at eg kan rette opp mykje no, ved å sjå på video-opptaka. Det var tider vi filma når alt skar seg, og eg tenkte at dette var nyttelaust og noko eg ikkje kunne bruke. Men i dag er eg glad for at eg ikkje spelte over det, for eg kan sitte no to år etter og analysere og prøve å finne ut kva som eigentleg skjedde. I tillegg har eg no, så pass lenge etter, fått ei anna modning kring prosjektet og diskusjonen. Eg prøvar å sjå på dei avvika eg fann hos Johanne som noko positivt i forhold til diskusjonen, der eg no prøvar å få fram heile biletet og kan sjå det positive i at alt ikkje "gjekk etter boka".

Ein ting som kanskje ikkje er ei ulempe ved sjølve metoden, men som heller var ein uforutsett tilstand som kom til å prege rolla mi som aktiv deltakande observatør og å ha video-opptak som hjelpemiddel, var tilstanden eg kjende meg i etter fødselen. I forkant av prosjektet hadde eg vel tenkt på det meir som ein teknisk bit som eg skulle studere ut og forske på, og hadde nok gløymt litt den nye morsrolla opp i det heile. Når vi kom heim frå sjukehuset gjekk det ikkje mange dagane før eg kjende meg heilt utsliten; amminga fungerte ikkje, og Johanne gjekk mykje ned i vekt. I nokre veker, kanskje månader framover, var eg rett og slett ganske depressiv. Det var akkurat som om lyset gjekk.

Dette førte til at eg i desse første vekene ikkje fekk filma noko særleg, det var først når Johanne var omlag fire veker at eg kom i gang med regelmessige opptak. At dette var ei ganske vanleg kjensle blant førstegongsfødande mødrer var det ingen som hadde fortalt meg, og loggboka frå denne perioden ser ganske mørk ut. Loggboka er ikkje overdriven, snarare tvert imot; det kjendest ut der og då som om Johanne var født utan noko som helst interesse av å kommunisere, og at ho kikka på alt anna enn mor si. I tillegg hadde ho ikkje eit stort behov av å sutte på mor sitt bryst, og ho fekk i seg lite mat. Alt det eg hadde høyrte var vanlege reaksjonar frå eit spedbarn til mor si, stemde ikkje ut ifrå kjenslene mine.

Dette hadde nok vore annleis om eg sjølv ikkje skulle observere mitt eige barn rett etter fødselen og brukte denne sårbare tida til å forske, men likevel synest eg at det nære bandet mellom meg og Johanne og den unike symbiosen vi begge var ein del av, var verdt å byggje på. Det som derimot var ei positiv side av videobruken her var at når eg ser video-opptak frå denne perioden, synest eg at eg ser noko anna enn det eg såg då, altså litt i

tråd med den modnaden eg snakka om at eg har fått til stoffet no to år etter. Sjølv sagt er det opptak der ikkje noko ser ut til å fungere, og eg spolar fram og tilbake for å finne ut kva som gjekk gale. Men svært ofte kan eg finne attende til dei dagane som ser svartast ut i loggen, og sjå at det var jo ikkje så gale tross alt.

I slike situasjonar er det utruleg godt å ha video-opptaka å gå attende til for å få eit litt meir riktig og nyansert bilete av røynda. Eg har også opplevd å gå den andre vegen, at eg ser eit video-opptak og får ikkje heilt med meg kva som skjer og kvifor. Når eg går til loggboka og les, får eg kome attende og hugse omstendet rundt, og eg ser eit meir heilskapleg bilete av kommunikasjonsstunda.

Dette er sider ved å bruke ein kombinasjon av video-opptak og loggføring som eg har funne svært interessant og tilfredsstillande. Eg vil også seie at berre det å kunne gå attende no i ettertid, såpass lenge etter som to år, også har vore annleis enn eg trudde. Det verkar som om det spelar ei stor rolle å ha litt avstand til materialet, i tillegg til at ein som mor hugsar ting og spesielle situasjonar uansett kor lang tid det går.

I starten når eg skulle analysere materialet mitt, kjendest det forvirrande at det kunne vere så stort sprik mellom kva eg tenkte og såg når eg var i situasjonen, og kva eg ser i dag, men eg har i ettertid funne at det er ein god ting for diskusjonen av analysen min. Det at ikkje alt til ei kvar tid verkar heilt openbart men at det kan vere sider eg må setje spørsmålsteikn ved, har gjort diskusjonen, i alle fall i mine auge, meir interessant og moden ut ifrå eit forskingsperspektiv. Det kan verke som det eg såg på som dei største ulempene når eg var midt oppe i det, har snudd til å verte fordelaktige sider og noko eg kan nytte til noko positivt i diskusjonen av materialet mitt.

5.2. Frå prenatalt til neonatalt liv: fødselsaugeblikket

Veke 1 (13-20 januar 2002) – video-opptak nr. 1:

Loggføring:

"Fødselen min var fantastisk! Eg kjende meg som ei "urkvinne" der eg pressa ho ut. Dei siste åpningsveane var forferdelege, men når pressveane kom tok det berre nokre minutt og tre press før ho var ute! Eg kjende ikkje noko serleg smerte og var overraska etterpå at det ikkje var verre enn dette. Eg som hadde førebudd meg på at det kom til å vere hakket innan eg skulle døy! Eg merka at hovudet kom ut, og like etterpå såg eg heile kroppen kome ned i hendene på jordmora. Det var ei fantastisk oppleving, kjende ei enorm

kjensle av styrke og kraft gjennom heile perioden.

Ho skreik i ei jamn rytme heilt til ho kom opp på magen min; då vart ho stille med ein gong og kjende seg trygg. Ho vart heilt musestille og låg med store auge som var vidopne og det verka som om ho var fokusert frå første stund og utforska noko. Og eg kunne begynne å utforske henne: "korleis ser ho ut?", "kven er ho lik?" Det første eg la merke til utanom dei store augene, var "oppstoppnasa" og eg kunne konstatere at ho var nok ein liten "Halvorsen" ...Eg kunne ikkje forstå at ho var mi, men kjende likevel ei enorm morskjensle. Det som er merkeleg er at ho ligg berre og stirrar ut i lufta med store vidopne auge, og det er ingen kontakt å få med henne. Eg prøvar å snakke med henne, men ho verkar til å ikkje få det med seg og ser ut til å vere meir oppteken av å finne ut kva som skjer rundt seg."

(13. januar 2002)

Den 13. Januar 2002 klokka 03.34 kom Johanne til verda. Ho hadde det travelt når ho først bestemte seg for å kome ut, så fødselen tok berre fire timar, noko som eg trur førte til at både eg og Johanne var opplagde etter fødselen og ikkje heilt utslitne slik som mange er dei første timane. Med ein gong ho kom ut måtte jordmora stikke ein slange ned gjennom nasa hennar, for fostervatnet var grønt og det var fare for at ho hadde svelgt noko av det. Dette førte til at det tok litt lengre tid før ho kunne kome opp på magen min. Med ein gong jordmora tok slangen ut av nasa hennar begynte ho å skrike, og fortsette med det heilt til ho kom opp på magen min.

Frå den delen av loggboka mi som skildrar fødselsaugeblikket kan eg sjå eit todelt fokus, der det eine stemmer heilt overeins med video-opptaka, medan det andre er meir usikkert og stemmer ikkje heilt overeins med det eg kan sjå no i ettertid. Det som er det same og som stemmer overeins med det ein kan sjå på opptaket, er den kjensla av at Johanne kjende seg "heime" med ein gong ho kom opp på magen.

Også det eg har skrive om at ho verkar utforskande og lyttande, er ei kjensle som også stemmer med det eg ser no i ettertid der det verkar som om Johanne lyttar etter stemmen min, og prøvar å finne ut kva i all verden som skjer rundt henne. Ho søker seg til mor, det trygge og gjenkjennelege.

Det første inntrykket eg fekk når eg titta ned på Johanne som vart lagt på magen min, var at ho hadde store, opne auge. Det var ei overrasking då eg hadde trudd på førehand at eit lite, nyfødt spedbarn berre skrik i eitt, og at ein ikkje ser augene i det heile teke før lenge etterpå. Det eg derimot hadde trudd var at når ho først opna desse augene, ville dei kommunisere meir og sjå meir på meg. Det verkar som om eg var litt forvirra over dette, med ei

blanding av å vere lykkeleg for å ha født ei velskapt dotter og prøve å finne ut av kven denne vesle skapningen var.

I ettertid når eg tenkjer på det og ser video-opptaka, ser eg at dette ikkje stemmer heilt, og eg trur eg hadde feil forventningar på kva kontakt med den nyfødde skulle innebere. Sjølv sagt er den kjensla eg hadde reell, men nettopp denne utforskinga eg snakkar om og det at ho lyttar og vert stille når ho kjem opp på magen min og byrjar å suge, ser eg på som svært kontaktsøkjande og som ein begynnande kommunikasjon utanfor magen.

Det eg trur eg vart forvirra over var dette med augekontakten, og desse store, opne augene som berre stirra ut i lufta. Dette sidan eg før fødselen hadde lese mykje om den forskinga som er gjort på området, og lese om til dømes Stein Bråten som skriv at ein rett etter fødselen kan få augekontakt med barnet, og at ein kan sjå teikn til etteraping eller imitasjon av mor sine ansiktsuttrykk.

Dette kunne eg ikkje sjå noko teikn til i det heile teke, ikkje ein gong eit lite ymt om augekontakt eller etteraping var å finne. Eg trur eg tok dette som eit teikn på at det ikkje var noko særleg kontakt oss i mellom. No i seinare tid, etter at eg har lese meir og arbeida mykje meir nøye med materialet, har eg jo forstått at kontakt rett etter fødselen er så mykje meir enn berre dette. Søkinga etter kroppsvarmen og brystet, den intense suginga med ein gong ho kjende at det var mor som heldt henne, og lyttinga og gjenkjenninga av stemma mi er områder av kontakt eg ser på som svært viktige. Desse områda vart etablert rett etter at ho kom ut av magen og såg verdas lys.

Skildring og analyse av video-opptaket:

Video-opptaket tek til i det jordmora er ferdig med å suge ut fostervatn frå nasa og Johanne er akkurat komen opp på magen min, og varer (i klippa versjon) til ho er to og ein halv time gamal og vert vege og målt og må bort frå mamma sin trygge mage att. Det første som skjer når ho kjem opp på magen min er at eg seier "hei skatt" i eit litt lysare toneleie enn mi normale stemme, og med ein mjukheit i stemma ein berre brukar ovanfor små barn. Stemmen var kanskje ekstra mjuk og spak sidan eg sekundar før hadde brukt alle kreftene mine på å føde eit barn, men eg trur likevel den var ganske lik den stemmen eg snakka med til Johanne når ho framleis var inne i magen min.

Dette skjedde heilt spontant, eg hadde ikkje planlagt frå starten at eg skulle sjå korleis ho reagerte på "mor-til-barn språket" mitt (motherese, som Colwyn Trevarthen kallar det i si forskning). Men eg fortsette å snakke dette språket til henne i lengre tid, berre avbrote av mi "normale" stemme inni mellom, der eg snakkar til jordmora eller mannen min. Det verkar som om Johanne reagerer spontant i det augeblikket ho kjem opp på magen min. Det er nok ei blanding av stemmen min, kroppsvarmen min, lukta ho kjenner av mamma og kanskje

fleire element som berre eit lite nyfødt barn kan forstå seg på. I alle fall sluttar ho å skrike med det same og startar å sutte, mest på handa si, som om ho leitar etter brystet. Når ho sug på handa si er ho heilt roleg, augene vekslar mellom å vere opne og lukka som ein slags "koserefleks", der ho let opp og igjen augene medan ho sug på handa. Denne suginga vert berre avbrott inni mellom av små grynt, der det verkar som om ho er litt misfornøgd over å ikkje finne brystet.

Etter ei kort stund vert idyllen avbroten, og jordmora og studenten ho har med seg kjem for å vaske henne og klippe navlestrengen. Det er lett å sjå at Johanne vert forstyrra av dette; ho vert avbrote frå leitinga og suttinga på handa, og kjem bort frå kroppsvarmen til mamma, lukta og kanskje hjerteslaga ho har høyrte der ho låg med hovudet inntil brystet mitt. Ho startar å skrike og ser seg rundt med store, opne og litt forvirra auge. Ho får det skarpe lyset frå taket i augene, og det er lett og sjå på video-opptaket at ho ikkje føler seg så trygg som tidlegare.

Det som også er fascinerande å sjå på opptaket er at det ser ut som om Johanne endrar kjensletilstand ut ifrå kven som snakkar til henne og er i nærleiken av henne, det vil seie om ho er i nærleiken av mamma, kontra andre personar. Johanne, der ho ligg framleis på magen min, men på rygg og borte frå det varme brystet, vekslar mellom desse to tilstandane: Ein kan sjå at ho skrik og ser utrygg ut med alt oppstyret rundt henne, og mamma som er komen litt på avstand. Men i ei slags rytme med korleis eg vekslar mellom å vere oppteken av kva jordmora og studenten held på med og å snakke med dei om smertene frå fødselen, og over til merksemda mi til Johanne og snakke mor-barn-språket mitt med henne, kan ein sjå korleis Johanne vekslar mellom å vere utrygg og skrike, til å verte roa ned av snakkinga mi med henne og glipe med augene att.

Når ho høyrer "mor-til-barn stemmen" min sluttar ho å småskrike og lyttar, sjølv om ho er borte frå kroppsvarmen min. Når eg så lenar meg tilbake og konsentrerer meg om smertene eg stadig kjenner og jordmor og studenten snakkar, byrjar ho å skrike att. Sjølv når ho høyrer stemmen min, medan eg snakkar med sjukehuspersonalet, verkar ho misfornøgd.

Etterpå kjem ho opp på magen min igjen og ho vert roleg med eitt. Ho sug på handa si, har augene att og det kjem små grynt igjen der ho leitar og famlar seg fram etter å finne brystet. Etter at eg har sydd, får eg snu meg i senga og legge henne til brystet. Dette er første gang ho får suge på brystet, og ho er heilt roleg og sug i eitt. Ikkje noko famling og grynting lenger, men ho suttar i ei jamn rytme, med augene opp og igjen som ein slags koserefleks identisk med den ho hadde tidlegare.

Men endå ein gong vert idyllen broten, og Johanne må heilt vekk frå magen for å verte vege og målt. Ein kan sjå den same reaksjonen her, at ho vert frustrert og ser seg usikker og forvirra rundt i det skarpe lyset. Det som er verd å få med, men som dessverre ikkje er teke opp på video, er at etter

denne tida med veging og måling kjem Johanne over til mannen min. Han står ved eit bord rett ved sidan av senga der eg ligg, og får i oppdrag å kle på henne før vi forlet fødestova. Eg kunne sjå at kontakten mellom far og dotter ikkje kom fullt så spontant som vår gjorde. Det var lett å sjå at mannen min trengte meir tid til å utvikle dette "babyspråket" som kom så spontant for meg, og at denne kontakten, som eg vil kome attende til seinare, utviklar seg meir og meir etterkvart.

Det er ingen teikn på at Johanne kjende att mannen min si stemme, då ho har den same reaksjonen med han som med jordmora; ei skriking inni mellom og eit uttrykk som viser litt misnøye. Sjølv sagt gjekk dette fort over og ho vende seg til pappa etter kort tid, men den same etablerte kontakten var ikkje å finne rett etter fødselen.

Kommentarar frå Trevarthen:

Når eg spurte Colwyn Trevarthen om det i det heile teke kunne stemme at spedbarn rett etter fødselen kan etterape foreldre sine lydar og ansiktsuttrykk og uttrykte mi bekymring over at eg ikkje kunne sjå teikn til dette frå Johanne, kunne han fortelje at nokre barn gjorde dette, medan andre ikkje i det heile teke. Han hevda at det var uheldig at ein prøvde å sjå etter dette og bli uroleg når ein ikkje kunne sjå teikn til denne etterapinga, det var nemleg noko som var individuelt og ikkje noko som var meir normalt enn noko anna. Nokre barn kommuniserer mykje med auge og lyd, medan andre kommuniserer med rørsler.

Trevarthen gjorde meg også merksam på når han såg dette opptaket, at eg har ei strykemekanisme med mi hand over Johanne si hand som også er ein del av dette språket. Det er ei spontan handling frå mor som gjer at barnet kjenner seg trygg og kjenner kontakt, der dei jamne strykerørslene mine roar ned barnet og flettar seg inn i ei rytme av kommunikasjon mellom oss der eg stryk og Johanne sug på handa. Nettopp det at Johanne saug på den venstre handa, tyder på at ho søker kontakt og omsorg, hevda Trevarthen. Det mest vanlege er å sutte på den høgre handa, eller ta den opp til ansiktet. Men når ein sug på den venstre handa, eller viftar spesielt mykje med denne, er det eit teikn på at ein søker trøyst, omsorg og "engagement" som Trevarthen kalla det. Dette er svært vanleg å gjere rett etter fødselen.

Trevarthen meinte at måten ho søker seg oppover på kroppen min på når ho berre får ligge der heilt i fred, også er eit teikn på at ho leitar og søker når ho høyrer stemma mi og kjenner lukt og kroppsvarme. I tillegg kunne han påpeike den kontakten som vart broten når navlestrengen skulle klippast og barnet vaska, og seinare når det skulle målast og vegast. Spesielt når det gjeld det siste kunne Trevarthen sjå tydelege teikn på at Johanne vart utilfreds over den brotne kontakten, og at ein også kunne sjå dette på rørslene hennar, ikkje berre skrikinga. Armane og beina hennar rykkar i nokre "spasme" liknande rørsler, spesielt den venstre handa som symboliserer å ville

ta imot, som eg snakka om tidlegare, å ville ha trøyst og omsorg. I tillegg har ho støytvise lydar på "ehh...ehh...ehh..." i ein jamn rytme, som Trevarthen meinte kunne tyde på at ho "kalla" på merksemda og ville finne meg att. Dette er ein av grunnane til at Trevarthen meiner at det beste for barnet eigentleg hadde vore å bli født heime, slik at ein ikkje trengte å få unna desse nødvendige, praktiske tinga som fører til avbrot, men at mor og barn har tid til å møte begge sine behov.

Samanlikning med tidlegare forskning:

For å knytte desse funna opp mot den tidlegare forskinga på området, kan eg finne både områder som stemmer og nokre områder som overhovudet ikkje stemmer overeins om eg samanliknar med mitt eige materiale.

Stein Bråten er oppteken av i si eiga og andre si forskning at nyfødde spedbarn kan ta etter mor eller omsorgspersonar sine ansiktsuttrykk og gestar, allereie innan ein time etter fødselen. Dette var noko eg ikkje kunne sjå ymt til i det heile teke. I tillegg hevdar Bråten at desse nyfødde barna under ein time gamle til og med kan etterape lydar, dette er også noko eg må seie ikkje stemde overeins med mitt eige materiale. Dei lydane Johanne sende ut den første timen var stort sett gråt og små grynt i det ho leita etter brystet mitt.

Derimot tek Trevarthen føre seg noko interessant i same høve, som eg absolutt kan seie meg einig i. Han hevdar at spedbarn som regel er svært vakne og oppvakte rett etter fødselen, og at ein tydeleg kan sjå at barn rett etter fødselen har ein samanhengande og konsekvent intensjon og eit aktivt medvit. Han snakkar her om at ein kan sjå teikn til at barn rett etter fødselen kan løfte hendene til augene og hovudet i ei koordinert rørsle som verkar bevisst, og også ta handa til munnen. Dette med å ta handa opp til munnen var noko av det første Johanne gjorde etter fødselen, med ein gong ho kom opp på magen min. Det verka som det var ein medfødt, spontan rørsle som stamma frå tida inne i magen, og som var eitt uttrykk for gjenkjenning av mor si lukt og kroppsvarme. Dette var ein første reaksjon frå Johanne som eg i seinare tid, etter å ha studert video-opptaka nøye, har vore nesten overvelda over. Eg kan trekkje det attende til DeCasper si forskning når det gjeld den linken han snakkar om som går frå det ufødde til det nyfødde liv, der kommunikasjonen mellom mor og foster berre fortset etter fødselen. Barnet kjenner umiddelbart att mora, både stemme, lukt og kroppsvarme, og kontakten er der frå første stund. Det eg siktar til er den spontane sugerefleksjonen som oppstår i det Johanne kjem opp på magen min. Det at eit barn har denne innebygde kontakta til mora og medfødde evnene til å skjelne. Det var berre når ho var på magen min at denne suttinga starta og heldt fram; når jordmora tok ho opp og heldt henne inntil seg, eller når mannen min gjorde det same, stansa den umiddelbart og skrikinga starta att. Det same skjedde før ho kom opp på magen når jordmora heldt henne, det var ikkje noko sutting før ho kom opp på magen min og kjende seg heime. Dette er jo også mykje av det DeCasper snakkar om der han først og fremst

omtalar det framhaldet kommunikasjonen mellom mor og barn har etter fødselen, og som allereie er godt etablert gjennom tida i livmora.

Den kontakta som oppstod mellom mor og barn, som ikkje var bygd på augekontakt og imitasjonar, men derimot at Johanne lytta til stemma mi, kjende kroppsvarmen og lukta mi, kanskje til og med hjerteslaga mine og starta med ei intens suging som teikn på at ho kjende seg att og kjende seg heime, er også noko eg finn i Trevarthen sitt materiale. I tillegg den kjensla eg hadde av at ho viste misnøye så snart denne kontakten vart broten, eller nokon andre tok over. Dette er omgrepet som Trevarthen omtalar som "Motherese", om ein kommunikasjonsform der mor og barn er eitt som ei slags symbiose, akkurat slik som den som oppstår medan barnet er eit foster inne i mor sin mage. Her har denne symbiosen, som også DeCasper snakkar om, fortsett etter fødselen og held fram som den gjorde inne i magen.

Trevarthen påpeikar at dette "motherese" som eg spontant begynte å snakke til Johanne med, er den gryande utviklinga av ei breiare kommunikasjonsform mellom mor og barn men stadig med dette symbiotiske kjenneteiknet, der mor og barn er avhengig av kvarandre sine innspel og initiativ for å kunne oppretthaldast. Denne linken var det eg gjenkjende med det same, i og med at eg merka, og kunne sjå på video-opptaka seinare, at Johanne reagerte på stemmen min med ro og tryggleik. Men ikkje berre det med stemmen, også den suginga eg har skildra fleire gongar som var så gjennomført samanbunde og forbunde med mor sin kropp, stemme og lukt. Desse fenomena kom tydeleg fram av mitt materiale og er noko som eg vil påstå stemmer heilt overeins med Trevarthen og DeCasper si forsking.

Tomas Verny med fleire har jo vore oppteken av dette med at barnet kan høyre og gjenkjenne både far og andre personar sine stemmer som dagleg oppheld seg saman med mor, i tillegg til mor si stemme, som er den sterkaste påverkinga. Dette kunne eg ikkje sjå noko teikn til. Som eg har nemnt tidlegare, var det ingen teikn på at Johanne kjende pappa si stemme rett etter fødselen, så denne kontakten måtte etablerast sakte men sikkert i ettertid.

Eg må seie at det tok kort tid før Johanne kjende seg trygg med pappa si stemme og vart avslappa når ho kom på pappa sin mage, men dette trur eg meir heng saman med at han var saman med oss 24 timar i døgnet etter fødselen, og hadde denne tida med Johanne som eg trur er årsaka til tilknytinga ho hadde med han. Som eg har nemnt hadde Johanne den same reaksjonen saman med pappa rett etter fødselen, som til dømes med jordmora og studenten når dei var saman med henne. Ho byrja å skrike att og såg utrygg ut, og veiva med armene sine medan ho skreik. Det var berre tilbake til mamma sin mage at ho slutta å skrike og vart roleg også fysisk, pappa var nok ikkje til nytte på det området endå.

Dette var dei første timane av Johanne sitt liv utanfor magen og det eg fekk ut av det materialet eg samla inn, både når det gjaldt video-opptak og

loggføring. Ein spennande fase kunne ta til, der framhaldet på den etablerte kommunikasjonen var noko eg såg fram til med forventning. På nokre få timar hadde både ei mor og eit barn blitt til, slik kjendest det i alle fall, sjølv om begge delar allereie hadde eksistert i ni månader.

5.3. Eitt døgn gamal – kan Johanne hugse songen vår?

Video-opptak nr 2:

Loggføring:

"Den første gongen eg song "Den fyrste song" for Johanne var eg åleine på rommet vårt; Levi var ute for å kjøpe seg noko mat, og eg prøvde å gje Johanne bryst, kanskje for femte gong sidan ho vart født. Mjølka hadde ikkje kome endå, og det var lett å merke at Johanne byrja å bli utålmodig og ikkje lengre var nøgd med å berre sutte på brystet utan at det kom noko.

Etter ei lang stund tok eg Johanne vekk frå brystet, og ho sette i ei, det eg vil kalle, ukontrollert skriking og var heilt utrøysteleg. Heilt spontant reagerte eg som nybakt mor og begynte å synge "Den fyrste song", eg tenkte rett og slett ikkje på at Levi ikkje var der og kunne filme oss.

Johanne hadde ein umiddelbar reaksjon med ein gong eg tok til å synge. Ho vart heilt stille, sperra augene opp og berre stirra på meg utan å gje frå seg eit pip! Ho såg både overraska ut, i tillegg til at det verka som om ho fekk eit substitutt for puppen som ho var like fornøgd med.....

(13. januar 2002)

Då Johanne var ca. eitt døgn gamal, det vil seie ut på ettermiddagen det same døgnet ho vart født, song eg "Den fyrste song" til henne for aller fyrste gong etter at ho var komen til verda. Mitt spontane inntrykk, både den gongen, men og frå video-opptaka, er at ho reagerte på ein heilt spesiell måte på denne songen som eg hadde sunge for henne kvar einaste dag medan ho endå var inne i magen min. Likevel vil eg nemne at eg i dagane og vekene som kom vart litt usikker og tvilte litt på om ho verkeleg kjende den att, eller om ho berre synest det var godt å høyre på når eg song. Det vil eg kome attende til i neste avsnitt.

Det var ei merkeleg oppleving, det å sjå augene hennar så vidopne der det verka som om ho prøvde å få blikkontakt med meg, men stadig ikkje kunne sjå klart og feste blikket. Det såg ut som ho gløymde alt anna rundt seg, og

berre saug inn det ho kunne få med seg av songen min. No prøvde eg ikkje å synge ein annan song for å sjå om ho reagerte på denne også, men det var i alle fall ein reaksjon der og då som eg tolka som ei gjenkjenning i aller høgste grad.

Skildring og analyse av video-opptaket:

Då eg nesten var ferdig med andre vers, kom mannen min inn døra, og han tok med det same fram videokameraet for å forevige augeblikket. Video-opptaket startar med at eg har sunge to vers allereie, og startar på nytt på første vers etter at mannen min har rigga seg til med kameraet.

Det vi ser som skjer på opptaket, er at når eg startar å synge, startar Johanne å glipe med augene og late dei opp og igjen som med ein slags rytmisk puls. Dette var den same reaksjonen ho hadde direkte etter fødselen når ho kom opp på magen min og eg begynte å snakke "mor-barn språket" mitt til henne, og ho saug på handa si og leita etter brystet. I tillegg hadde ho denne reaksjonen når ho endeleg fekk suge på brystet for første gang.

Eg kan sjå ein heilt klar samanheng i reaksjonane her, der mor-barn språket, eller "motherese" som Colwyn Trevarthen kallar det, kroppsvarmen min med hjerteslaga og lukta som følgjer med og songen min blir ein slags heilskap for henne. Den framkallar ein spontan "kosereaksjon", eller ein tilstand der ho er fornøgd og trygg og kjenner seg heime, det vil seie kjenner seg i den same symbiosen ho hadde med meg medan ho endå var inne i magen min. Denne spontane kosereaksjonen viser seg i anten å sutte på handa si, eller glipe opp og igjen med augene. Kanskje var det slik ho gjorde inne i magen min når ho hørde songen eller stemma mi, og kjende seg varm og trygg med hjerteslaga i bakgrunnen?

Det som er spanande å sjå, er at like etter at eg har starta å synge og Johanne har starta med å glipe med augene, tek ho spontant handa opp til munnen og vil starte å suge på den. Det vil seie at songen framkalla ikkje berre den eine reaksjonen av gliping med augene, men også sugerefleksen vert sett i gang. Dette tek eg som atter eit teikn på at songen framkalla denne reaksjonen ho hadde rett etter fødselen, når ho fekk høyre stemma mi og kjenne lukta og varmen frå kroppen min

Det som er uheldig er at eg tek handa hennar bort frå munnen og dreg den lenger ned, fordi at eg vil at ansiktet hennar skal vise så godt som mogeleg på video-opptaket. Eg forstod ikkje då at dette var ein viktig del av denne symbiosen eg har snakka om, at når ho hørde songen og låg trygt i armene mine, hadde ho eit behov for å suge på handa si i tillegg. Dette er noko eg først har skjønna no i ettertid, og som var vanskeleg å få retta på når eg var midt oppe i det.

Når eg held på med tredje verset kjem det i tillegg ein lyd på utpusten hennar, som ein slags "koselyd" der ho prøvar å seie mmm.... som vi vaksne gjer når vi har det godt, et noko vi synest smakar fantastisk, eller set oss i sola med ein nytrakt kaffikopp. Lyden er lys og går ovanfrå og ned som ein slags glissando, og ho lagar lyden på utpust samtidig som ho inni mellom glipar med augene. Når eg sluttar å synge, suttar ho litt etterpå, men startar snart med ei slags sutring. Det tek eg som eit teikn på at ho er misfornøgd med at songen er over, og vil at eg skal synge meir.

Eg er overbevist om at songen hadde ein reaksjon som var tilsvarande den å få kome på magen min, og kjenne varme og lukt etter å ha kome ut av den trygge, varme livmora og ha vore i armane på framande menneske, eller å få høyre stemmen min snakke proto-prat med henne. Den kontakten vi hadde gjennom svangerskapet, kunne no begynne å utvikle seg til ein slags interaksjon, eller eit samspel mellom mor og dotter. Songen var ein del av denne symbiosen som vi etablerte på fosterstadiet, og som no fortsette etter fødselen med full kraft.

Kommentarar frå Trevarthen:

Når eg viste dette opptaket til Colwyn Trevarthen og i tillegg til Ben Schögler, som også er musikar og har arbeida mykje med nyfødde barn si evne til samspel også når det gjeld musikk, var begge einige i tolkinga eg hadde gjort. Dei hadde likevel ei anna oppdaging som eg ikkje hadde gjort sjølv, nemleg at Johanne opnar opp augene mot slutten av siste frase, heilt jamt og strukturert. Begge meinte at det verka som om ho på førehand såg frasene og fylgde pulsen i songen – ho sensa timingen perfekt, og var med i songen. Dei meinte at den einaste grunnen til at ho kunne gjere dette, til at ho følgjer så bra, må vere at ho har lært den og memorert den.

Dei forklarte meg at barn ser på song som forteljingar der det startar med ein introduksjon, eit påfølgjande framhald, eit klimaks og ei avslutning. Johanne visste når klimaket hadde vore og avslutninga set inn, og opna augene kvar gong. Under det siste verset har ho til og med opne auge heile avslutningsdelen, som om ho veit at dette er slutten! Johanne kommuniserer med kroppen sin på heilt andre måtar enn eg prøvde å leggje merke til der og då; ho gjenkjenner songen, og har eit fantastisk samspel med meg som eg ein eller annan plass inne i meg kan sense, men ikkje heilt forstår eller klarar å setje ord på. Dette var ei utruleg oppdaging for meg, noko som opna augene mine og som gjorde at eg til og med følte at eg kjende Johanne på ein ny og endå betre måte!

Samanlikning med tidlegare forskning:

Eg er som sagt usikker på om det var denne spesielle songen som gjorde utslaget då eg først starta å synge andre songar for henne i dagane etterpå,

men eg er overbevist om at denne reaksjonen var eit teikn på DeCasper sin mykje omtalte link mellom det prenatala og det neonatale liv

Denne første veka på sjukehuset hadde eg lite kontakt med Johanne når det gjaldt blikkontakt, småprat o.l. Ho sov mykje, og var også veldig sløv når ho var våken. På den måten kan ein seie at desse første døgn ikkje stemde overeins med det eg hadde lese om at barn frå første time etter fødselen er klar for gjensidig kommunikasjon, og er aktivt deltakande ved blant anna etteraping og rørsler. Dette kunne eg ikkje sjå noko av i det heile teke, men i ettertid er eg nesten hundre prosent sikker på at det var gulsotten som gjorde det.

Ein annan ting kan vere at barn er ulike rett etter fødselen. Nokre er meir vakne, medan andre treng tid til å kome seg til hektene etter ein strabasiøs utflukt frå livmora, og treng meir kvile og søvn. Trevarthen forsikra meg også om at det er heilt vanleg at spedbarn er utruleg vakne det første døgnet og søker kontakt, deretter vert dei trøytte av inntrykka og det kan verke som dei er dopa nokre dagar framover. Det er heilt vanleg å ikkje få så mykje kontakt denne tida då det er ei tid for kvile, både for mor og barn.

5.4. Heim til kvardagen som nybakt mor – kvar vert samspelet av?

Veke 2-4 (21 Januar-10 februar 2002) – video-opptak nr. 3:

Loggføring:

"Ho verkar ikkje interessert i kontakt i det heile teke, er sløv og søv veldig mykje. Når ho først er våken ligg ho berre og ser tomt ut i lufta, og det er vanskeleg å få kontakt med henne. Ho reagerer ikkje på song, verken "Den fyrste song" eller nokre andre songar, heller ikkje når Levi syng. Denne veka har verka som eit år for meg.....Ho vil liksom ikkje sjå på meg heller, eg vert usikker på om det er fordi augene ikkje er festa, at ho er sløv av gulsotten, eller om ho rett og slett ikkje er interessert.

I går kom helsesøstra på besøk og Johanne hadde ikkje gått opp att til fødselsvekta si, men derimot gått ned til 3100 gram! Verda mi raste saman, eg hadde det veldig dårleg heile helga, men no vart det nesten verre. Helsesøstra sa eg skulle gje ho litt tillegg, slik at eg var sikker på at ho fekk i seg nok mat. Eg kjende meg som verdas verste mor, tenk å gje tillegg berre litt over ei veke gammal!

(23. januar 2002)

"Eg kjenner meg så tung, vil berre grine heile tida. Johanne går berre ned og ned i vekt og eg har ingen kontroll. Fredag kom helsesøstra att og Johanne hadde berre tatt på 50 gram, altfor lite!!! Det var eit helvete, eg har så vondt når eg skal amme at eg får angst ein time før kvar gong! Eg skulle heller ha født kvar einaste dag i staden for å amme og oppleve dette....Kjenner meg som ein "failure" og som ei dårleg mor. Får ikkje til å amme og er frustrert og deprimert....Eg er veldig uroleg for at dette skal ha innverknad på Johanne, at det er derfor ho verkar så uavhengig av meg. Sjølv om eg prøvar å ta meg saman ovanfor ho, sensar ho det kanskje alikevel? Når ho er våken, ligg ho berre og stirrar på andre ting, eg får ikkje kontakt med ho! Eg får ikkje augekontakt, og ho verkar totalt uinteressert i å i det heile teke sjå på meg når eg snakkar med henne. Ho reagerer ikkje på song, uansett kva eg syng, men det raraste av alt er at ho har begynt å smile! Korleis kan ho begynne å smile når ho ikkje ein gong vil sjå på meg????!"

(28. januar 2002)

"Helsesøstra var her att på mandag og Johanne hadde gått ned 100 gram sidan fredagen.....Verda raste atter saman, eg som kjende på meg at ho åt betre no? Eg kjenner meg stadig deprimert og tung, ho skal få flaske etter kvart måltid, men eg har begynt å venne meg til tanken om at ho får tillegg. Kvifor synest eg ikkje det er godt å amme? Alle mødrer burde vel synest det? Om ikkje Levi hadde vore fleksibel og heime, hadde eg ikkje klart dette. Ho er stadig ikkje til å få kontakt med....har endå litt gulsott og går ned i vekt, kanskje det er difor?"

(1. februar 2002)

Som ein kan sjå av desse tre sitata frå loggboka, hadde eg det ikkje så lett som nybakt mor. Eg er glad for at eg skreiv så tydeleg korleis eg hadde det, då det (heldigvis) er veldig lett å gløyme denne første tida og berre hugse det som er positivt.

Det første døgnet kjende eg meg så frisk og opplagt som eg sjeldan har vore, noko som eg trur var tilfelle på grunn av den lette og raske fødselen eg hadde. Resten av veka og vekene framover, derimot, var prega av ein enorm trøytteleik og ein kamp med å få mjølka og amminga til å kome i gang. Det vart ein vond sirkel der Johanne fekk litt gulsott, og vart sløv og ville ikkje ta til seg mat. Dermed fekk eg problem med å amme, og eg fekk tilstopping i

mjølkekjertlane. Johanne skreik og ville berre ha mat om nettene då eg var på det aller trøyttaste. Dette førte til at eg ikkje fekk den same kontakten med henne resten av veka på sjukehuset, og at på dagtid når eg skulle prøve å synge og etablere kontakt, var ho sløv og ville berre sove.

Eg fekk ikkje filma noko dei neste par vekene på grunn av at eg nesten ikkje fekk liv i henne på dagen, og natta var lite aktuell med tanke på videokameraet. Eg vart ganske frustrert over at ho virka så sløv og uinteressert på dagen.

Når vi kom heim fem dagar etter fødselen, jobba eg heile helga med å få snudd døgnet slik at ho skulle sove på natta i staden for dagen, og med å få i gang amminga. Ho hadde framleis litt gulsott og var sløv, så det var ikkje lett å få kontakt med henne. Frustrasjonen var stor over at vi fekk så god kontakt og at kommunikasjonen mellom oss fungert så bra det første døgnet, men at den så vart avbrote ganske brått. Som nybakt og usikker mor, utruleg sliten og utmatta, var det vanskeleg å tru at det var gulsott som gjorde det, og nytte dei små høva der ho faktisk var våken og ville ha mat. Vi kom inn i ein vond sirkel som varte ei stund, og som utvikla seg vidare og fekk innverknad på kontakten og samspelet oss i mellom.

Livet var som ei berg og dalbane der eg kjende lykke og tilfredsstilling ved å kjenne på vår felles kontakt i det eine augeblikket, og frustrasjon over å føle at det var mislykka i det andre augeblikket. Som eg har nemnt tidlegare skulle dette prege arbeidet mitt med å samle inn materiale ei tid framover, og dei neste vekene var, som eg også vil kome attende til, eit svart hol i arbeidet og tilværet. Eg var så uroleg og så tung at eg hadde meir enn nok med å berre eksistere.

I veke fire la ho på seg 600 gram, og eg vart svært letta og merka at Johanne også vart litt meir våken. Det merkelege her er at eg i loggboka skriv at ho smiler ofte no, men at eg ikkje får noko kontakt med henne. Dette verkar som ei stor motsetning, og eg finn ingen samanheng i det. Eg hugsar at eg reagerte også når eg var midt oppe i det. Det var akkurat som om ho smilte ut i lufta dersom vi snakka med henne eller gjorde ein morosam lyd, men ho såg lite på oss, og det verka som ho var heilt uinteressert i å få i gang eit samspel.

Skildring og analyse av video-opptaket:

Video-opptaket eg viser til er frå den 9. og 11. februar, altså akkurat denne fjerde veka og midt i at alt ser så mørkt ut. Det eg tenkjer når eg ser opptaket i ettertid, er at eg kan sjå heilt klart at der er noko i kommunikasjonen vår som ikkje fungerer heilt, eller i alle fall ikkje stemmer overeins med "glansbildet" eg hadde frå det eg hadde lese at andre forskarar hadde funne ut. Men, eg vil også presisere at det på opptaket ikkje ser på langt nær så ille ut som eg skildrar i loggen.

For å ta det positive først, så ser ho på meg intenst ei stund heil i byrjinga av opptaket, så det er i alle fall blikkontakt frå starten av. I tillegg lagar ho ein lyd som ho også lagar seinare i opptaket, og tek deretter til å lage små regelmessige stønnelydar. Desse små lydane, samtidig som ho ser intenst på meg, ser eg på no som eit tydeleg teikn på å ville kommunisere og å ville starte på ei samtale. Etter ganske kort tid startar ho å skrike, og vil ikkje fortsetje dialogen. Deretter vert opptaket kutta brått, noko eg angrar på no i ettertid. Eg ville gjerne ha fortsett opptaket for å sjå kva som skjedde vidare, om ho kunne bli trøysta eller om vi kom i gang igjen på ein eller annan måte. Men der og då trur eg at både eg og mannen min tenkte at det ikkje var nokon vits i å fortsetje opptaket, då ho ikkje var interessert i å kommunisere meir.

Eg er usikker på kva som gjorde at ho begynte å skrike. Det kan ha vore magesmerter, noko luft ho ikkje fekk opp, eller det kan ha vore noko i vår kommunikasjon ho reagerte på. Til dømes det Stein Bråten skriv om som skjer i stemmen og rørlene til ei mor som er nedstemd, og som påverkar barnet til å ville ha mindre kontakt og ikkje vert ein like aktiv deltakar i samtala. I alle fall er dette eit video-opptak som er svært karakteristisk for denne perioden, alle opptak vi har er på same måte og endar brått og ganske raskt etter at Johanne startar å henge med leppa. Det eg gjerne skulle sett no i ettertid om eg kunne spole tida tilbake, og vi ikkje hadde kutta så brått desse opptaka, var om det til dømes hadde hjelpe å syngje "Den fyrste song" til henne. Dette får eg aldri vite då eg ikkje kom så langt at eg song den for henne, men heller song den ved andre høve i staden. Men i alle fall kan eg heilt klart sjå teikn på eit gryande samspel mellom oss.

Kommentarar frå Trevarthen:

Det Trevarthen sa når han såg desse to opptaka, som er ganske like, er at ein også her kan sjå at Johanne vil kommunisere med hendene og rørlene sine. Ho har den høgre armen høgst når ho lear hendene, noko som tyder på eit ønske om kommunikasjon. Som eg har nemnt før er venstre handa for spedbarn eit symbol på å ville ta i mot, få, medan Trevarthen hevda at den høgre handa var eit symbol på det motsette, å ville kaste ut, gje, altså den "utadvendte" sida. Han gav meg eit godt råd om å sjå på kva for ei av desse to hendene som veiva høgst og var mest aktiv, for å sjå på kva for type kommunikasjon dei var ute etter og kva for behov dei hadde.

I tillegg meinte Trevarthen at ein heilt tydeleg ser ein timing i samtala vår der eg spør eit spørsmål, eller seier "ja", og Johanne svarar rett etter med eit "ehh". Han meinte også at tunga til Johanne sa mykje, og også munnen hennar. Han påstod at Johanne ikkje kommuniserte så mykje med lyd, men masse med rørsler, tunge og munn. Ho lagar ein slags A-form med munnen og stikk tunga ut, eller rører på den. Dette er teikn på samtale, utan lyd. Trevarthen sa også at han trudde ikkje eg var deprimert nok til at dette skulle

gje utslag etter det han kunne sjå på filmen, men at ein sjølv sagt aldri kan vite. Han meinte at det ikkje var noko spesiell grunn til at Johanne begynte å grine og ikkje ville samtale meir. Kanskje ho hadde vondt i magen, eller kanskje ho rett og slett ikkje var interessert akkurat då. Han forsikra meg om at dette også var normalt. Babyar er som vi, ikkje alltid interessert i å vere sosiale, og han trudde ikkje det var noko spesiell grunn til dette.

Samanlikning med tidlegare forskning:

Daniel Stern skriv om denne perioden som tek plass frå 0-2 månader, og refererer til den som perioden der "the emergent relatedness" utviklast. Det eg meiner er at eg på video-opptaket merkar teikn på ein gryande kommunikasjon og eit slags teikn frå Johanne på at ho vil kommunisere, men at ho kanskje ikkje endå er heilt tydeleg og at det ikkje alltid er like lett å sjå kva som skjer.

Stern skriv nettopp at i løpet av desse to månadene utviklar spedbarnet ei aktiv kjensle av eit gryande sjølv, den er ikkje samanhengande endå men er på veg, og dette skjer i samspel med mor. Stern påpeikar at spedbarnet har ei medfødt evne til å integrere ulike sanseintrykk, og ei evne til å konstruere samanhengar i tillegg til at dei har mulegheit til å sanse samanhengar direkte. Men sjølv om denne evna er medfødt er den endå under utvikling, og ikkje på nokon måte ferdig til å setje i gang med dei store samtale. Dette vert utvikla sakte men sikkert gjennom dei første månadene.

Det kan vere lett å tenke når ein les frå Bråten og Trevarthen som skriv at barnet både etterliknar lydar og ansiktsuttrykk den første timen etter fødselen, at barnet som vert født allereie er klar for samtale, at denne evna ikkje berre er medfødt, men også til og med ganske bra utvikla gjennom tida i mor sin mage. Eg kan i alle fall ikkje seie at dette stemde med Johanne sjølv etter fire veker, at ho kunne kommunisere på eit slik plan. På den måten må eg seie at eg heller meir til Stern sin teori. Dette trass i at også Trevarthen seier at barnet har medfødt evne til samspel som ligg koda i barnet frå før fødselen, men at kommunikasjonen byrjar med blikkontakt, og at mor og barn etter kvart utviklar kodar ved lydar og rørsler som er heilt private og som berre dei to forstår.

Eg synest i ettertid når eg ser på opptaka at det ikkje ser så mørkt og ille ut som eg kjende midt oppe i det heile, og som det kjem fram av loggboka. Likevel, det var noko som eg synest ikkje stemde heilt i samspelet vårt, spesielt når ein samanliknar med Bråten og Trevarthen si forskning. Det at Johanne aller helst låg og stirra ut i lufta og ikkje var så interessert i kontakt med meg var ein ting, men eg ser også på desse små video-opptaka som er eins med nr. 3 som eg har lagt ved, at samspelet vert avbrote av ein eller annan grunn.

Det eg også kan sjå av dette video-opptaket er at vi ikkje verkar til å tilpasse kvarandre i samspelet som Trevarthen skriv om, der han samanliknar samspelet mellom mor og barn som eit musikkstykke der musikarane tilpassar seg kvarandre, og den eine startar og den andre svarar og plutsleg er det omvendt. Eg veit ikkje kvifor dette skjer, men det kan vere at eg overkøyrer Johanne i samspelet vårt og vil ha kontrollen. Eg synest ikkje det er så ille akkurat i dette opptaket, men eg kan sjå tendensen. I fleire opptak seinare overkøyrer eg henne så ille at eg nesten ikkje har lyst å sjå på opptaket no i ettertid. Det kan verke som eg er panisk etter å få kontakt og å styre samtala dit eg vil.

Stern skriv jo også om dette, der han seier at barnet treng hjelp til å regulere intensitet, rytme og tempo av stimulering. Dersom barnet vert overstimulert, kan det få angst og læringsevna går ned. Eg veit ikkje om det var så ille at Johanne fekk angst av overkøyringa mi, det tvilar eg på, men eg kan tenke meg at det kunne gjere henne misfornøgd, noko vi ser tydeleg på opptaket at ho vert. Eller som vi også veit frå den vaksne verda at om ein person er overintens og vil ha merksemd heile tida, er det lett å miste litt interessa for å kommunisere med dette mennesket, det vert for mykje og ein har lyst å gå vekk eller snu seg bort. Vi vaksne har lært oss god folkeskikk og korleis ein skal handtere slike situasjonar, men barn gjer berre det som er naturleg for dei. Det eg såg med Johanne var at ho heilt klart hadde evne til samspel frå første stund etter fødselen. Ikkje berre at eg erfarte samanhengen frå samspelet vårt gjennom svangerskapet til samspelet vårt rett etter fødselen med dei reaksjonane eg snakka om i førre avsnitt, men at der også var teikn til å prøve å kommunisere, sjølv om det var langt frå tydeleg.

Det er vanskeleg å finne eit klart svar på kvifor Johanne ikkje er interessert i å kommunisere så mykje i denne perioden, om det er min fødselsdepresjon eller overstimulering som gjer utslaget, eller om det rett og slett er desse naturlege svingingane eit spedbarn også har i lysta på å samtale med nokon. Det er også vanskeleg å seie kor mykje Johanne eigentleg prøvar å kommunisere og kor mykje ho lyttar og lærer og gjer seg klar til samspel, berre at denne utviklinga tek tid, som Stern hevdar. Eg vil seie så mykje som at eg ikkje kan samanlikne utviklinga til Johanne med den forskinga som Trevarthen og Bråten har gjort i sine analysar av video-opptak frå samspel med mor og spedbarn, men at eg kjenner meg att i Stern si forskning om utviklinga av det gryande sjølvvet.

Stern legg også vekt på at det er mating, soving, skriking og trøysting livet består av i denne perioden, og at den interaktive hovudoppgåva til mor her er å regulere matinga, sove- og vake- periodar og aktivitetssyklusar. Hovudvekta på den sosiale samhandlinga skjer rundt og i nettopp desse aktivitetane, det vil seie at mor si sosiale samhandling er småprat, nynning og smil i denne perioden. Dette kjenner eg att frå desse første vekene, der livet bestod av å regulere soveperiodane ved matinga, slik at Johanne kunne snu døgnet og sove meir på natta enn på dagen. I tillegg var det amming som var det sentrale i livet vårt saman. Dei store samspelstundene kom først seinare, der

dette var eit mål i seg sjølv og ikkje ein del av tida på stallebordet og kosing under matinga. Det utvikla seg meir og meir mot tider der vi begge kunne sitte å småprate med kvarandre i lengre tid.

Slik arta livet seg dei første fire vekene etter at Johanne vart fødd, det var ei tid eg hugsar som svært slitsam, men likevel ei tid eg ikkje skulle vore forutan. Fire veker kan verke som fleire år når ein ikkje har det godt, men heldigvis gjekk det mot lysare tider!

5.5. Den første merkbare forandring

Veke 5, 1 måned (11-18 februar) – Video-opptak nr. 4:

“Nybakt mor, eller nybakt hovudfagsstudent?”

“Johanne har begynt å legge på seg og verkar litt meir vaken og kontaktsøkjande. Med meg går det opp og ned som ei berg og dalbane. Nokre gongar føler eg overskot, lykke, mens ofte føler eg meg tung, nede, sliten, og at eg ikkje orkar noko som helst.....strek ikkje til..... Men endeleg litt meir kontakt!!! Eg begynner å slappe litt meir av på det - sjølv om ho stadig verkar “uavhengig” av oss og ofte verkar som om ho har meir lyst til å sjå på lampen, fargane på veggen eller ut vindauget i lyset, enn å ha kontakt og merksemd frå oss.....Vi har hengt opp ein “uro” over stallebordet, og den er ho veldig oppteken av! Det verkar også som om ho er meir interessert i at eg syng for henne, at ho i alle fall merkar at det skjer noko spesielt! Ho ser også ofte intenst på meg når eg snakkar med henne, ventar litt og smiler til meg. Har vore så stressa og følt at ingen ting har funka med Johanne, har vore så sliten og nede at eg ikkje har fått filma noko særleg dei første vekene, og det kjendest ut som om ingen ting av det eg trudde stemmer.....har ikkje overskot til å tenke på oppgåva akkurat no, har følt meg nede og sliten denne veka....”

(Frå loggboka 14. februar 2002)

Før eg tek til å analysere det neste video-opptaket, som for meg representerer eit stort skilje i utviklinga til Johanne og vårt felles samspel, vil eg ta føre meg den konflikta eg kunne kjenne på i balansegangen mellom å tenke hovudfagsoppgåve og å berre vere nybakt mor. Eg trur nemleg det har verka inn på materialet mitt at eg sjølv skulle vere aktiv deltakande

observatør og prøve og samle inn data, både på ein positiv og ein negativ måte.

Som det kjem fram av i sitatet frå loggboka over var eg stressa den første tida, og klarte ikkje heilt å berre konsentrere meg om amminga eller det å bli van med å ha født eit lite barn og slappe litt av. Eg tenkte mykje på at eg måtte samle inn stoff til oppgåva, og alt eg burde gjere både med filming og loggføring. Ei anna side var også at eg på denne tida arbeida som leiar for ei frikyrkje saman med mannen min, og dette fekk eg merke var ein vanskeleg jobb å ta permisjon frå. Dette var meir ein livsstil enn eit arbeide, og det bestod i stor grad av å hjelpe andre menneske og møte deira behov. Heilt frå den dagen Johanne var født kunne eg merke at den problemstillinga med "å dekke andre sine behov og jobbe med hovudoppgåva, eller ta vare på mine egne behov som nybakt mor" vart svært gjeldande i livet mitt.

Eg kan hugse at eg dagen etter fødselen stod opp tidleg for å "få noko ut av dagen", tok ein dusj og trilla med meg Johanne ut på gangen og daglegstova. Eg treffe to jordmødrer og spurte kvar alle dei andre som hadde født var. Dei svarte ganske overraska at "dei er på romma sine og gråter og slappar av, og det burde du også gjere!"

Daniel Stern tek opp i boka si *En mor blir til* (2000) eit omgrep som han kallar "morskjensle" og hevdar at når ein vert mor, utviklar kvinna ei mental innstilling som er grunnleggjande annleis enn den var før. Stern skriv at:

Den nye morsidentiteten dytter hennes allerede eksisterende liv til side og inntar den sentrale plass i hennes indre liv og gir det en helt annen karakter.

Stern hevdar rett og slett at når ein vert mor, går ein inn i ei slags verd for seg sjølv, der alt dreiar seg om henne sjølv og barnet. Forsterka vert denne verda ved amming som tek mykje tid og energi. Det er ulikt kor lenge ein vert i denne verda, men når barnet vert eitt år og mor som regel må attende på arbeid, byrjar andre ting å måtte innta hjernen og merksemda til mora dreier seg også om andre ting. Ein vil alltid, for resten av livet, ha morskjensla, men den vil berre ikkje vere like sterk til ei kvar tid. Stern hevdar at det er dette som er det sentrale i den begynnande mor-barn kommunikasjonen, og at relasjonen mellom mor og den nyfødde no for alvor byrjar å utvikle seg.

For å vere ærleg, trur eg ikkje at eg "tok meg tid" til å gå inn i denne prosessen før langt seinare, og at eg måtte ta eit oppgjør med denne balansen mellom å vere mor og alt mogeleg anna. Eg er uviss på kor tid, men i alle fall ved tre-fire månaders alderen gjekk eg for fullt inn i denne prosessen som Stern snakkar om, og den vart kanskje til og med forlenga på grunn av omstendet. Eg trur kanskje at eg allereie etter den første månaden, som eg har skreve i sitatet frå loggboka over, begynte å slappe litt meir av, og at eg klarte å nyte morsrolla meir. Eg trur likevel ikkje det var før etter tre månader at eg verkeleg klarte å ta dette på alvor.

Dette var sjølv sagt noko som prega arbeidet mitt med å samle inn data, og det førte til at eg i byrjinga ikkje klarte å berre vere mor, la kameraet gå og sjå kva som skjedde. Eg var for oppteken av eksperimenta. Om eg skulle ha gjort det igjen, ville eg prøvd å kutte ut tanken på kva eg skulle oppnå med opptaka, og heller vente til seinare med å analysere. Eg vart i byrjinga veldig usikker når eg ikkje fekk ting til å stemme, og eg følte i periodar at eg måtte prøve å få mitt arbeid til å stemme overeins med den tidlegare forskinga.

Eg hugsar at eg den fyrste gongen eg var på besøk i Noreg etter fødselen trefte ei venninne som nettopp hadde fått barn. Eg sat med sonen hennar liggjande på knea mine med ansiktet vendt mot mitt, og eg prøvde ut ulike grimasar der og då som til dømes å rekkje tunge, for å sjå reaksjonen. Eg vart sjokkert over at han fylgde grimasane mine og konverseringa mi "heilt perfekt" ut i frå det eg hadde lese, og eg vart svært usikker der og då. "Dette gjorde aldri Johanne, er det berre henne det er noko gale med? Er det noko med relasjonen vår som er gale?". Desse, og mange andre ulike spørsmål, kverna rundt oppe i hovudet mitt. Eg trur nok at eg til tider, på grunn av denne uvissa, gløymde å sjå kva som verkeleg skjedde og prøvde å sjå etter det som var "riktig" i staden. Eg trudde på ein måte det var ein slags mal alle barn skulle følgje, og visste ikkje at alle barn har ulike måtar å kommunisere på, som eg fekk lære seinare. Men atter ein gong må eg trekkje fram at video-opptaka hjelpte meg med å snu denne kjensla til noko positivt, då eg eit par år etter kunne sjå tilbake og analysere situasjonen på nytt.

Til sist vil eg nemne at dette med min nedstemde periode etter fødselen, som eg då såg på som berre negativt, ser eg på som noko annleis i dag. Eg trur mange kvinner kjenner seg slik etter ein fødsel, spesielt førstegangsfødande, og eg tenkjer at dette kan vere noko spanande å tilføre oppgåva ved at eg kan til ein viss grad sjå prosjektet både innanifrå og utanfrå.

Eg trur det er få kvinner som snakkar om desse kjenslene til andre etter fødselen, då ein er meint å vere så glad og lykkeleg over å ha fått barn. I mitt tilfelle var det berre meg sjølv og mannen min som såg dette for det som det eigentleg var heilt til eg begynte å snakke med andre om det, og eg trur dette er eins for dei fleste kvinner.

Eg kan ikkje seie med visse at kvinner som har vore med på forsøk med borna sine og vorte observert har hatt ei slik kjensle og ikkje snakka om det til dei som observerte dei, men eg er ganske sikker på at denne innfallsvinkelen ikkje er noko som er lagt stor vekt på utanom der det vert forska spesielt på fødselsdepresjonar. Eg ser i alle fall på dette no som eit positivt tilslag til oppgåva, og synest at diskusjonen vart meir moden og ærleg etter at eg byrja å sjå på dei tinga som eg her kanskje før har sett på som ulemper på ein annan måte, og som ein naturleg del av prosjektet. Eg må seie at det har vore berikande å sjå at ting som eg har sett på som negative og som ikkje burde ha funnest i arbeidet mitt, kan brukast til noko

konstruktivt for å få eit heilt bilete av røynda og samspelet mellom meg sjølv og mi nyfødde dotter.

Loggføring:

Video-opptak nummer fire består av to ulike samspelstunder mellom meg og Johanne frå den femte veka etter fødselen. Det første er frå den 12. februar og består av ei felles samtale, og det andre er frå den 18. februar og er eit klipp frå at eg syng "Den fyrste song" for henne. Johanne har no blitt ein månad gamal og denne veka er den første store forandringa som eg sjølv registrerer, sjølv om ho heilt klart må ha forandra seg mykje i løpet av den første månaden også.

Det er også tydeleg frå loggboka at det har skjedd ei forandring. Eg skriv i loggboka i denne perioden at eg får meir kontakt med ho, og at eg trur det kanskje er fordi ho la på seg 600 gram sist veke; det var første veka ho gjekk opp og ikkje ned i vekt. Eg trur difor at ho kan ha fått meir energi denne veka, og at det verkar positivt inn på vårt samspel og merksemda hennar generelt. Dette er som sagt noko eg skreiv der og då og eg er usikker på om dette er tilfelle, det kan vere at ho rett og slett har utvikla seg og at ein ser resultatata meir denne veka.

I tillegg skriv eg at ho er blitt veldig interessert i ein uro vi har hengt opp over stallebordet hennar, der vi kan dra i ei snor og den byrjar å spele musikk.. Kvar gong vi legg ho på stallebordet ser ho forventningsfullt bort på den som om ho seier: "kjem det noko lyd snart? Skal du spille for meg i dag?" Ho har også ein "baby-gym" med tøydyr som heng i eit stativ over henne som eg hugsar ho var veldig interessert i på denne tida, spesielt apen som heng til høgre for henne. Ho slår til den med handa og snakkar med den, så det er ikkje berre med meg ho har fått betre kontakt. Det viser seg også at ho er meir oppmerksom mot ting og leikar ho har.

Eg skriv også at eg får meir kontakt når eg syng, og at ho verkar meir interessert i songen min. Dette er eg også usikker på om det har noko å seie at ho nettopp har begynt å leggje på seg, eller om det er ein naturleg del av utviklinga. I tillegg hugsar eg at det verkar som om ho søker meir kontakt med Levi, mannen min, denne perioden og viser han merksemd når han kjem bort til henne. Eg skriv også at det verkar som om ho lyttar intenst når eg snakkar med henne, ho er heilt still, lyttar, smiler og så heilt still igjen og lyttar. Dette var eit mønster ho hadde lenge, og når Trevarthen såg opptak av det, fortalde han at dette var svært vanleg hos spedbarn. Han sa at dei trengte tid på å lytte og få med seg kva som skjedde, før dei kunne reagere og vise teikn på at dei var fullt med på samtala. Dette viste seg i at dei først stirra og lytta før det kom anten fram eit smil eller ein lyd, før dei gjekk attende til å lytte igjen til kva som skjedde vidare.

Skildring og analyse av video-opptaket:

Om vi går til det første opptaket som er frå den 12. februar, startar det med at eg allereie har sett at Johanne oppfører seg på ein måte som om ho er misfornøgd av ein eller annan grunn. Eg spør difor med ei mjuk og moderleg forståelsesfull stemme: "Har du vondt i magen din i dag?", der Johanne spontant svarar med eit stønn, som om ho verkeleg har vondt. Eg plukkar opp denne reaksjonen og spør på nytt: "Har du det?", kor ho svarar igjen på same måte med eit stønn og dette skjer ein tredje gong også.

Deretter kallar eg på henne og seier "Johanne?" som om eg vil ha kontakt med henne, men ho ser ein annan veg. For å få merksemda hennar, kjem eg med ein litt høg smattelyd med munnen og reaksjonen til Johanne kjem spontant: Ho snur seg mot meg med store, overraska auge og etterliknar den same lyden med eit høgt smatt. Når eg merkar at ho har reagert på min reaksjon og er med på samtala, vert stemma mi annleis. Den er ikkje så mjuk lengre, og eg behandlar ho utifrå responsen ho har gjeve meg og "nivået" ho har lagt seg på no og svarar med høgare volum på stemma og med mørkare leie: "Hei, hei, store auge?" Eg smattar igjen og repeterer "store auge" og smattar ein tredje gong, medan Johanne ser intenst og overraska på meg, og eg seier, som om eg ventar på ei ny etterlikning: "ser du mamsen?" Når ho ikkje reagerer med å smatte på nytt, men berre ser overraska ut, går eg tilbake til ei litt mjukare stemme igjen med litt lavare volum og seier: "Gullet? –pause- skal vi synge ein song? –pause- skal vi synge?"- pause- og i kvar pause eg gjer på desse tre spørsmåla stikk Johanne tunga ut som eit slags svar, nøyaktig på "beaten", det vil seie rytmen i korleis eg spør. Eg spør og ho svarar, med ein timing som til og med er rytmisk!

Så tek eg til å synge "Pål sine høner", der ho stirrar intenst, som om ho lyttar. Hendene hennar er heilt i ro, så ho kommuniserer heller ikkje med dei akkurat når eg byrjar å synge, men verkar konsentrert, som om ho vil finne ut kva som skjer. Eg syng feil og stoppar brått og seier med ei stemme som indikerer at vi tøysar litt: "Nei, det var no ikkje sånn den var!", og avsluttar med ein liten latter. Med ein gong eg snakkar att, seier denne setninga og tek ein pause, svarar Johanne med å stikke ut tunga igjen. Så tek eg til å synge på nytt, og denne gongen har ho litt rørsler med venstre hand. Ho rekk ut tunga mot slutten og gryntar før ho stirrar intenst igjen, som om ho var meir førebudd på songen denne gongen og visste kva som skjedde, og dermed kunne delta i samspelet.

Etter at songen er over, tek vi til på ei ny samtale, der kommunikasjonen verkeleg tek til å svinge. Eg seier først: "Ja, der kom han igjen – pause – såg du det?" (eg snakkar om pappa med kameraet). Johanne svarar med eit slags grynt, eller ein lyd som går nedanfrå og opp i stemmeleie, i tillegg til at ho smiler litt. På hennar respons, som eit svar på at ho svarte meg, seier eg "Ja," og ler litt, noko som fører til det same svaret frå Johanne. Deretter går samtala glatt, der eg held fram med: "såg du at han kom igjen no? –pause- ja –pause- er det sant? –pause- ja –pause- ja, fortel du noko spennande? –

pause- ja, fortel du noko spennande til mamma? –pause- ja, kva du seier då? –pause- ja.” I pausane kjem Johanne med eit grynt kvar gong, og med eit lurt blick som om ho vil ha ei samtale. Hendene rører seg litt, men ho er mest konsentrert og ein merkar at her kommuniserer ho med lyd og tunge og ikkje så mykje rørsler. På slutten av samtala, når eg spør om ho fortel noko spanande, gjer ho rørsler med munnen og tunga som om ho vil seie noko men ikkje får det fram, og løftar seg litt opp før ho gryntar igjen.

Det neste klippet som er teke opp den 18. februar, det vil seie i same veke, kan ein sjå tydelege teikn på det same der vi har ei ny, meiningsfull samtale. Men eg vil først ta føre meg det som skjer først i klippet, der eg syng “Den fyrste song” for henne.

Når eg tek til på det første verset, stoppar handa hennar å lee seg litt og ho ser på meg med store auge og med “måpande” munn ei lita stund, nesten som om ho må konsentrere seg litt for å høyre etter kva som skjer no. Etter eit par strofer startar ho å seie små lydar på “ææh,ææh” medan ho tek til å røre litt på hendene igjen; Johanne har fått med seg kva som skjer, og samspelet er i gang!

Når det andre verset kjem, startar ho med å “synge” med på “ææh,ææh” lyden sin ei stund, før ho vert still og konsentrerer seg om å lytte att. Ho stirrar ei stund med open munn, før ho tek til å lee høgre hand forsiktig og legg den så ned igjen. Så kjem ein sekvens som er svært interessant og som Colwyn Trevarthen hjelpte meg å verte oppmerksam på og som har imponert meg kraftig, samtidig som eg har irritert meg over at eg ikkje har sett det sjølv tidlegare. Eg går rett over frå andre til fjerde vers, og då er Johanne vorten så varm i trøya og kjenner seg igjen i kva som skjer, og vert med i samspelet med å dirigere med høgre hand samtidig som eg syng! Ho kjem i gang mot slutten av første frase “...og når eg sliten trøytnar av”, der ho løftar handa på siste del av “trøytnar”, som er opptakta til første slag i siste takt av frasen, med ordet “av”, der ho tek handa ned, rett på slaget. Så er det opp igjen med handa på “i”, som er opptakt til første slag i første takt av andre frase, “...i strid mot alt som veilar”, og tek handa ned att på “strid”, som er eineren i denne første takta. Deretter i resten av denne frasen tek ho handa ned på både kvar åttendedelsnote, (som er opptakt til dei punkterte fjerdedelsnotane) og kvar punkterte fjerdedelsnote, slik at ho dirigerer nedover med handa i ein slags “einer-figur” på alle slaga. På tredje frase, “...eg høyrer stilt frå mor si grav”, tek ho handa opp att på “eg”, som er opptakt til “høyrer” det vil seie første slag i frasen, og tek handa ned att på dette slaget. Ho tek deretter handa ned att på “mor” og “grav”, som er tredje og fjerde slaget i frasen.

I den siste frasen “...den song som allting heilar”, sluttar ho å dirigere og kjem med eit smil i staden, så eit par stønn før ho opnar munnen som om ho vil vere med å synge songen. Eg nynnar eitt vers til slutt, der Johanne lyttar, gryntar litt, tek først eine, så begge hendene opp i rørsler, før ho gjer frå seg eit nytt grynt og så er still igjen. Dette trur eg er det opptaket eg har som eg

personleg synest er det mest nydelege samspelet frå heile det første leveåret. Ein kan sjå ansiktet til begge to og leggje merke til korleis vi følgjer kvarandre, ikkje berre i tonar og rørsler, men også i ansiktsuttrykk og kjenslestemmingar. Når eg ser at Johanne er med på songen vert eg glad og rørt, og gjer uttrykk for det til henne med varme smil og ei mjuk stemme i songen. Ho svarar på det med å smile og gje seg endå meir hen i samspelet.

Den siste delen av dette klippet er ei ny samtale mellom meg og Johanne som tek til etter at vi er ferdige med songen. Eg er overvelda over at det var så tydeleg at ho verka som om ho ville vere med på songen og spør: "skal du synge og?", der ho svarar på spørsmålet med ein lyd med det same. Så kjem det ein del der samtala kjem litt ut av det, i alle fall etter mine systematiske vurderingar, men det eg kan sjå er at eg heilt tydeleg her behandlar Johanne som eit "større spedbarn" med røffare rørsler og samtale. Ho nys, og eg responderer med ein overraska rørsle og ein høg "nyselyd", og tek deretter til å kysse masse på henne. Ho veivar og kommuniserer mykje med høgare hand som om ho vil vere med å snakke. Ho stirrar overraska på meg, og brukar også tunga og munnen som om ho prøvar å uttrykkje noko, men det kjem ut som lyd berre av og til.

Men så til sist er vi attende i den felles samtala att der eg spør og ho svarar, og ein kjenner på timingen oss i mellom. Eg spør om vi skal synge og ho svarar. Så spør eg igjen om ho skal synge med mamma, og ho svarer med det same. Det er heilt openbart at eitt eller anna har skjedd i utviklinga av vår kommunikasjon, men det kan også vere at Johanne sine teikn på å ville kommunisere vert tydelegare, og at eg difor vert tryggare og gjer meg meir hen i samspelet. Det er lettare å leggje merke til Johanne sin vilje til å ville ha ein interaksjon der ho svarar på spørsmåla mine med lyd og syng med når eg syng, enn tidlegare når ho tok del i songen ved å berre glipe med augene, og kommuniserte ved å veive med armen. Noko har skjedd, i alle fall med mi oppleving av samspelet vårt, og den mørke perioden var på veg til å gå over.

Kommentarar frå Trevarthen:

Trevarthen viste meg når han såg desse opptaka korleis eg forandra kroppsspråk og stemmeleie etter kvart som Johanne utvikla seg, og vår felles kommunikasjon utvikla seg. På dette fjerde video-opptaket behandlar eg henne på ein heilt annan måte enn dei tre første opptaka.

Ein annan kommentar både Colwyn Trevarthen og Ben Schögler hadde når dei såg dette opptaket med denne eineståande dirigeringa som er heilt i takt og direkte på "beaten", var at det var heilt umogeleg at Johanne kunne ha gjort noko slikt om det ikkje var for at ho hadde memorert og innlært denne songen frå før. Dei meinte dette var eit heilt tydeleg bevis for at ho hadde høyrte og hugsa songen frå tida gjennom svangerskapet, og at ho no kunne gje att songen ved å dirigere den med handa. Dei gjorde meg oppmerksom på at dette var den same typen av gjenkjenning som Johanne hadde på

sjukehuset fyrste gongen eg song songen, berre at då "dirigerte" ho den med augene i staden. Då opna ho augene mot slutten av kvar frase, som om ho visste kva som skulle kome.

Trevarthen forklarte meg at Johanne må ha hugsa forteljinga i songen, eller "the narrative" som han sjølv uttrykte det. Barn lærer songar svært fort og kan følgje med i desse narrativane anten med auge, tunge, rørsler eller lyd. Det var dette som skjedde med Johanne i opptaket der vi syng saman, at ho gjenkjende frasene i narrativen og kunne forutsei kva som kom til å kome heile vegen.

For meg var dette revolusjonerande oppdagingar og utrulege stadfestingar på at Johanne og eg verkeleg har hatt eit samspel gjennom svangerskapet, og at dette no fortsette med full styrke i kjende omgjevnader.

Ein viktig ting eg lærte i Edinburgh når eg hadde samtalar med Trevarthen, var at babyar ser etter interaksjon og ikkje imitasjon. Eg spurte Trevarthen heile tida om kvifor Johanne imiterte meg så lite, det hende berre av og til, og det verka som om ho ikkje brydde seg om å etterape meg. Han kunne fortelje at eg måtte sjå på henne som ein likeverdige muskar, som ville ha gjensidig kommunikasjon og ikkje berre prøvde å imitere. Grunnen til at spedbarn imitere, hevdar Emese Nagy og Peter Molnar i artikkelen "Homo imitans or homo provocans? Human imprinting model of neonatal imitation." og som Trevarthen gav meg, er at dei ser ein vaksen gjere ein gest eller lage ein lyd, og vil gjerne sjå eller høyre den bli gjort igjen. Difor gjer dei den same lyden eller den same gesten, og ventar på at den vaksne skal respondere og gjere det på nytt. På denne måten kan ein sei at barnet ikkje imiterer, men derimot prøvar å provosere fram ein reaksjon hos den vaksne. Barnet er ute etter å konversere, ikkje berre herme etter den vaksne. Nagy/Molnar skriv om oppdaginga dei gjorde i eit forsøk på å studere om spedbarn sin immitasjon:

Newborns spontaneously produced previously imitated gestures while waiting for the experimenter's respons. Results imply that infants are not only capable of responding to a model movement by imitating, but that they also have the capacity to to provoce an imitative response, thus sustaining an interaction.

Samanlikning med tidlegare forskning:

For meg personleg var det fantastisk å merke denne forskjellen og utviklinga i merksemda til Johanne og vår felles utvikling. Det fekk meg til å slappe meir av, og nyte stundene med henne meir. Om eg går attende til Daniel Stern og forskinga hans, er dette ei utvikling som har teke plass heilt frå fødselen av og som held fram den neste månaden også. At mora går inn i meningsfulle samspel som utviklar seg. Han skriv at mora fortolka alle åtferdsmønster og tillegg dei meining, og at dette er ei opptakt til sjølve samspelet. Det kan ta

tid, spesielt for ei førstegangsfødande mor. Men også generelt kan det ta tid å bli kjent med barnet sitt, slik at ein kan tolke desse åtferdsmønstra som skapar denne opptakta. Barnet går gjennom ei utvikling, men også mora, i tillegg til ei felles utvikling i deira felles kommunikasjon. Stern hevdar i alle fall at når barnet er i stand til det, vert meiningsdanninga noko som skapast gjensidig og felles.

Det skjer altså ei utvikling i denne perioden frå 0-2 månader, der premissane for at ei intersubjektiv utveksling skal finne stad er at foreldra må vere i stand til å avlese spedbarnet si kjensletilstand ut ifrå barnet si ytre åtferd. I tillegg må foreldra utvise ei åtferd som på ein eller annan måte korresponderer med spedbarnet si ytre åtferd, og barnet må vere i stand til å avlese denne korresponderande reaksjonen frå foreldra.

I dette opptaket ser vi også den "timinga" som både Trevarthen og Bjørkvold snakkar om i stor grad. Vi spelar på kvarandre sine spørsmål og responsar, og flettar oss inn etter kvarandre som i ein jazz-improvisasjon. I tillegg kan ein sjå det Stern snakkar om med å kjenne til kvarandre sine korresponderande responsar for å få til ein interaksjon, og det er lett å sjå at eg er tryggare på Johanne og gjer meg hen i samtala utan å tenke så mykje "eksperiment". Som Trevarthen snakka om, kan ein sjå at eg har fylgt utviklinga til Johanne i korleis eg snakkar med ho og korleis eg følgjer etter hennar sinnsstemningar, ved å vere røffare i språket og rørsleane når eg ser at ho tør opp og vil snakke.

I ei og same samtale som berre varer i nesten to minutt, kan ein sjå at ho både prøvar å imitere lydar eg lagar med tunga, responderer på mine spørsmål først med lyd, så med tunga og deretter med lyd igjen, etter at ho har fylgt nøye med på kva som skjer og er klar til å gje ein respons. Berre ein månad gamal har vi eit samspel som har utvikla seg vidare etter fødselen, og som stadig kjem til å utvikle seg i stor fart framover.

Med alle desse lærdomane og bevis på at Johanne både hugsar og er i stand til å ha ei så avansert samtale berre ein månad gamal, er eg meir overbevist enn tidlegare over at Johanne må ha førebudd seg på samtale allereie innan fødselen, og at desse talenta innan kommunikasjon på ein eller annan måte er medfødt. Denne førebuinga er også ei førebuing for læring etter fødselen, og frå no av gjorde denne læringa raske framskritt i vekene framover.

5.6. Det svingar for alvor!

Veke 9, 2 månader (12-17 mars) – video-opptak nr. 5:

Loggføring:

"Det fantastiske har skjedd at ho er utruleg mykje meir oppteken av kontakt! På måndag var

første gong ho heller ville sjå på meg enn på uroa på stallebordet, SJØLV NÅR HAN SPELAR!!!! Ho smiler masse, og ser nesten heile tida på oss når vi snakkar med ho. Ho ser også mykje rundt seg, men ikkje så mykje som før - er meir oppteken av oss, endeleg!!! Eg elsker å sitte og snakke med henne når ho smiler og er oppmerksam, det er heilt fantastisk det som har skjedd! I byrjinga var det berre når ho sat i vippestolen og eg snakka med henne at ho var oppmerksam og eg fekk henne til å smile, men no er ho også slik når ho sit mot meg på fanget, eller ligg og får pupp. "

Eg traff mødregruppa mi denne veka og eg synest til og med at Johanne ligg litt før dei andre barna i utvikling, utan at eg kan seie dette sikkert. Ho er mykje meir oppmerksam enn dei andre babyane, kanskje ho ikkje er så unormal likevel? "

Ho held hovudet sitt betre, og ho er vorten mykje meir interessert i musikk generelt ved at ho smiler og kosar seg når vi syng saman. Eg merkar og at ho er meir oppmerksam på meg enn på dyra på "baby-gymmen". Ho elsker desse dyra , men det verkar som om ho forstår forskjell på meg og dei; at eg er levande og ikkje desse dyra. No startar ho nemleg å vende seg bort frå dei når eg kjem bort for å prate med henne, og det gjorde ho aldri før. I tillegg tek ho til ho å "bale" litt denne veka, og i slutten av veka tok det heilt av med bablinga.

Ho har også begynt å etterlikne mykje meir smattelydar eg gjer; eg ser dette stadig oftare. Ho seier stadig ikkje så mykje lydar, men derimot lyttar ho masse og smiler og brukar armane. No etterliknar ho også nokre gongar når eg seier "hei vennen", og nesten syng dette på ein glissando som går ovanifrå og ned. Dette er det "faste" ho etterliknar, men nokre gongar hermar ho også på ein støtvis lyd, på same stemmeleie, der ho seier denne lyden støtvis heile tida, nesten i munnen på meg. Ho har blitt så stor denne siste veka her - eg har merka så stor forskjell!! Også så vaken og oppmerksam ho er blitt, ho er nesten ikkje ein liten baby lenger, men eit lite barn! "

(14. mars 2002)

På dette tidspunktet er Johanne vorten to månader, og eg kunne merke endå eit stort skilje i utviklinga på vårt felles samspel. Det første store, merkbare skiljet var etter fire veker, då samspelet oss i mellom begynte å blomstre og

Johanne si merksemd vart meir retta utover. Ho hadde sjølv sagt prøvd å kommunisere innan dette også, men det var meir i form av "innadvendte rørsler" som blinking med augene og munn og tunge rørsler. Etter to månader merka eg kanskje den største forskjellen i kva for grad eg fekk kontakt med henne, og dette gjorde også meg sjølv litt lettare til sinns. Eg trur eg her kan seie at samspelet vårt byrjar å utvikle seg over mot ein gryande kommunikasjon, som kanskje allereie starta litt i forrige månad. Dette er eg usikker på, men noko har i alle fall skjedd.

I tillegg var det omlag på denne tida at eg for alvor begynte å gje meg hen i morsrolla, og gå inn i denne tilstanden av ei verd for meg sjølv der berre eg og Johanne eksisterte. Dette merka eg også stor forskjell på når det gjaldt kontakten som eg og Johanne hadde, som igjen fekk innverknad på samspelet vårt. Eg skriv i loggboka denne veka om den utrulege forskjellen som har oppstått, og ein kan merke at det er ein annan tone enn tidlegare

I tillegg skriv eg også denne veka at eg har treft mødregruppa som eg har vorte sett i saman med i tillegg til ei anna mor som eg låg på sjukehuset saman med, og at eg til og med synest at Johanne ligg føre i utviklinga. Eg hadde ikkje sett nokon eg kunne samanlikne med på lenge, slik at det har vore vanskeleg å vite. Det verkar som om eg vert tryggare og rolegare av dette. Det verkar også som om eg her godtek meir at Johanne ikkje kommuniserer så mykje med lyd, men at eg har registrert at armane og smilet er ein viktig faktor i kommunikasjonen også.

Skildring og analyse av video-opptak:

Video-opptaket eg har valt som eksempel frå denne perioden er frå den 15. mars, og det første klippet startar med at ho sit i vippestolen sin og at eg kjem over ho og set meg ned ved sidan av henne. Når eg kjem, vender ho seg bort frå leikedyra på "baby-gymmen sin", og ser mot meg med store auge.

Eg seier "hei" med lys og mjuk stemme og ho responderer med eit smil umiddelbart, noko som fører til at eg les hennar "kode" til meg om at ho vil snakke meir og eg seier igjen "heisann....hei.....". Ein kan sjå at eg her, som Trevarthen snakka om, reflekterer hennar rørsler og kjenslestemming ved at eg med det same eg ser det store smilet hennar vert meir glad i stemmen, og seier dei neste orda med ein liten latter og eit stort smil tilbake til henne. Når ho viser meg at ho er glad, viser eg med ansikt, kroppsspråk og stemmeleie at eg følgjer henne og vert glad også. Ho har open munn og tunga lear seg, det same gjer armane, som teikn på at ho er klar for samtale.

Etter det siste "hei/et", lagar Johanne to høge, støtvide lydar som respons på min glade respons til henne. Etterpå seier eg: "Ja, vart du så glad no då? Når mamma kom?", og viser at eg har fanga opp sinnsstemninga hennar. Ho stikk tunga ut igjen og veivar med armane, der den høgre armen som symboliserer utadvendt kontakt, at ein vil seie noko, er høgst oppe og mest rørsle i.

Så seier eg "hei, skatten", og den same lyden kjem att tre gonger. Ho har ein syklus der ho lyttar, ventar og reagerer, Eg responderer her til henne att med å sei: "hei, ja – og så gjere lyden som ho gjorde - ja, ja". Etterpå spør eg eit spørsmål som for å finne ut om eg har oppfatta henne riktig: "ja, sant det er morosamt?" og ho responderer med ein lyd med det same. Etter denne stadfestinga seier eg : "hei skatten...hei...kor det går med deg?...kor det går med deg?...hei...", der Johanne svarar denne gongen med å stikke ut tunga. Eg spør ein gong til "kor det går med deg?", og denne gongen får eg responsen som ein lyd att og eg stadfestar med eit "ja". Timinga mellom oss er som i ei kva som helst slags samtale, sjølv om det kanskje berre er eg og Johanne som forstår samtala og tillegg den meining.

Etter denne samtala, går Johanne over til å sjå på "vennane sine", det vil seie leikedyra på "baby-gymmen sin". Eg følgjer henne med det same og spør: "leikar du med venane dine?", for å stadfeste at eg har sett kva ho vil og følgjer etter henne. Eg startar så å fortelje kva som er apekatten, grisen og bamsen, og at dei er venane hennar. Ho stirrar intenst på leikane og det ser ut for ein liten periode som om det er alt ho er oppteken av, men så etter ei stund, når eg spør om ho elsker venane sine og seier at dei er så kjekke og leike med, startar armen å røre seg. Når eg etterpå seier "hei skatten, er det berre venane?" svarar ho med støtvide mmm...mmm...mmm... som om ho viser at ho fortsatt er med i samtalen, berre at vi har inkludert venane hennar også.

Dette er ganske spesielt, fordi det er første gongen vi saman er opptekne av noko anna, noko felles. Innan dette har Johanne anten vore oppteken av noko anna og ikkje villa snakke med meg, eller så har ho berre vore oppteken av meg og ikkje sett på noko anna. Men denne gongen kan vi kommunisere, samtidig som vi har felles merksemd mot noko anna. Det er sjølv sagt ikkje slik at vi leikar saman endå, men at Johanne kan dele merksemda si mellom eit objekt og mamma.

Det neste klippet på opptaket tek føre seg ei samspelestund med pappa der han syng "Kjærleiksvisa" for henne, som han song regelmessig dei siste månadene Johanne oppheldt seg inne i magen min. Eg ville gjerne sjekke ut om Johanne kunne høyre og memorere også pappa sin song gjennom svangerskapet, eller om dette privilegiet var reservert mamma og at hennar stemme var den einaste ho høyrde gjennom fostervatn og livmor. Som sagt var det ingen teikn på at Johanne kjende att pappa si stemme rett etter fødselen, der det var mi stemme som fekk henne roleg og førte til at ho begynte å suge på handa og glipe med augene. Det verka som om pappa si stemme inngjekk saman med andre framande personar sine stemmer heilt i byrjinga, men at det tok kort tid før ho også "lærte" seg pappa si stemme og vart trygg saman med han.

Når eg ser dette opptaket, vert eg derimot i tvil, men eg har funne det vanskeleg å tolke kva som kan vere innlært frå tida før fødselen og etter

fødselen. Som ein kan sjå på opptaket er Johanne svært oppmerksom og lyttande når pappa syng, sjølv om ho ser ein annan veg. Det kan nesten verke som om ho ser ein annan veg for å kunne konsentrere seg meir om berre songen, utan å måtte bruke merksemd på andre ting, som ansiktsuttrykk og rørsler også. Begge armene hennar lear seg mykje og kraftig, men det er ikkje rytmisk etter songen, heller som meir "spasmiske" rørsler som ikkje er kontrollerte. Derimot kan ein sjå at den høgre handa er høgst oppe og rører seg mest, så der er eit teikn på eit ønske om kommunikasjon.

Det som er svært interessant og spanande, er å sjå at Johanne også med pappa sin song følgjer dynamisk med, sjølv om det ikkje er med armene som direksjon denne gongen. Om ein ser nøye på opptaket, ser ein at Johanne avsluttar kvar frase ved å strekkje ut tunga! Når eg la merkje til dette og kor rytmisk det var, var det nesten som eg ikkje kunne tru mine egne auge. Eg tenkte at det var min song, både i og utanfor livmora, Johanne var mest van med.

Etter første frase "Når sommardagen ligg utover vannet" skjer det ingen ting, som om ho ikkje er heilt førebudd. Men så, etter andre frase "...og æ og du har funne oss ei strand..." kjem tunga ut, sjølv om det er litt etter – som om ho vil forsikre seg om at frasa er over. På neste frase "...og fire kalde pils ligg nedi vannet.." kjem tunga også her litt etterpå, medan dei to neste frasene "...og vi e brun og fin og hand i hand..." og "...når vi har prata om ei bok vi lika..." kjem tunga rett etter på begge frasene. På dei siste frasene stikk ho ikkje ut tunga, men rører tunga og munnen heile tida og kjem med ein lyd heilt til slutt som eit slags teikn på at dette var avslutninga.

Det ein kan sjå i tillegg er at Johanne tek ei lita pause i dei veldige handrørslene mot slutten av kvar "hovudfrase", det vil seie etter annan kvar frase "og æ og du har funne oss ei strand", "og vi e brun og fin og hand i hand" og "og alt e bra og ikkje tel å tru", som på ein måte uttrykkjer ei endå tydelegare slags avslutning. Dette synest eg er svært interessant, men også forvirrande etter den reaksjonen Johanne hadde den første tida etter fødselen når ho høyrde pappa si stemme snakke.

Kommentarar frå Trevarthen:

Når Trevarthen såg det første opptaket, var han oppteken av at dette var som ein dialog der vi begge var involverte og "shared time" som han uttrykte det. Det var ikkje slik at eg leda og Johanne skulle imitere og følgje, men at det var som om vi delte ei historie saman, "shared narrative" som han sa, og at dette var dialog for eit spedbarn.

Trevarthen snakkar om at denne timingen mellom mor og barn, kombinert med det kjenslemessige uttrykket i protokonversasjonen ved 2-3 månaders alderen, førebur barnet vidare til språkleg kommunikasjon. Dette skjer ved å

frambringe meininga til barnet ved å praktisere ikkje-verbale former for ansikt, stemme og gestikulasjons- uttrykk i interaksjon med partneren, som tilbyr gjensidig, sympatisk menneskeleg respons, som eg viste til tidlegare der Johanne responderer med ein syklus der ho oppfører seg som vi vaksne ville ha gjort. Vi lyttar, ventar og kjem til slutt med små responsar som eit nikk, eit mmm, eller eit ja. Dette var i følge Trevarthen det største teiknet på at det finnest ein "timing" i samspelet mellom mor og barn. I tillegg påpeika Trevarthen den tendensen eg hadde til å gjenta lydane Johanne gjorde, eller at ho gjorde ei kroppsrøyrslé og at eg gjenntok denne i form av ein lyd som "passa" til. At omsorgspersonen anten lagar den same lyden som barnet og repeterer, eller at ein lagar ein lyd som tilsvarar kroppsrøyrsla til barnet, for å vise at ein responderar og at ein vil ha meir av dette, er svært vanleg i følge Trevarthen og teikn på ein kommunikasjon med sterk "timing".

Trevarthen var også usikker når han såg opptaket der pappa syng "Kjærleiksvisa" for Johanne, men fortalde også at barn lærer svært raskt den narrative syklusen i song. Det kunne vere eit teikn på at ho har innlært dette, og at det sit i henne slik at når ho høyrer ein song for fyrste gong, ventar ho allereie på denne syklusen. Trevarthen hevda at det var utruleg kor fort spedbarn kunne memorere songar, men også forstå gongen i song som ein narrativ.

Samanlikning med tidlegare forskning:

Om ein skal sjå utviklinga som har skjedd denne veka og som eg skriv så varmt om i loggboka, stemmer det overeins med Daniel Stern si forskning. Den gryande oppdaginga av sjølvvet som Stern hevda tok stad frå 0-2 månader er gjort, og den neste fasen set inn. Den varer frå 2-7 månader, og er den fasen då barnet tek til å finne ei "core relatedness", eller "oppleving av kjernesjølvvet". Stern skriv at ved to månaders alderen skjer det ei kvalitativ forandring med barnet, som i følgje han er like stor som sjølvve fødselen. Han hevdar at på denne tida kan ein oppnå blikkontakt med barnet, og ein registrerer hyppige smil. Smila har dessutan ei sosial forankring, og barnet byrjar på denne tida å pludre.

Dette er heilt i tråd med korleis Johanne utvikla seg, og kva som skjedde rundt to månaders alderen. I tillegg kan ein sjå at vi her startar å påverke kvarandre meir og delar emosjonane umiddelbart, noko som Trevarthen snakkar om og som eg tidlegare har nemnt. Denne umiddelbare delinga av emosjonane er karakteristisk for det gode, sosiale samspelet som oppstår mellom mor og barn. Eit anna karakteristisk trekk ved emosjonane som vi tidlegare har sett på, er at dei kan endre kjensletilstandar og motiv hos dei som er involvert. Dei påverkar gjenkjenning og dei påverkar også om åtferd vert gjort synleg eller ikkje.

Dette kan ein sjå tydeleg på opptaket der Johanne viser glede ved at eg kjem og snakkar med henne, og deretter overførast til meg ved at eg viser at eg

ser at ho er glad og at dette gjer meg glad også. For deretter å endre samtala og tilstanden oss i mellom på grunn av desse emosjonane.

Også Stein Bråten snakkar om dette der han hevdar at i dette nonverbale samspelet er det verksamt eit underliggjande system som gjev opphav til kjenslemessige prosessar i ein umiddelbar forstand. Kroppsstillingar og rørsler, ansiktsuttrykk og minespel, lukter og lydar, tonefall og stemmeleie er blant dei forholda som vert sansa direkte og som påkallar kjenslemessige inntrykk i ei spontan og ureflektert forstand.

Utviklinga Johanne har her stemmer også med det Bjørkvold skriv om at spedbarnet raskt lærer å bruke si eiga stemme allsidig i samspelet med mora. Han hevdar at ved to månaders alderen har spedbarnet lært å svare modent og nyansert når det snakkar med mora, og at barnet også tilpassar stemmen sin til rytmeskiftingar og tempo i mor si stemme, spesielt i reaksjonar på mora sin song.

Denne enorme utviklinga i to-månadersalderen som både Stern og andre forskarar snakkar om var i alle fall tydeleg på Johanne. Den var også tydeleg for meg sjølv i forhold til vår felles kommunikasjon, og gjorde meg meir interessert i vår relasjon og vårt samspel. Eg kunne også merke at Johanne si interesse for kommunikasjon med pappa forandra seg på dette tidspunktet, sjølv om det var mest i forhold til meg at eg registrerte dei største forandringane.

Når det gjeld pappa sin song for Johanne, er eg usikker på om det at ho kan ha høyrte pappa sin stemme frå fostertida og difor hugsar songen han song regelmessig er grunnen til Johanne si gjenkjenning og spontane reaksjon, sjølv om det her på opptaket var første gong han song denne songen for henne. Ho følgjer han heilt tydeleg med ulike rørsler, men eg er vel likevel mest tilbøyeleg til å tru på Trevarthen si forklaring i og med at det var slik stort sprik mellom dei første reaksjonane i tida etter fødselen, sjølv om det der var talestemma hans eg kunne måle etter og at han ikkje song denne songen for henne. Dette er på mange måtar ei logisk forklaring, likevel vart eg svært i tvil etter opplevinga. Kunne Johanne verkeleg ha memorert den frå tida i magen? Kunne ho verkeleg høyre pappa si stemme likevel? Det kan ha vore Johanne si evne til å tolke songar i narrative frasar, og det kan ha vore noko ho hugsar langt der inne frå fostertida.

5.7. Johanne er blitt initiativtakaren!

Veke 18, 4 månader (13-19 mai) – video-opptak nr. 6:

Loggføring:

"Denne veka må Johanne vere med mamma på møte att. Det er travelt for ein liten baby å

henge med på timeplanen til ei mor som prøvar å kombinere kyrkjeleiar-rolla med amming og bleieskift, sjølv om det sikkert er mest travelt for mamma.....Johanne elsker merksemda ho får der. Utfordringa på dette onsdagsmøtet er korleis eg skal klare å flette ammetida, som eigentleg er midt under møtet, inn i alt det andre eg skal gjere. Eg finn til slutt ei løysing; eg tek Johanne med meg bakerst i rommet og tek til å amme henne i pausen, medan resten av forsamlinga held på med lovsong. Det må jo gå bra, tenker eg, sidan Johanne er så oppslukt av brystet og i å få i seg mat at det kan storme rundt ho utan at ho merkar det! Men lovsong er noko anna enn storm, midt under den mest kjende songen slepp Johanne tak i puppen og syng med for full hals - og ho som ikkje vil sleppe taket om eg så prøvar å tvinge henne!!! Ammetida er over, Johanne prioriterer å vere aktiv deltakande i lovsongen i staden..."

(19. mai 2002)

Denne månaden opplever eg to slike sterke augeblikk med song og musikk. Augeblikk som eg aller helst skulle ha foreviga med videokameraet, men som med alle store augeblikk er ein eingongsting og umogeleg å kalle tilbake. I og med at eg gjennom heile graviditeten var aktivt med i songleiinga i forsamlinga eg og mannen min leidde, var eg med å leie song to gongar i veka, i tillegg til å øve ein gong i veka. Det var stort sett dei same songane som gjekk igjen denne perioden, og når Johanne vart overrumpla av desse songane på møtet og slapp tak i brystet og ville vere med, måtte eg stille meg spørsmålet: Kan Johanne hugse desse songane frå den tida ho var inne i magen min? Eller er det berre det at ho er vorten så stor og oppteken av song og musikk at ho spontant følgjer med når musikken startar? Dette synest eg var eit interessant spørsmål, og uansett kva svaret var, synest eg det var interessant i seg sjølv at Johanne på så kort tid hadde fått eit så sterkt forhold til song og musikk! Det varma ei musikarmor å oppleve, og det gav meg ei overtyding om kor sterkt musikken ligg naturleg forankra i spedbarnet.

Den andre opplevinga eg hadde var når ho var tre månader og eg og mannen min skulle til Island i samband med arbeidet vårt. I det flyet tok fart og skulle lette, starta Johanne å skrike fullstendig ukontrollert medan ho låg i armene mine. Då eg sjølv har flyskrekk og fann ut at eg her måtte prøve å finne ein måte eg kunne roe ned både mor og barn, starta eg etter nokre minutt, framleis medan flyet heldt på å stige til makshøgda si, å syngje "Den fyrste song" i roleg tempo medan eg strauk Johanne over hendene og kinna. Johanne stoppa spontant å skrike og vart heilt roleg, som den første gongen etter fødselen då eg song for henne når ho var hysterisk etter å få meir mat. Dette roa ned både meg sjølv og Johanne, og ho var heilt stille og roleg resten av turen. Om det var song i seg sjølv som hjelpte, eller om det var akkurat denne songen som gjorde utslaget er eg usikker på. Men eit eller

anna med songen verka roande på Johanne, og tok bort merksemda frå redsla hennar. Med desse to opplevingane vart eg meir og meir sikker på at songen hadde ein verknad, på ein eller annan måte.

Denne perioden blomstrar mors-stoltheita! Johanne har vore på helsestasjonen til kontroll, og fekk mykje skryt av helsesyster for å vere ein svært oppmerksam og initiativtakande baby. Dette førte til at eg vart endå meir trygg på at ho var ein heilt normal baby, og at relasjonen oss to i mellom var normal. Eg merka at eg var svært usikker på dette den første tida, og at dei store stadfestinga den seinare tida har gjort kommunikasjonen mellom oss endå betre og meir naturleg.

Utviklinga frå to til fire månader har også vore stor. Eg kallar det ein eksplosjon i kommunikasjonsutviklinga i loggboka frå denne tida. Eg skriv at i tillegg til å begynne å bable, har ho begynt med ein ny lyd. Den liknar på den lyden vi vaksne seier når vi er einige i noko (i alle fall på Vestlandet), og går i tonar opp-ned-opp med ein eh-he, berre endå meir syngjande – nesten som om ho kallar på oss. På denne tida snakkar vi mykje saman, og ho er mykje meir oppmerksam. Ho ser etter meg når eg går gjennom rommet, og tek denne tida ofte initiativet sjølv til å samtale. Rollene er nesten vorte ombytta, at ho søker kontakt med meg veldig ofte og at eg ikkje har tid....

På denne tida begynte ho å like veldig godt alt som er rytmisk, både rytmisk tale og rytmiske songar. Når eg snakkar med henne, seier eg ei rytmisk frase om og om igjen som ho elsker som går slik: "Hei skatte, skatte, skatte, skatte skatte klompis – hei skatte, skatte klompis!" med trykk på dei første stavingane i kvart ord. Det er ei blanding mellom tale og song, og ho vert oppmerksam med ein gong og strålar opp. På same måte vert ho når vi syng "Ride, ride ranke", "Nøtteliten" og "Ro, ro, ro din båt" med rørsler. Det verkar som om ho prøvar å syngje med når eg syng, og at ho held ein tone gjennom songen.

Denne månaden tek ho også føtene sine sjølv, og vert svært oppteken både av dei og av hendene sine. I tillegg er ho begynt å like at eg ertar ho litt, og ler når eg latar som om eg tek nasa hennar. Ho starter å eksperimentere med ting, for eksempel å folde hendene sine og stikke føtene inn gjennom sprinklane på senga si, det vil seie ei veldig utvikling berre på det området med å finne ut av sin eigen kropp og ting rundt henne og korleis det fungerer.

Skildring og analyse av video-opptaket:

Det første klippet frå video-opptaket er frå den 16. mai 2002, når Johanne er fire månader gamal. Dette er ei tid der eg spelar på humoren til Johanne som for alvor har begynt å gjere seg gjeldande, der ho synest det er morosamt og spanande med dei uventa augeblikka der eg skremmer henne, og ein ser den spontane reaksjonen hennar med latter og fryd.

Klippet startar med at eg seier "A, BØ!!" til ho og ho svarar med ein spontan latter. Dette får meg også til å le og vi endar i ein felles latter over reaksjonen hennar. Så vert ho stille att og ser forventningsfullt på meg og eg tek til på nytt og seier "aaa – bø-santen, bø-santen, bø-santen BØ!!", og igjen kjem det ein latter til respons. Neste omgang ladar eg opp med fleire "bø" etter kvarandre, medan ho lagar ein lyd med eit snev av latter i, før ho bryt ut i latter igjen på det siste "bø'et" og eg gjer frå meg ein latter og.

Deretter tek Johanne over samtala og lagar ein lyd som går ovanfrå og ned på aah, som om ho også vil prøve å skremme meg tilbake. Eg etterliknar lyden hennar som ein respons på hennar initiativ, og ho kjem med ein ny lyd som også går på aah, men som går nedanfrå og rett opp i ein glissando. Eg etterliknar også denne lyden og dette fører til latter hos Johanne med ein påfølgjande lyd etterpå. Eg ler også, og ho lagar ein liten lyd før ho vert heilt stille og ventar på kva mitt initiativ vil vere no. Eg tek til på ei ny runde med "Aaa – bø-santen, bø-santen, bø-santen, BØ!!" når eg merkar at ho vert stille og ventar på mitt initiativ. Ho responderer på nytt med ein latter som får følgje av min latter, og Johanne lagar ein liten lyd igjen.

Etter dette er det ei veksling mellom mitt initiativ på å skremme, ho ler eller lagar ein lyd for deretter å vere stille att og vente på nytt initiativ. Denne vekslinga held fram til eg seier "Johanne?" i ein spørjande tone, og ho svarar med ein lyd på aah som går rett oppover. Eg etterliknar og dette gjentek seg ein gong til før det verkar som om Johanne har fått nok og vert nesten litt lei av skremsel og latter, og denne stunda går naturleg over av seg sjølv.

Det neste klippet er frå den same veka, den 19. mai 2002, der eg prøvar ut eit lite eksperiment. Eg ville nemleg prøve å sjå kva som skjedde når nokon andre enn meg sjølv song "Den fyrste song" til Johanne, om ho gjenkjende songen og hadde den same reaksjonen uansett kven som song, eller om det var noko som Johanne forbant med mamma si stemme og var uadskilleleg frå den.

Sidan vi på denne tida budde i København og det var umogeleg å få danske venner til å synge denne "heilmorske" songen, måtte vi vente på eit passende høve og nytta sjansen når svigerforeldra mine er på besøk. Det er svigermor som syng "Den fyrste song" for Johanne på dette klippet, og det var nesten litt morosamt å oppdage reaksjonen hennar. Det finnest ikkje teikn på rørsle verken med armar, tunge eller munn, det einaste ein ser er at ho sug på tunga si, noko ho ofte gjer på denne tida i mangel på smokk.

Midt i songen er det nesten som om ho snur seg mot pappa og kameraet og uttrykker "hjelp meg!!!" på eit eller anna vis, med eit litt desperat og usikkert uttrykk i andletet. Deretter går ho over til å utforske handa si; ho tek den opp og ser litt på den, og prøvar å dra seg unna den situasjonen ho er komen opp i.

Etter at det heile er ferdig og vi snakkar litt saman alle som er til stades, ser ho ganske lur ut, men stadig litt brydd. Ho smiler når farmor ler, men er endå litt oppteken av andre ting for å ta vekk merksemda frå henne.

Kommentarar frå Trevarthen:

Det Colwyn Trevarthen sa når han såg opptaket, var at dette er tydeleg teikn på at eg følgjer utviklinga til Johanne att, ved å utprøve fleire ting etter kvart som ho vert eldre og startar å erte henne litt. Trevarthen meiner at dette med å erte barnet er ein viktig del av utviklinga som foreldre ofte gjer spontant og utan å tenke seg om i ein viss alder, når barnet viser interesse for det. Også dette med å kile barnet er vanleg her, og det utviklar barnet sin humoristiske sans og spelar på dette med det uventa – at barnet må finne ut kva som skjer no! Han meinte også at dette var eit nytt bevis på ein perfekt timing mellom meg sjølv og Johanne, der ein kan sjå at ho ventar og gjer seg klar, eg skremmer ho og ho reagerer på mitt utspel, samtidig som ho nokre gongar prøver å ta initiativet og ventar på min respons.

Ein kan sjå på munnen hennar og heile kroppen med hand og kroppsrørslene at ho har ei enorm forventning, og ho gjer seg klar for at noko skal skje mellom oss. Eg innfrir dei forventningane eg ser hos henne gang på gang, og er oppmerksom på hennar teikn på å ville ha meir.

Trevarthen var heilt einig med mi tolking når han såg opptaket av farmor som syng "Den fyrste song" til Johanne, og han kalla det eit teikn på "embarrassment" frå Johanne si side. Ho prøvar å uttrykkje at situasjonen gjer henne litt brydd, det er ikkje slik det pleier å vere, og ho kjenner seg ikkje komfortabel med denne nye måten songen vert framført på.

Trevarthen påstod at ein kan sjå slike teikn på at spedbarn vert brydde i ein situasjon svært tidleg, og at vaksne ofte ikkje skjønar denne utstrålinga og køyrer over barnet. Ein annan grunn til at Johanne reagerte, i tillegg til at det ikkje var mamma si stemme som song, var at songen var litt meir udynamisk då svigermor ikkje hugsa heilt teksten, og det var fleire lange stopp undervegs. Når ho nynnar den etterpå er ho fortsett like oppteken av handa si, og vil ikkje heilt vere med på dette eksperimentet.

Samanlikning med tidlegare forskning:

I følgje Stein Bråten er Johanne stadig i det han kallar den første fasen, som vert prega av kroppsleg, gjensidig kontakt med kroppsspråklege inntrykk, og uttrykk for kjensler gjennom gestar, toneleie, kroppsstillingar og rørsler som vert direkte sansa. Dette kan innby til finstemd oppfølging og etterlikning av kvarandre sine uttrykk og rørsler i affektiv samstemdheit. Denne perioden er det steget innan merksemdskontakt om objekt, som er gjenstand for felles merksemd, set inn. Dette kan stemme med det vi ser på kommunikasjonen oss i mellom, der det dreiar seg mest om lyd, rørsle og rytme i ein finstemd

dialog, og der vi begge søker etter å etterlikne kvarandre og følge opp kvarandre.

Daniel Stern skriv også at i denne fasen er blikkontakt ei sterk form for kommunikasjon, men at i 3-6 måneders alderen tek barnet sjølv kontrollen over start og avslutningar på direkte visuell kontakt i samband med sosiale aktivitetar. Stern hevdar at på denne tida går barnet inn i ei interpersonell relatering med eit meir organisert perspektiv. Det har ei kjensle av seg sjølv som ein skilt og samanhengande storleik med kontroll over eigne handlingar, og også omgjevnadene forhold seg til barnet som om det er ein heil person og "eig" sine eigne kjensleuttrykk.

Dette kan ein sjå i kommunikasjonen mellom meg og Johanne, som har utvikla seg utruleg den siste tida. Eg følgjer etter Johanne i korleis ho har utvikla seg, og ser på henne meir som ein heil person, som Stern seier. Vi etterliknar og følgjer opp kvarandre i denne rytmiske, dynamiske og finstemde dialogen, der vi meir og meir rettar oss inn etter kvarandre, som Bråten seier. Ein kan sjå at samspelet vårt er meir prega av ein tryggleik frå mi side og eit felles samspel, og ikkje ei tid der eg skal prøve å få henne til å oppføre seg på ein viss måte.

Det var ei interessant oppleving å sjå eit fire månader gammalt barn verte brydd og synest at ein situasjon blir litt pinleg. I tillegg trur eg at det å høyre denne songen frå ein heil annan gjorde henne litt usikker, og at ho ikkje likte det. Dette er sjølv sagt berre tru og ikkje noko eg veit sikkert, men det var i alle fall mitt inntrykk under opptaket.

Fire månader har gått, og utviklinga har vore enorm. Utviklinga fortset sjølv sagt endå, men etter kvart som vekene går vert den mindre enn den har vore desse første månadene. Johanne vert meir og meir eit lite barn, og samspelet og kommunikasjonen vår får andre særpreg i tida framover.

5.8. Den indre krets vert utvida.

Veke 22, 5 månader (6-13 juni) – video-opptak nr 7:

Loggføring:

" Eg kan no tydeleg sjå viljen hennar meir; ho viser tydeleg når ho ikkje vil ha mat, ikkje vil gå og legge seg og ikkje vil liggje sjølv på teppet, men ha merksemd frå oss.

Ho er begynt å bli oppteken av bøker med billeter, som er store og laga av papp. Ho sit på fanget vårt, ser på fargane og slår på pappsidene. I tillegg er ho endå meir

oppmerksom når eg syng for henne, og ho viser stor interesse for nye songar. Det verkar som om ho lyttar intenst for å få med seg kva for song vi skal synge no, og prøvar å lære den og få med seg alt ved denne songen.

Det er stor forskjell mellom fjerde og femte månad – ho er vorten så stor og tung! Ho ler mykje og brukar armane og føtene mykje, spesielt når vi syng. ”

(8. juni 2002)

Denne månaden var vi ute og reiste heile tida, og Johanne fekk mykje tid saman med begge sett besteforeldre. Ein kunne merke at dette var første gong ho knytte seg til dei og fekk ein slags relasjon til dei, tidlegare har ho mest vist interesse for mamma og pappa. Ho kosa seg stort med besteforeldra sine, og ein kunne merke at ho kommuniserte mykje meir med dei og at dei fekk ein heilt annan respons frå henne enn tidlegare. Ho tødde verkeleg opp, og ein kunne sjå at ho ville ha i gang ei samtale også med desse som var utanfor den indre, sosiale ringen som består av Johanne, mamma og pappa.

Eg skriv i loggboka at det er stor forskjell mellom fjerde og femte månad, men spesielt når det gjeld vekst i storleik.. Johanne er begynt å få fast føde, og veks som ein rakett. Dette spelar jo sjølv sagt også inn på merksemda hennar, at ho vert større og kjem inn i ein ny fase med tre måltid med fast føde om dagen.

Eg skriv også at ho begynner å vise endå større merksemd når det gjeld songar eg syng til henne, at ho vil lytte og prøvar å lære dei. Video-opptaket eg her vil skildre er eit eksempel nettopp på dette. Eg syng ein song til henne ho aldri har høyrte før, og ein kan sjå den spente og oppslukte reaksjonen hennar.

Skildring og analyse av video-opptaket:

Vi startar med å snakke litt saman først, ho ligg på stellebordet heime ho mormor og morfar, og har fått mange nye inntrykk å tygge på dei siste vekene. Ein kan sjå at ho er blitt sterkare i kroppen, ho vrir og vender på seg, løftar opp føtene og spenner ryggen opp i boge. Klippet startar med min reaksjon på kroppsrørslene hennar, og eg set i: “Oj, så spretten du er!”, og gjentek det ein gong til. Då ser ein at Johanne her, som eg skreiv om i førre opptak, verkeleg er begynt å pludre. Ho responderer med å seie noko som nesten kan sjå ut som ein imitasjon av ein vaksen si setning, berre at ho ikkje har språket inne. Det ser verkeleg ut som at ho vil fortelje noko.

Eg responderer på utspelet hennar med det same med eit: “Ja, er det sant? Er det sant Johanne?” og samtalen og timingen oss i mellom er i full gang. Johanne får store auge, ser oppmerksomt på meg og startar å veive intenst

med armene, som om ho vil uttrykkje at ho gjerne vil samtale. Eg spør igjen: "Ka seie hon?" og Johanne svarar med ein ny pludrelyd, følgt av ein liten lyd som kan likne ein latter. Eg tek utspelet hennar alvorleg og svarar med interessert stemme: "A ha, ja, er det sant?" Då ser ho intenst på meg, veldig fokusert og lyttande.

Deretter begynnar eg på ei meir ertete og tøysete samtale, og går bort frå den alvorlege sida der eg vil finne ut kva ho tenker og meiner. Eg spør: "Er det sant at du er ein stor elefant? Er det det?" Då ser ho intenst og fokusert på meg. Ho er svært oppmerksom og det ser ut som ho anten lyttar til kva eg kjem til å seie, eller det som er mest sannsynleg når ein ser på neste steg i kommunikasjonen, at ho følgjer med på munnen min og rørslene eg gjer med den. I neste sekund tek ho nemleg handa si bort mot munnen min, som om ho vil ta på det som rører seg, og at ho vert fascinert over at eg lear og brukar munnen min i samtale med henne.

Eg svarar på innspelet med å starte å kysse på handa hennar. Ho svarar med å nesten stikke handa inn i munnen på meg, og eg latar som om eg skal til å ete handa hennar før eg tek til å kysse på den igjen. Vi avsluttar denne "tøyseseansen" med at eg tek handa hennar og ristar den medan eg seier "hi, hi, hi, hi, hi", som om eg synest det har vore morosamt, og Johanne svarar med eit lurt blick og eit lite smil.

Deretter spør eg om vi skal synge, og eg tek til å synge ein song eg aldri før har sunge til henne. Den er rytmisk og fengjande med ein morosam tekst og eit enkelt refreng:

"Vet du hva som hendte meg i går? Tre lopper satt i mitt hår! Og den ene fikk jeg tak i og den andre la på sprang, og den tredje satt på rompa mi og sang:
Refreng: Jippy yeah yeah, jippy jippy yeah, jippy yeah yeah, jippy jippy yeah, jippy yeah yeah, jippy jippy yeah yeah, jippy jippy yeah yeah, jippy jippy yeah!"

Eg syng songen medan eg tek begge hendene til Johanne og dreiar dei rytmisk frå side til side, og opp og ned. Med ein gong eg startar å synge, lyser Johanne opp i eit stort smil. Så opnar ho munnen høgt, anten av fryd, eller som ein imitasjon, at ho og gjerne vil synge. Så begynnar ho å smile og le og kome med grynte lydar, og ein kan verkeleg sjå at ho kosar seg stort med den nye songen og rørslene som følgjer med den.

Etter den siste frasen er over kjem det ein liten latter som respons på at dette likte ho, før ho vert heilt stille og ser forventningsfullt på meg om det kjem meir. Ho ser veldig avventande ut, og med ein gong eg tek til på runde to begynnar ho å le att. Ho ler meir og meir og kjem med høge kvin og hyl, som verkar vere av fryd over det morosame vi held på med. Som eit svar på hennar høge og syngjande lydar, spør eg: "Ja, vil du synge og?", og med ein gong ho er ferdig ser ho like forventningsfull og avventande ut som ho var i førre pause, og er heilt stille.

Det verkar som eg snappar opp dette forventningsfulle blikket og pausen som oppstår mellom oss, for eg tek til å syngje refrenget att og kjem med ein liten latter etter at eg er ferdig, for å vise at eg og har det kjekt. Etter det siste ordet i refrenget kjem ho med ein liten lyd att, før ho vert stille og lyttande igjen og ser konsentrert og avventande på meg.

Kommentarar frå Trevarthen:

Her kan ein tydeleg sjå det Trevarthen snakkar om med at eg "reflect her bodymovement", det vil seie at eg følgjer utviklinga til Johanne og behandlar henne annleis etter kvart som ho vert eldre, også kommunikasjonmessig. Johanne er begynt å meistre kroppen sin betre, røre seg annleis og brukar kroppen meir, noko som fører til at eg behandlar ho meir røft og lear hendene hennar fram og tilbake på ein måte eg aldri ville gjort når ho var mindre. I tillegg er ikkje stemmen så mjuk og lys lenger, men har fått eit litt mørkare toneleie og eit hardare preg, sjølv om mor-til-barn språket er der endå.

Trevarthen var veldig oppteken av å påpeike at dette språket, men også timingen oss i mellom var fortsett til stades, og hadde ikkje forandra seg sjølv om kommunikasjonen vår hadde det. Timingen og kodane som ligg innebygd i vår "symbiotiske" relasjon er den same, uansett kva som skjer.

Ein kan også sjå den måten Johanne forstår kommunikasjon på, ved å lytte, vente og reagere, som ho gjer mellom kvar runde på den nye songen. Og dette er eit mønster eg umiddelbart gjenkjenner, eit mønster ho viser meg om og om igjen, som eg veit korleis eg skal respondere på og kva ho forventar.

Både kroppsspråket og kommunikasjonsevna til Johanne har utvikla seg stort denne månaden, og ein ser tydeleg korleis vårt samspel og korleis eg følgjer henne vert påverka av dette. Ho er no i grenselandet mellom baby og eit lite barn, men fortset å opphalde seg her ei stund framover endå. Denne månaden følger utviklinga til Johanne stort sett det same som siste månad når det gjeld samanlikning med dei funna tidlegare forskning har gjort. Eg velger difor å ikkje gå nærare inn på denne samanlikninga, då dette vart gjort i det forrige kapitlet.

5.9. Ho veit kva ho vil.....

Veke 25, 6 månader (9-16 juli) – video-opptak nr. 8:

Loggføring:

"Generelt stor utvikling i kommunikasjonen, spesielt med meg og Levi. Ho viser større

merksemd og ser mykje på oss, smiler, ler når vi gjer noko morosamt og snakkar "baby-språk". Ho klagar når ho er misfornøgd, lagar ein høg, streng lyd på ehh...som går ovanfrå og ned. Men ho viser også veldig tydeleg glede når vi gjev ho merksemd. Ho lukkar leppene intenst når ho ikkje vil ha mat, og ho ropar ut eit høgt ehh når ho kallar på oss og vil ha merksemd. Men ho er også veldig snill!!!"

Ho synest no at det er veldig morosamt å høyre si eiga stemme, og eksperimenterer mykje med den. Ho kan ligge å kvine høgt om og om igjen, i tillegg til pludringa som er vorten mykje meir intens og oftare. Denne månaden har vi reist mykje, men no virka ho meir usikker fordi vi ikkje var fast på ein stad og heldt oss ilag med dei same menneska. Ho kommuniserte ikkje med venner og familie vi trefte no slik som ho gjorde med besteforeldra i førre månad. Vi hadde besøk av bror min og søster mi med deira familiar ei veke, og ho var ikkje så lysten på å samtale med dei.

(10. juli 2002)

Her er Johanne blitt eit halvt år gamal, og det er endå generelt ei stor utvikling i kommunikasjonen hennar frå veke til veke, men som sagt ikkje så enorme forskjellar som i byrjinga. Mot slutten av førre månad skreiv eg at ho viser viljen sin meir, men denne månaden vert dette endå tydelegare.

Eg skriv også at ho ikkje verkar så lysten på å samtale med andre mennesker. Ho verka nesten litt usikker, eller kanskje berre lei av folk? Ho stirrar mykje på andre, men det er meg og mannen min ho snakkar med og viser tydeleg lyst til å kommunisere med. Johanne har alltid vore veldig betraktande og "nysgjerrig", og stirra mykje på ting. Ho har også alltid sett ein del på kameraet når vi skal filme henne, men aldri lenge av gangen. Denne månaden, derimot, merka eg at ho stirra uvanleg mykje på videokameraet, og det kunne til tider vere litt vanskeleg å gjere opptak. Dette er ei side ved metoden å bruke videokamera for å dokumentere data som ikkje alltid viste seg å vere tilfredsstillande. Ho merka her, trur eg, at det skulle skje noko når videokameraet kom fram, og det var til tider umogeleg å få merksemda hennar bort frå det. Dermed kunne også tidene mellom oss verte litt konstruerte, då eg prøvde hardare å få merksemda til Johanne og kommunikasjonen vart litt overstyrtd.

Måten eg prøvde å løyse det på, var at eg merka at det var helst når ho såg at vi sette opp kameraet før vi begynte at ho ikkje kunne ta blikket vekk frå det, eller at mannen min stod for nær henne medan han filma. Vi prøvde difor å vere meir diskre med kameraet, og i tillegg nytta vi høve spesielt godt når vi

merka at ho ikkje var oppteken av kameraet, men at samtala oss i mellom overgjekk interessa for kameraet.

Skildring og analyse av video-opptaket:

På dette opptaket, som er gjort 12. juli på ferie i Helsinki, kan ein merke at ho er oppteken av kameraet inni mellom. Men det ikkje er så mykje at det går utover vår felles kommunikasjon, eller graden av merksemd ho har for songen og musikken. Eg bestemte meg difor for å bruke dette opptaket likevel, då det er eit veldig godt eksempel på korleis Johanne tolkar den narrative syklusen song og musikk har, og korleis kroppsrørslene hennar har begynt å bli ein meir naturleg del av det å følgje musikken.

Opptaket startar med at ho ser direkte på kamera, men snur seg med ein gong mot meg når eg seier "skatten min?". Eg spør om vi skal finne på noko kjekt og om vi skal syngje "Lykkeliten", og ho stirrar intenst og forventningsfullt på meg med armane heilt i ro ned langs sida, som om ho ventar på kva som skal skje.

Eg tek til å syngje songen, med akkompagnement frå piano, medan Johanne ligg på eit teppe på golvet rett nedanfor. I byrjinga er ho stille og ser lyttande mot meg, men mot slutten av første frase "...var alle himmelens stjerner tent" startar Johanne å eksperimentere med stemmen sin og lage eit slags kvin, eller ein slags syngjande tone. Ho vrir kroppen sin halvvegs mot venstre som ein reaksjon på musikken ho høyrer. Når andre frase tek til, vrir ho seg tilbake og ligg stille og lyttar att, berre med litt rørsle på armane. Mot slutten av frasa "...som til en gammel god bekjendt" startar ho å veive med armane, medan ho ser på dei. Når tredje frase tek til, er ho stille att og ser på kamera, men det verkar likevel som om ho lyttar til musikken. Så kjem siste frase "...de stod og visket til den lille, som i sin lyse vugge lå." Der vrir ho kroppen att på starten av frasa, men vrir seg tilbake og ligg stille og lyttar igjen, før ho både vrir seg, brukar denne kroppsrørsla som ein slags del av å følgje musikken, og lagar ein lyd på siste halvdel av siste frase.

Ein kan sjå at ho følgjer den narrative syklusen songen har ganske nøyaktig, sjølv om ho ikkje har høyrte denne songen før. Det er ein syklus som repeterast med at ho ser, lyttar, leer seg og smiler, eller lagar ein lyd. Med å lytte meiner eg når ho stoppar og berre stirrar intenst. Dette er den same syklusen Trevarthen snakka om når han såg opptak av både min og mannen min sin song til henne tidlegare, og som barn lærer seg. Det startar med ein introduksjon, så kjem eit framhald, deretter eit klimaks og ei avslutning.

Ein anna ting ved opptaket dei beit seg merke i, var at etter at eg er ferdig å syngje songen og vert stille, kallar eg på henne og ropar namnet hennar. Men ho er endå inne i avslutninga av frasen og songen, og har ikkje gjort seg ferdig med "vri-rørsla" og "avslutningslyden" som høyrer til denne delen. Det tek difor litt tid før ho reagerer, snur seg og ser på meg, noko som vanlegvis

skjer med det same eg ropar namnet hennar. Ein kan ikkje avbryte hennar deltaking i syklusen, ho følgjer den og eg må vente før vi på nytt er eitt i samspelet.

Eg tek deretter til å synge songen på nytt, og på første frase kan ein sjå at ho igjen startar med å vere still, lytte og sjå på kamera. Mot slutten av første frase "...var alle himlens stjerner tent", startar armene å lee seg og ho kjem med "lyden sin", den litt syngjande tonen ho held. På starten av andre frase er ho på nytt stille igjen og lyttar, medan på slutten av frasa "som til en gammel god bekjent", kjem både vridningsrørsle og lyden att. Så kjem tredje frase og ho er på nytt stille igjen, lyttar og ser på kamera., medan mot slutten av frasa "...og både trær og blomster små" startar ho å veive med armene. Når siste frasa tek til, lear ho litt på armene, vrir seg litt, ser på handa og stikk den i munnen, og endar syklusen på slutten av songen si siste frase med ein lang og syngjande lyd.

Eg etterliknar denne lyden på slutten, som om eg vil vise at vi er to som syng og musiserar saman og at eg har høyrte henne, og eg seier "Ja, så morselorsomt", som er eit slags språk vi har utvikla saman. Johanne er still og ser forventningsfull og avventande ut, som om ho er spent på kva som kjem no - om eg vil synge den igjen. Eg spør om vi skal finne ein til, og Johanne svarar direkte med ein lyd som høyrst ut som eit "ja".

Kommentarar frå Trevarthen:

Trevarthen meinte at dette er atter eit eksempel på at Johanne følgjer ein narrativ syklus i ein song, både med røyrslene, stemma og blikket sitt. Også Ben Schögler var svært imponert over korleis Johanne gjennomførte dette. Første gongen det skjedde var på sjukehuset når eg song "Den første song" til henne for første gong, og ho lukka opp augene rytmisk på slutten av kvar frase. Deretter var ho berre nokre veker gamal når ho dirigerte "Den fyrste song" med si eiga hand. I desse to første eksempla meinte både Trevarthen og Schögler at ho gjorde det fordi ho hadde innlært songen frå før, sidan ho var så lita og ikkje var van med å lære gangen i songar endå. Det neste eksemplet var når mannen min song "Kjærleiksvisa" til henne og ho fylgde syklusen med tunga etter kvar frase, og til sist dette eksemplet med "Lykkeliten" der ho er vorten større og følgjer syklusen både med lyd, rørsle og kroppsspråk.

Trevarthen meinte at Johanne stadig er i denne første fasen der primær intersubjektivitet er gjeldande, og blikkontakt er ein stor del av kommunikasjonen. Men ho nærmar seg meir og meir den neste fasen der ein er meir som eit lite barn, og både andre objekt vert meir gjeldande og uavhengnaden av mor og far i ei slik musikkstund vert tydelegare. Vi kan sjå at ho følgjer sitt eige mønster i musikken, og samtidig er fullt med i timingen mellom oss to ved at ho stoppar og lyttar til meg og kva eg gjer. Eg følgjer også henne og flettar meg inn etter hennar lydar og rørsler, og vi har eit

samspel som i endå større grad er prega av to individuelle personar som vil uttrykkje seg og kommunisere på same tid.

Også denne månaden er utviklinga til Johanne svært lik det eg tok føre meg i det forrige kapittelet når ein samanliknar med tidlegare forskning og eg tek difor ikkje denne utviklinga føre meg i dette kapittelet.

Halvparten av Johanne sitt første leveår er allereie gått. No startar ei ny og spanande tid, der ho går inn i nye fasar av livet. Johanne si evne til å kommunisere har vore svært godt utvikla heile tida, men måten ho kommuniserer på forandrar seg stadig, og samspelet mellom Johanne og mamma utviklar seg også med store steg.

5.10. "Eg føler at ho er eit lite menneske!"

Veke 30, 7 månader (11-18 august) – video-opptak nr 9:

Loggføring:

"Ho hermar når eg klappar i hendene og på låra! Ho har ikkje herma noko særleg før, og i alle fall ikkje på lydar. Ho hermar også når eg "blow raspberry's", men det skal eg eigentleg prøve å ikkje lære henne, så eg har berre gjort det eit par gongar for å sjå reaksjonen... Når eg nærmar meg henne, senga eller når ho sit på teppet, startar ho å slå vilt med armar og bein opp og ned og smiler masse, nokre gongar begynnar ho også å le! Også når ho ser Levi er ho heilt vill!! Ho likar best å stå, vil ikkje sitte så masse, bortsett frå på teppet og leike - det elsker ho!! Favoritten no er ball, alt som kan rulle. Favorittsong er framleis rytmiske songar, ho er ikkje så interessert i "Den fyrste song" lenger. Ho begynte å seie "mamma" her i byrjinga av veka og seier det heile tida - ropar det når eg ikkje er i rommet! Eg synest vi kommuniserer heilt vilt! Ho er veldig oppmerksom på oss og vil ha kontakt, stort sett, om ho ikkje er for oppteken av å leike på teppet. Føler også at ho er begynt å forstå meir av det vi seier til ho, når vi skal be for maten, at ho skal drikke mjølka si og så vidare. Eg føler at ho er eit lite menneske!!!"

(13. August 2002)

Denne månaden har det skjedd store forandringar, kanskje fordi Johanne no begynnar å bli meir som eit lite barn og ikkje ein baby lenger. Ho har lært å sitte sjølv, og har fått to tenner. Ho er begynt å bli veldig oppteken av leikar og ting rundt seg, som ho tek opp sjølv og leikar med. Det er ikkje berre blikkontakt og det å studere ting lenger som gjeld.

Det som også gjer at ho verkar meir som ei lita jente, er at ho er begynt å vise sjenanse når folk kjem bort og vil snakke med henne, sjølv om nokre gongar virka det som om ho berre ville sjarmere. Ho snur hovudet på skakke og gøymer seg litt inntil brystet vårt, og smiler når nokon kjem bort og seier hei. Farmor og farfar kom på besøk denne veka, og sjølv om ho ikkje hadde sett dei på over ein måned, kjende ho dei att. Det er mange ting som gjer at ho verkar så mykje større på berre ein måned. I denne perioden merkar eg at det vert utvikla meir og meir ein kommunikasjon mellom oss, og sjølv om den kanskje berre er i startfasen endå, merkar eg det spesielt ved at vi meir og meir saman "leikar" med andre ting.

Skildring og analyse av video-opptaket:

Det neste video-opptaket er eit eksempel frå nettopp denne perioden og kommunikasjonsstunder mellom meg og Johanne. Det viser tydeleg både denne interessa for andre objekt som kjem inn i biletet, og også dette med at Johanne her kan oppleve at det er mogeleg å gje meg del i sine indre, subjektive opplevingar. Det andre klippet er også eit eksempel på at humoristisk spøk som til dømes erting i "gøyme-finne" leikar er ei av kommunikasjonsformene, og også dette med etteraping, som eg skreiv om i loggboka.

Det første klippet er frå den 9. august, altså rett før Johanne er sju månader, og startar med at Johanne ser på kamera og at eg kallar på namnet hennar. Ho ser mot meg med ein gong, det kjem ein liten lyd og ho smiler breitt. Eg følgjer hennar respons med det same og seier "Hei!" med ein liten latter, og på ein måte etterliknar den kjensleilstanden ho først viste meg. Ho svarar med å smile og eg spør: "Såg du mamma no?", og ho ser intenst på meg som om ho ventar på kva som skal skje, og startar med å lee armane. Eg "seier" med lyd det eg oppfattar at ho gjer med rørsler, noko Trevarthen påpeika som eit viktig element i utviklinga til barnet, der omsorgspersonen hjelper barnet med å utvikle ein kommunikasjon ved å seie med lyd det som det verkar til at barnet gjer. Dette skjer heilt automatisk, det er ikkje noko mor tenkjer på at ho skal gjere, og det er også noko eg har gjort heilt sidan Johanne vart fødd.

Denne lyden vert noko slik som: "oj, oj, oj – ahh, ahh, ahh", og Johanne "etterliknar" lyden min att ved å slå med armane på knea. Eg gjer den same lyden igjen og ho har same respons. Så seier eg: "oj, så du kavar!" for å vise at eg har sett innsatsen hennar, og ho svarar med eit smil, ein liten lyd og ved å slå på knea att. Eg seier "ahh, ahh, ahh"-lyden att og ho prøvar å gjere

lyden, berre litt stillare, og slår igjen. Eg svarar med ein latter og gjentek at eg ser at ho kavar.

Deretter tek eg opp ein leike og spør: "Johanne, har du sett den her?" Ho ser litt på den og slår på knea sine att. Eg seier "ahh, ahh, ahh, aaaa!!" som om eg skremmer litt medan eg ristar på leiken, og ho etterliknar etter min lyd med eit pust etter kvart "ahh", og eg svarar med å etterlikne henne att. Eg spør igjen om ho har sett denne og siktar til leiken, og ho tek på den og ser ned på den ei lita stund. Eg gjer denne pustelyden att med tre pust, og Johanne etterliknar den igjen.

Så ser vi på leiken saman, der eg gjer uttrykk for kor fin den er og at det er ein liten skjelpadde, og ho tek og ser på den. Så ser ho plutselig noko anna på golvet og tek det opp, medan eg følgjer kva ho vil med det same og spør: "Neimen, fann du ein liten sutt?" Eg spør igjen, medan ho er oppteken av å sjå på smokken ho har funne. Eg merkar at no vert ho oppteken av leiken, og kallar på henne to gongar. Ho ser på den runde kula med skjelpadda som eg viste henne først, ser deretter på meg og begynnar å slå og veive med armane.

Etter eit lite "hei-hei" for å få merksemd, seier eg ein lyd att på "ahh, ahh, ahh" med pause mellom, og ho tek kula og slår på den som eit slags svar medan ho held den mellom beina. Eg ler litt av henne og seier "hi, hi, hi" og ho svarar med eit "ahh!", eg svarar henne med å etterlikne den same lyden som ho gjorde. Så prøvar eg å ta vekk leiken for å kunne kommunisere meir ansikt-til-ansikt, men ho berre finn ein ny leike på golvet, og kommunikasjonen oss i mellom saman med leikane held difor fram.

Det neste klippet er frå den 15. august, altså seinare i same veke. Det startar med at eg kallar på Johanne ved å seie: "Johanne, se!" for å få merksemda hennar, og trillar den same kula bort til henne. Johanne slår på kula og trillar den. Så startar ho å slå på handa mi også, og eg spør om mamma skal få den og stadfestar at dette er mamma si hand.

Så startar ei "imitasjonsrunde", der eg først ber ho sjå på mamma og deretter slår på knea mine. Ho svarar med ein gong med å slå på sine kne med ei hand, og eg stadfestar henne ved å seie: "ja, så flink!" Johanne ser nøye på meg for å få med seg kva som skjer no. Eg seier: "...og mamma" for å initiere at no er det min tur, og slår på knea att. Johanne slår ein gong på sine kne og eg seier "ja!", og slår ein gong på mine kne for å imitere henne. Eg slår fleire gongar på knea mine, og ho imiterer igjen og slår på sine kne.

Så prøvar eg noko nytt, etter at eg har kalla på namnet hennar to gongar og bedt henne om å sjå. Eg bles mellom leppene, noko ein på engelsk kallar å "blow raspberry's", nemleg å lage lyd med leppene medan ein har tunga litt ut. Johanne ser på meg, ventar litt, og så kjem imitasjonen, der ho bles til meg. Eg synest eigentleg det er ganske morosamt men prøvar å få sagt at

dette får ho eigentleg ikkje lov til å gjere, men eg får "klarsignal" frå mannen min om at eg skal prøve ein gong til, og eg prøvar igjen. Johanne lagar først ein lyd og så bles ho på same måten. Eg bles igjen og ho lagar ein lyd. Så slår eg på knea att, og Johanne etterliknar og slår på sine kne.

Deretter går eg for å hente ein klut, og eg legg den over hovudet hennar. Her kjem erteleiken inn i biletet, og Johanne veivar for fullt med armane. Eg tek kluten vekk og seier "BØ!", og ho smiler. Eg legg kluten på hovudet hennar igjen, og ho startar med det same å veive med armane medan ho lagar ein lyd i tillegg. Så tek eg den ned att og seier "BØ!" igjen, og Johanne smiler og har store, oppmerksame auge.

Så stryk eg kluten over andletet hennar fleire gongar, medan ho opnar munnen, smiler og pustar masse. Eg kastar så kluten over andletet hennar og spør den tradisjonelle: "Kor er Johanne?" og seier "BØ!" når kluten går av. Johanne småler litt og er heilt oppkava og veivar med armane.

Så kjem ein liten interessant episode der Johanne tek kluten sjølv og puttar den i munnen. Eg vil ikkje at ho skal ha den i munnen, og eg seier "ah, ah!" som om eg meiner "nei, nei!" og prøver å ta den. Johanne tek den tilbake og seier "ah, ah" i ein sint, eller irritert tone, og eg forstår direkte og seier: "skal du ha den? Elles blir du sint...", og ho får viljen sin.

Kommentarar frå Trevarthen:

Trevarthen synest at dette var svært interessant, at Johanne her har kome så langt i utviklinga at ho viser at ho er uavhengig av mamma ved å ta kluten sjølv og vise mor si at dette likte ho ikkje! Tidlegare har på ein måte Johanne vore "underkasta" min vilje og vore avhengig av meg, men no viser ho svært tydeleg kva ho vil og er trygg nok til å utfordre mi bestemming.

I tillegg meinte Trevarthen at dette var eit stort eksempel på rytmisk imitering, der vi leikar saman og har eit samspel som går på å imitere kvarandre som to lydhøyre musikarar. Han påpeika også at dette med ertinga var eit viktig ledd i utviklinga til barnet, og at det tok til for alvor nettopp i denne alderen. Barnet lærer seg å handtere det uventa og det å spele på humor ved å erte, eller å verte borte og kome fram igjen, som denne stunda handla om.

Sjølv om ein kan sjå at Johanne har forandra seg og måten eg er mot henne har forandra seg ved at vi kommuniserer saman med andre objekt, og at eg begynnar å vere mot henne meir som om ho er eit lite barn, kan ein sjå at timingen framleis er der. Vi les kvarandre sine kodar, flettar oss inn i spørsmål og svar og etterliknar kvarandre. Nokre ting vert forandra, medan andre ting framleis er dei same. Trevarthen sin kommentar når han såg dette opptaket, var at Johanne laga kommentarar til det som skjedde rundt henne, anten til meg eller til leiken. Når ho ikkje laga kommentarar med lyd, laga ho dei ved å

slå rytmisk anten på knea eller på leiken. Det verka som om ho banka det ho ville seie rytmisk, og Trevarthen var svært fascinert av denne kreative responsen.

Samanlikning med tidlegare forskning:

Som ein kan sjå av loggboka var det mykje som skjedde denne perioden, men det at ho er begynt å sitte og "leike", er vel kanskje det som skil seg ut som den største forskjellen. Dette stemmer heilt overeins med Daniel Stern sin utviklingsteori om dei fire fasane eit spedbarn går gjennom dei to første åra. Han skriv at fram til sju månader er det ansikt-til-ansikt-dialogen som er den viktigaste formen for kommunikasjon, og at dette er den beste formen å tiltrekkje seg barnet si merksemd på.

I følgje Stern tek fasen om opplevinga av eit subjektivt sjølv til ved sju månadersalderen, og varer frå til omlag 16 månader. Han skriv at ved sju månader byrjar barnet å oppdage at det har eit medvit, og at andre omkring også har det. Dette fører til at barnet opplever at indre, subjektive opplevingar som intensjonar, kjensletilstandar og merksamsfokus kan delast med andre, og dei finn ut at det er mogeleg å gjere andre del i sine indre, subjektive opplevingar. Dette samspelet inneheld non-verbale signal som uttrykkjer gjensidig samvær og reaksjonar på andre sine handlingar.

Også Trevarthen har bevist gjennom si forskning at frå sjuande månad er dei ulike intensjonane til spedbarnet retta mot personar og objekt. Dei gjennomgår ei systematisk aldersrelatert integrering, som leder til ei felles interesse i formålet med objekt og hendingar i ei felles atmosfære. I denne alderen hevdar også Trevarthen at barnet viser veg inn i eit systematisk ritual av kroppsuttrykk og stemmebruk. Det startar med leik mellom person til person som inneheld humoristisk spøk og ei slags erting i "gøyne-finne" episodar, og til det seinare, ved ni månaders alderen, går over til medvit av leikar i ein leik med to personar og eit objekt i tillegg.

Jon-Roar Bjørkvold seier seg også einig i desse funna, og hevdar at allereie ved sju månaders alderen kan barnet spøke, lage rare lydar og grimasar og få vaksne til å le. Han seier vidare at det er framleis språket sin musikk, altså måten og ikkje kva, som gjev kommunikasjonen ei primær gjennomslagskraft.

No rasa utviklinga avgarde, desse siste månadene av det første leveåret.

5.11. Johanne vert pappa-jente.

Veke 35, 8 månader (10-17 september) - video-opptak nr. 10:

Loggføring:

"Ho er begynt å klappe i hendene! Berre eit slikt lite framsteg gjer meg ei ubeskriveleg glede. Eg seier: "så flink du er!" og så klappar ho av seg sjølv... Ho hylar også mykje for tida, det verkar som om ho elsker å høyre si eiga stemme gjere desse lydane. I tillegg har ho begynt å vinke, det er ikkje heilt tydeleg endå, men det er i alle fall sikkert at det er det ho prøvar på. Ho elsker når vi syng "Lille Petter Edderkopp" og er begynt å følge røyrslene vi gjer. Elles er ho vorten så oppteken av Pappa, ho vil veldig gjerne vere saman med han og ho verkar nesten like oppteken av han som av meg! Det er ikkje vanskeleg å sjå at Levi brukar mykje tid saman med henne. Dei går på baby-svømming ein gong i veka og han brukar mykje tid på å leike med henne. Trur nesten ho begynner å bli ei ordentlig Pappa-jente!"

(13. september 2002)

Denne perioden vert Johanne meir og meir knytt til pappa, sjølv om ho heilt frå første stund har vore nære han og gjerne vil gå til han. No er det nesten som om dei leikar saman, og eg trur at mannen min også merka denne forskjellen i utviklinga og fekk meir ut av å vere saman med henne. Før var det helst mamma som kunne knekke alle kodane i vår felles symbiose, og eg som fekk mest ut av samværet. Men no har Johanne meir og meir sloppe andre inn i si "verd", og det er etter kvart tydeleg også for andre kva ho vil og kva ho gjer kommunikasjonsmessig, både med kroppsørslene og lyd. Pappa og Johanne har fast tid kvar onsdag der dei går på baby-svømming, og kosar seg med å gå ein tur eller leike saman på stovegolvet etterpå.

Eg har difor teke med eit opptak av ei samspelsstund mellom Johanne og pappa som viser denne utviklinga, og der ein kan sjå at far og dotter tydeleg er samspelte og med på notane til kvarandre. Elles denne perioden verka det som om utviklinga har gått på mykje av det same som sist månad, med Johanne si oppdaging og utvikling av å finne sitt eige medvit, merksemd også til andre objekt og leikar, imitering av det vi gjer og "erting" som sist månad vart ein viktig del av kvardagen og relasjonen mellom oss.

Skildring og analyse av video-opptaket:

På dette opptaket er det eg som filmar, og Johanne og pappa som er hovudpersonar og sit på golvet og leikar. Johanne har desse siste vekene vorte veldig glad i "Lille Petter edderkopp", og opptaket startar med at Levi syng denne songen for henne, i tillegg til å gjere rørslene som høyrer med. Johanne ser først nøye på pappa når han tek til å synge, og er forventningsfull då ho har høyrte denne songen mange gongar og veit kva som skal skje! Ikkje eingong halvvegs ut i første frase byrjar Johanne og klappe, og når Levi syng siste del av frasa "klatret på min hatt!" og legg hendene på hovudet sitt, ler Johanne stort. Dette er noko kjent, noko ho har førebudd seg på, og difor kjem latteren med ein gong utan "reaksjonspause!"

Når Levi tek til på andre frase "så begynte det å regne og Petter ned han datt", ser Johanne først nøye på han, og prøvar så å ta fingrane hans når han gjer dei berømte regn-rørslene som går ovanfrå og ned. Når han har kome til "datt" og klaska begge armene på låra, ler Johanne igjen. Levi tek til på tredje frase, medan Johanne ligg litt etter og klappar på låra sine for å imitere den siste rørsla frå førre frase, men det tek ikkje lang tid før ho er "med i samspelet" att og strekk armene i veret saman med Levi når dei etterliknar sola som kjem og skinner. Mot slutten av denne frasa "...skinte på min hatt", når Levi legg hendene på hovudet att på siste ordet, ler Johanne nok ein gong. Så tek han til på siste frase og Johanne slår litt på pappa sin fot, før reaksjonen med latter kjem tilbake på siste ord ".....klatret på min hatt!" – der han ein siste gong legg hendene på hovudet.

Etter songen har dei ei lita "tøysestund", der pappa er meister i å erte og skubbar Johanne slik at ho nesten dett bakover, og deretter ertar ved å ta fingrane over andlet og munn. Johanne synest det er morosamt, pappa herjar meir enn mamma og ho likar dette.

Så ser ho brått meg som står litt lenger unna og filmar, og ho legg hovudet på skakke og prøvar å sjarmere litt med ein gong. Pappa legg merke til dette og spør om ho sjarmerer kameraet og dei legg begge to hovudet på skakke og ser mot meg, som ein felles leik mot meg. Det er akkurat som om Johanne skjønner at vi synest ho er søt og veit at ho får merksemd når ho gjer dette, og ho klappar spontant etterpå for å rose seg sjølv, eller vise oss at dette var bra.

Pappa plukkar også opp dette og klappar han også, og Johanne svarar med ein liten lyd. Når han ser at han får respons, klappar han både på låra og i hendene og dei har endå ein liten leik saman. Så tek han henne opp på fanget, og han prøvar å la henne stå sjølv mellom beina sine. Dette likar Johanne, og ho seier ein masse støtvide "æhh!" og kjem med ein liten latter når ho nesten dett og pappa fangar henne..

Så tek mamma til å synge "Klappe, klappe søte" for å sjå reaksjonen hennar, då eg forstår at pappa er i gang med leikar som gjer at Johanne er i sitt ess

når det gjeld å imitere og kommunisere med rørsler. Eg kjem berre halvvegs ut i første frase før ho forstår kva for song dette er og tek til å klappe. Ho forstår at denne klappinga høyrer saman med denne songen. Ho ser nøye på hendene sine når ho klappar, og det verkar som om ho konsentrerer seg djupt for å få til denne kombinasjonen. Eg avsluttar spontant og set i: "Så flink!!!"

Eg startar igjen på starten av songen, men Johanne ser berre ned og er oppteken av å klare å stå, så eg gjer meg fort. Rett etter at eg har stoppa å synge, gjer ho ei rørsle som om ho skal til å klappe igjen. Reaksjonen har berre kome litt etter, det er heilt tydeleg at ho har høyrte at eg tok til å synge songen ein gong til. Ho ser på hendene sine og prøvar å få dei koordinerte til klapping att, men vert oppteken av pappa i staden som starter å leike edderkopp oppover magen hennar.

Kommentarar frå Trevarthen:

Trevarthen meinte også ein kunne sjå tydeleg på dette opptaket at Johanne heilt tydeleg kommuniserer med pappa på eit heilt anna plan enn ho har gjort før, og at utviklinga til å inkludere også han i ei slik type samspelstund var typisk for hennar alder. Ein kan sjå at ho gjenkjenner situasjonar og rørsler frå andre enn meg, og at ho imiterer og prøver å lære frå omverda rundt seg. Johanne kan vise merksemd både til mamma og pappa, og i tillegg få med seg kva som skjer og imitere dette. Sjølv om utviklinga denne siste månaden kanskje ikkje har vore så tydeleg, er det lett å sjå at merksemda til Johanne mot ting og personar rundt seg har gjennomgått ei forandring. Den neste månaden vert denne evna endå meir tydeleg, og ein kan sjå eit sprang i utviklinga på dette feltet, men også andre områder.

Samanlikna med tidlegare forskning er denne månaden nokså lik forrige månad i Johanne si utvikling.

5.12. Eit lite lærevillig vesen!

Veke 39, 9 månader (21-27 oktober) – video-opptak nr. 11:

Loggføring:

"Eg føler at ho er blitt større på desse siste vekene; ho kryp stadig ikkje og vil helst sitte i ro på bakken, men liksom eldre i forståing. Det er som om ho forstår meir av det vi seier til henne. Når eg seier ho er dyktig, klappar ho med ein gong, vinkar når vi seier "ha det" og strekk armene opp i veret når vi spør kor stor ho er. Ho har til og med lært seg å gjere "give me five" (vi

har jo så mange tenåringar på besøk heile tida), og ho strekk handflata i veret når nokon seier dette til henne - det verkar som om ho forstår kva det er. Ho ser intenst på oss heile tida og vil liksom lære noko, ho imiterer også mykje!! Den siste helga har eg og Levi hatt ei emosjonell tid med å finne ut og bestemme oss for kvar vi skal bu og jobbe etter nyttår, og det er som om ho merkar at noko er på gang. Ho er veldig stille og sit og leikar når eg og Levi sit og pratar, som om ho forstår at det foregår noko.... Denne helga var første gong ho sjølv sette seg opp i senga!"

(24. oktober 2002)

Sjølv om utviklinga går meir gradvis no og ikkje skjer så eksplosivt som i dei første månadene, merka eg ein større forskjell frå åttande til niande måned enn eg hadde gjort sidan dei første fire månadene. Den største forskjellen gjekk på læreevna til Johanne, eller i alle fall det ein kan sjå at ho tydeleg viser at ho lærer. Læreevna har nok vore stor heilt sidan fødselen av, men no ser ein så tydeleg at ho er utruleg opptatt av å studere og lære, og at ho også memorerer det ho lærer og brukar det seinare.

Til dømes det at ho er begynt å klappe mykje i hendene, og det er heilt tydeleg at ho veit kvifor ho skal klappe. Ho gjer det kvar gong vi seier at ho er flink, eller når vi syng "Klappe, klappe søte." I tillegg er ho begynt å vinke heilt tydeleg no, gjere rørsler på "Lille Petter edderkopp" heilt tydeleg og ikkje berre prøve og til og med å danse! Når eg voggar kroppen etter ein song, gjer ho det også, men ho gjer det i tillegg sjølv på eige initiativ når eg syng eller ho høyrer musikk. Når vi "kniser" til henne (det er vel eit Vestlandsuttrykk og tyder at vi trekk skuldrene opp og gjer ei grimase når vi ler!), "kniser" ho tilbake og gjer også dette på eige initiativ. Det er tydeleg at ho har funne ut når, i kva for samanheng, dette skal ta plass.

Noko eg også hugsar frå denne tida, er at Johanne også har vorte meir sosial, og ho er meir oppteken av å kommunisere med andre enn berre dei aller næraste. Ho kan til og med finne på å strekkje ut hendene og ville starte ei samtale med folk ho aldri har sett før! Morsstoltheita blomstrar i alle fall, og eg var på denne tida ikkje uroleg i det heile teke over at det skulle vere noko gale med Johanne, eller med vår felles relasjon.

I tillegg har det, som ein kan sjå av sitatet frå loggboka, skjedd ei stor utvikling denne perioden når det gjeld merksemda hennar, eller kanskje det er medvite omkring seg sjølv og andre som har utvikla seg. I alle fall er det no slik at vi ikkje berre kan sjå på andre objekt, som til dømes leikar, saman, men at vi har ei felles merksemd rundt leikane og dermed leikar meir saman enn vi har gjort tidlegare. Når det til dømes gjeld ein ball, som har vore favoritten ei stund, kan Johanne no trille den tilbake til meg når eg først har

trilla den til ho, ofte etter at ho har halde den ei lita stund. I tillegg gjev ho leikar eller ting til meg for at eg skal sjå på dei og leike med dei, etter at ho sjølv har utprøvd leiken ei stund. Ho ser nøye på meg medan eg held på med leiken, og så må vi bytte att. Denne formen for "gi-og-ta-leik" har ikkje vore så utvikla før, og i alle fall ikkje slik at vi har trilla ball saman.

Skildring og analyse av video-opptaket:

Opptaket startar med at eg kallar på namnet hennar og at eg slår på lokket på golvet framfor meg med tesilen, medan eg syng ein oppdikta song med same rytme som eg slår. Johanne ser først på meg, deretter på lokket og så på meg igjen. Eg rekkjer så tesilen mot Johanne og spør henne: "Vil du ha den? Skal du og gjere?" Johanne tek tesilen, bankar på lokket slik som eg gjorde og lagar ein liten lyd i tillegg. Medan ho held på syng eg den same oppdikta songen med den same rytmen. Ho ser på meg, smiler og prøver igjen. Deretter gjev ho tesilen tilbake til meg, og eg responderer som om eg veit akkurat kva ho vil og meiner: "skal mamma gjere?" Eg tek tesilen og slår med den på lokket igjen, medan Johanne ser nøye på den. Så spør eg henne igjen: "Ville Johanne gjere? Ville du ha den?", for å prøve å oppmuntre henne til å gjere det same etter at ho no har studert og lært. Johanne tek tesilen, bankar litt først, for deretter å ta den i munnen å bite litt på den. Eg prøvar å sette henne i gang og syng songen med den same rytmen, og klappar på slutten for å markere rytmen. Etter at eg er ferdig å synge og klappe, prøvar ho sjølv, nesten som om ho har lytta og memorert og at ho no vil prøve sjølv. Når ho no slår på lokket, lear det seg bortover golvet, litt for langt unna til at ho kan nå det. Ho strekk seg framover og fiskar den tilbake med tesilen, og eg gjer henne kredit for den store bragda ho har klart ved å skryte av ho og seie at ho er dyktig. Johanne ser litt kry ut, og smiler lurt.

Etter at ho har fått tak i lokket vil mamma ta til på ein ny leik, og eg seier: "Johanne, se kva mamma har!! Mamma har ein ball!!" – og tek fram ein ball frå bak ryggen. Eg ser svært overraska ut når eg tek den fram, opnar munnen høgt og har store auge, som om eg også synest at ball er det kjekkaste i heile verda. Eg viser den til henne, og seier ein lyd på "æhh, æhh!!" for å vise endå litt meir entusiasme.

Johanne reagerer med å smile og le og ser veldig glad ut over denne overraskinga. Eg trillar ballen bort til henne og ho trillar den tilbake! Eg set i: "Oj, mamma fekk den!", for å stadfeste at ho klarte å nå målet sitt, og eg "kniser" (på vestlandsk) og seier "hi, hi" med ei grimase over heile fjeset. Johanne ler og gjer den same grimasa, som for å gjengjelde mi begeistring over kva vi har fått til. Deretter trillar eg ballen bort til henne att, og Johanne tek ballen, veivar masse med armane og slår på den. Eg responderer med å slå med armane sjølv og seie "ahh, ahh,ahh" for å imitere og gjengjelde hennar reaksjon.

Så trillar Johanne ballen bort til meg igjen, og eg stadfestar atter ein gong at ho har nådd målet sitt ved å sei at "mamma fekk han!", og eg trillar den bort til henne igjen. Då legg ho seg halvvegs ned på golvet og gjer den same grimasa som eg gjorde i stad. Eg etterliknar grimasen spontant medan eg ler litt og seier: "Kva gjer du Johanne??", som om eg er overraska over at ho prøvar og gjere det same som eg gjorde når ho fekk tak i ballen tidlegare, men også synest det er litt morosamt.

Så spør eg: "Skal mamma få?", og siktar til at ho skal trille ballen. Johanne tek den opp og ser på den, og så trillar ho den bort til meg igjen. Eg stadfestar at eg har fått den før eg tek til å kaste ballen mot henne. Den treff ho, men kjem tilbake til meg med ein gong gjentekne gongar medan eg gjer rørsle ein lyd på "a-bom!" Johanne ler medan dette held på, og gjer stadig "knise-grimasene" inni mellom.

Eg har på dette opptaket brukt ein teknikk som vert kalla "speiling", der eg set opp eit speil bak Johanne slik at ein både kan sjå ansiktsuttrykka mine og hennar. Dette gjer at ein lett kan sjå at vi etterliknar kvarandre sine grimasar og kjenslestemningar, samtidig som ein ser leiken som foregår på same tid som vi tek del i kvarandre sine stemningar og målsetjingar. Ein kan tydeleg sjå at Johanne følgjer nøye med på mine handlingar spesielt når det gjeld tesilen og lokket, for å kunne lære av kva eg gjer og imitere handlingane etterpå. I tillegg ser ein også at fokuset er totalt dreia mot andre objekt, medan vi stadig har eit felles samspel og tek del i kvarandre sine intensjonar, målsetjingar og kjensletilstandar. Utviklinga denne perioden ved ni månadersalderen har gjort eit enormt framsteg, og Johanne er her komen til det punktet i utviklinga der ho kan konsentrere seg og vise merksemd mot både ein person og eit objekt. Her er eg heilt viss på at samspelet vårt no har gått over til ein tydeleg kommunikasjon, den sekundere intersubjektiviteten er for alvor i gang!

Trevarthen var heilt einig i den tolkinga eg hadde gjort av dette videoopptaket og hadde ikkje her fleire kommentarar å tillegge.

Samanlikning med tidlegare forskning:

Dette er i tråd med det Daniel Stern skriv frå si forskning når det gjeld ni månader gamle barn. Han hevdar nemleg at når barnet er ni månader, kan det merke eit samsvar mellom deira eiga affektive tilstand og dei affektive uttrykka dei ser i mor sitt ansikt. Ni månader gamle spedbarn er i stand til å følgje ei peikande hand og den imaginære lina mot målet. Barnet er også i stand til å ha felles merksemd med omsorgspersonen, og den søker mora sitt blikk for å få ei stadfesting på at målet er nådd.

Som Stern seier, er det ikkje slik at ein berre "spring" frå eit stadium til eit anna. Ein vil alltid ha dei tidlegare stadia med seg når ein lear seg over i det neste. Dette var også noko eg merka med Johanne, at sjølv om det verka i

periodar som om utviklinga skjedde plutselig, var det skjedd mykje over tid som plutselig lausna og som gjorde at det verka som om det hadde skjedd over natta. Som til dømes dette med felles merksemd mot felles objekt og mål, kunne eg merke tendensane til to månader i forkant av den perioden då det plutselig fungerte.

Også Colwyn Trevarthen snakkar om denne perioden, der han skil mellom den primære og den sekundære intersubjektiviteten. Den primære intersubjektiviteten er den som Johanne har gått gjennom den første tida av livet sitt, der målsetjinga er å skape ein meningsfull dialog mellom to aktivt deltakande partnerar. Ein slik dialog startar med blikkontakt, og mor og barn utviklar ei heilt privat kodeforståing som består av lydar og rørsler som har eit meningsfullt innhald berre dei to forstår.

Den sekundære intersubjektiviteten som eg meiner Johanne no har lea seg over i, flyttar fokus frå ansikt-til-ansikt-kommunikasjonen og over til fokus på objektet. Når spedbarnet utviklingsmessig når fram til den sekundære intersubjektiviteten, er det mogeleg å drive samhandel med objekt for mor og barn. Noko som også, i følgje Trevarthen, inneber "gi-og-ta-leikar!" med andre objekt. Dette var noko som Johanne var på veg inn i allereie i førre månad, når pappa hadde "brote seg veg" inn i denne indre verda som tidlegare berre har bestått av mamma og Johanne, og teke del i leiken og i kommunikasjonen på ein heilt annan måte.

Trevarthen skriv også at det skjer ei utruleg utvikling ved ni månaders alderen, der barnet no viser interesse og merksemd mot eit objekt saman med ein annan person. Han skriv at observasjonane rundt denne alderen viser at leikeaktigheita til barnet har vist familiemedlemma veg inn i eit systematisk ritual av kroppsuttrykk og stemmebruk. Først i leik mellom person til person som inneheld humoristisk spøk og ei slags erting i "gøyeme-finne" episodar, til eit medvit av leikar i ein leik med to personar med eit objekt i tillegg. I denne alderen viser barn i familiesamanheng eit medvit av seg sjølv og andre i desse ritualiserte leikane.

Også Stein Bråten skriv om eit skilje i utviklinga ved denne alderen. Det består av merksemdskontakt om objekt som gjenstand for felles merksemd, og som innbyr til gjengjelding og imitativ læring av objekthandtering gjennom deltaking i den andre sine rørsler.

Det ellefte video-opptaket er eit eksempel eg har valt ut som tek for seg mange av desse forandringane. Særleg det som Bråten snakkar om der merksemda mot felles objekt innbyr til denne attgjevinga og imitativ læring av objekthandtering, ved at Johanne deltek i mine rørsler. På opptaket er det snakk om ein tesil som vi slår rytmisk på eit lokk med, for å skape musikk. Også dette med samhandlinga og at Johanne tek del i leiken på ein annan måte, til dømes gjennom "gi-og-ta-leikar" som både Trevarthen og Stern skriv om, ser vi tydeleg gjennom denne leiken, men også trille ball-leiken som oppstår etterpå.

5.13. Det fysiske er i sentrum.

Veke 42, 10 månader (12-19 november) – video-opptak nr. 12:

Loggføring:

"Når det gjeld utvikling, synest eg ikkje det har skjedd så mykje denne siste månaden. Det er stort sett det same som pregar kvardagen, om ein tenkjer på kommunikasjonsevna og merksemda hennar. Derimot har ho begynt å snu seg rundt på golvet når ho sit, har begynt å ville reise seg opp på alle fire og ake seg litt rundt på golvet. Vi er begynt å leike "skremmeleiken", der vi kjem krypende mot henne og leikar som vi skal ta henne. Ho kvin og ler høgt, og ser på oss med store, lysande auge.

Ho har også begynt å seie "dada" til pappa og imitere dyrelåtar når vi ser i dyreboka. Ho seier "vov" og "mjau" når vi peikar på hunden og katten og spør kva dei seier. Når vi syng "Lille pusekatt, hvor har du vært", prøvar ho å herme når vi kjem til siste frase der vi syng "Au, mjau, halen min" og latar som vi har fått vondt i halen. Ho seier lydar som liknar på "au" og "mjau" medan ho opnar munnen sin og ser dramatisk ut."

(13. november 2002)

Det eg skriv i loggboka frå denne månaden, er at det er mykje likt den førre månaden når det gjeld kommunikasjon og læring. Det med eit anna objekt i fokus, også samtidig med ein annan person, utviklar seg vidare i sakte tempo. Det som derimot står i sentrum denne månaden er utviklinga av den fysiske motorikken.

I tillegg til det eg har skreve i sitatet har ho meir kontroll over armrørsler både når ho kommuniserer med armane, men også når ho skal plukke opp leikar og leike med dei. Ein kan merke at språket startar å utvikle seg, sjølv om det er langt ifrå noko ho brukar når ho kommuniserer, men mest lydar ho lagar for å imitere ord vi seier.

Skildring og analyse av video-opptaket:

Det neste video-opptaket er eit eksempel på korleis Johanne har utvikla seg vidare når det gjeld det motoriske, men også på kommunikasjonsfronten med

å leike med andre objekt samtidig som ho kommuniserer med meg. Og lærevilligheita hennar, der ho meir og meir imiterer og forstår kva for uttrykk som heng saman med kva for rørsle, og så vidare. I tillegg ser ein også eksempel på korleis Johanne på kort tid, i løpet av ei og same samtale skiftar og viser ulike sinnsstemningar, og at ho tydelegare viser kva ho tenker og føler om ting. Ein ser viljen kome gjennom meir og meir, og ho styrer mykje meir leiken og kommunikasjonen vår no enn ho har gjort tidlegare.

Når opptaket tek til sit ho sjølv på golvet og leikar, og eg filmar henne med kamera. Ho leitar fram eit lokk frå leikekassa og lagar ein liten lyd samtidig, noko ho aldri ville gjort for ein månad sidan då ho berre tok det som låg framfor henne på golvet. Ho tek til å slå dette lokket mot eit anna lokk ho har i hendene, noko eg har gjort med henne tidlegare, og som ho hugsar og no gjer for seg sjølv. Så tek ho til å bite i lokket.

Så kallar eg på namnet hennar og ho ser opp på meg med ein gong, lyser opp i eit stort smil og lagar ein lyd som ein slags "kjekt å sjå deg att" lyd, og veivar med armane. Eg seier "hei" fleire gongar som om eg skjønar at det er det ho seier til meg, og spør om ho vert så glad når mamma er her. Då tek ho til å vinke, og lagar ein liten lyd som høyrest ut som ei etterlikning av den lyden eg spurte spørsmålet med i setninga før. Eg vert glad når eg ser ho vinkar og stadfestar at eg ser og seier : "Ja, vinke til mamma" to gongar.

Deretter tek eg til å synge "Klappe, klappe, søte", og ho legg frå seg lokket ho held på med og klappar etter songen, sjølv om eg ikkje klappar når eg held kameraet. Ho forbind denne songen med å klappe, og set i gong av seg sjølv. Når eg er ferdig med å synge legg ho hovudet på skakke for å sjarmere litt, noko ho veit at vi synest er morosamt når ho gjer, og ho startar å vri litt på kroppen som ho pleier å gjere når ho skal danse, men kjem ikkje heilt i gang. Det verkar som om ho prøver å vise alle kunstane ho kan på kort tid for å få stadfesting og mi merksemd.

Eg spør om ho vil danse litt då eg ser at ho var i startfasen, og tek til å synge litt rytmisk på ein melodi utan ord eg diktar opp der og då. Men ho vert oppteken av ei tresleiv ho finn, som ho dreg fram og tilbake på golvet i tillegg til lokket ho hadde først. Eg tek ei lita pause i samtala og let ho få styre litt med leikane sine, og seier "Hei, vennen min!" etter ei lita stund. Då ser ho på meg att, smiler, vinkar igjen og gjer frå seg ein liten lyd. Eg stadfestar handlinga hennar med å seie "ja, vinke litt!"

Deretter prøvar eg å få henne til å vise kor stor ho er, og spør henne fleire gongar. Ho er ikkje heilt med på notane, og demonstrerer at ho er oppteken med noko anna. Ho lagar ein liten lyd når ho held på med leikane og ikkje bryr seg om spørsmåla mine, så det verkar som om ho er klar over at eg er der og snakkar med henne; at vi på ein måte er saman i ei samspelstund endå, men at ho viser at ho vel å ikkje gjer som eg spør om. Eg gjev meg til slutt, og respekterer valet hennar med å seie "har du ikkje lyst å vere sirkusartist i dag?"

Så fortset eg vidare med å snakke om kor mykje leikar ho har, og at ho er ti månader i dag. Men ho held framleis på med leikane sine heilt til eg tek til å synge melodien til "Klappe, klappe, søte", berre med andre ord, eg syng i staden på "stompe, stompe, fanten". Då legg ho lokket frå seg og byrjar å klappe igjen, som om ho har vore med i samtala heile tida men berre hatt ei lita pause i sine innslag, og høyrte på meg medan ho leika. Ho kjenner att melodien i stemmen og tek til å klappe, sjølv om eg ikkje seier orda "klappe, klappe". Eg merkar med ein gong kva som skjer og seier "klappe, søte, ja" før eg tek til å synge ein gong til med dei riktige orda. Johanne tek opp lokket att og leikar med det.

Etter dette set eg henne framfor spegelen, set frå meg kamera så det filmar oss, og set meg ned saman med henne. Eg kallar på namnet hennar igjen og gjev ho ein leike, ho tek den, mistar den, men tek den opp att. Så strekk ho seg etter ein annan leike, legg den ned igjen og ser etter om ho ser noko anna interessant, som om ho ikkje lenger er fornøgd berre med det som ligg framfor henne men leitar til ho finn det ho vil ha.

Så kallar eg på namnet hennar att for å synge "Klappe, klappe, søte" igjen. Før eg tek til å synge, idet eg løftar armene for å klappe, er ho med og tek til å klappe med ein gong. Ho har ein leike ho bit i gjennom songen, og rekk meg den i siste frase. Eg tek imot, og når eg sluttar å synge ser det ut til at ho skal begynne å danse litt igjen. Så ser det ut som ho vil ta leiken, men tek til å klappe, medan eg viser at eg ser alt ho gjer og seier "ja, klappe, danse litt". Ho gjev meg leiken att, og det ser ut som ho forventar at eg skal gje den attende til henne. Når ho ser at eg held leiken i hendene utan å gje den tilbake, ser ho seg med ein gong rundt etter ein ny leike.

Då startar eg å synge på ein ny, rytmisk oppdikta song utan ord, og ho ser først nøye på meg. Så mistar ho interessa att og tek til å sjå seg om etter ein ny leike. No ser det ut til at Johanne blir litt irritert over eitt eller anna, ho skyv leiken ho finn bort med ein litt aggressiv rørsle, og seier fleire lydar på "da, da, da" som om ho verkeleg prøvar å sei ei setning. Ho tek den tilbake og gjev den til meg, og eg prøvar å henge med på hennar nye sinnsstemning og repeterer det ho seier med "ja, da,da", og spør om det er pappa eller mamma ho meiner då "da,da" pleier å tyde pappa. Medan eg spør om dette gjer ho frå seg ein høg, irritert lyd, som om ho kjeftar litt og slår bort leiken.

Så trillar ho leiken bortover golvet, og eg fortel med ord kva som skjer: "ja, no for han..." Eg prøvar å gje ho ein ny leike og spør henne "veit du kva dette er?", men ho slår til den nye leiken også. Då forstår eg at det er noko som eg ikkje klarar å rette opp med å gje nye leikar og prøve å "snakke det bort", og eg ser litt bekymra på henne og spør "Kva er det Johanne?" Så prøvar eg å tøyse litt, og tek ein ny leike som eg går bortover golvet med og oppover magen hennar for å prøve å få henne i godt humør att. Det verkar ikkje heilt, og eg avsluttar med å prøve ein liten "gje-og-ta-leik" før vi avsluttar heilt.

Eg veit ikkje heilt kva som gjorde at Johanne vart irritert, om det vart for mykje stimulans, eller om det berre var noko enkelt som då ho mista leiken og vart irritert for det. I alle fall ser ein korleis Johanne no styrer ved å vise ei anna sinnsstemning, og at eg føyer meg etter den, prøvar å rette det opp, men slår meg til ro med situasjonen slik som den er. Ein merkar også at Johanne vert meir og meir oppteken av leikane sine, og ofte føretrekk dei framfor å samtale med meg sjølv om ho er med i kommunikasjonen likevel.

Kommentarar frå Trevarthen:

Trevarthen kunne stadfeste desse nye oppdagingane eg har gjort når det gjeld utviklinga til Johanne på dette opptaket, og sa at Johanne er blitt meir bevisst på kva ho vil. Ho har også meir kontroll kroppsleg slik at ho kan "bestemme" meir over seg sjølv, og viser meir sjølvstende frå oss. Dette viser ho ved å velje når ho vil snakke og når ho vil leike, men også ved å vise tydelegare kva ho ynskjer og ikkje ynskjer. Ho vert meir og meir eit lite barn, og ønsket om å lære og å vise kva ho lærer, stig også frå veke til veke no.

Her vil eg heller ikkje leggje til noko ved utviklinga til Johanne når det gjeld samanlikning med tidlegare forskning, då denne i stor grad liknar forrige månad. Det nærmar seg den siste månaden av det første leveåret hennar. Kommunikasjonen går meir og meir mot leik, der vi saman kan forhalde oss til å leike med andre leikar, og ikkje veksle mellom ei merksemd om samtale og merksemd om eit objekt. Denne utviklinga har gått gradvis dei siste månadene, men i denne siste perioden der ho nærmar seg året skjer det eit ganske stort sprang på nettopp dette feltet.

5.14. Den siste månaden av det første leveåret

Veke 45, 11 månader (2-9 desember) – video-opptak nr. 13:

Loggføring:

"Det er ein fantastisk alder! Ho er ei veldig glad jente, herjar vilt når vi tek ho inn til oss i senga om morgonen, og er ei ordentleg go'jente! Ho er heilt med kommunikasjonsmessig, og eg føler det er først no at ho startar å verkeleg imitere og forstår ordentleg kva vi seier. Ho klappar seg på munnen som ein indianar, tek telefonrøret opp til øyret og bablar i veg, peikar og seier "dehh", og gjev suss til folk og smaskar ut i lufta. Ho har også begynt å susse oss på munnen; ho opnar heile munnen og trykker den inntil vår.... Ho elsker å sitte i trilla si ute når vi går

tur, ho ler og kviner når vi køyrer framover! ”

(8. desember 2002)

Det siste video-opptaket er eit eksempel frå den aller siste tida før Johanne fyller eitt år. Frå ho vart født og fram til no har utviklinga både gått gradvis og i det som eg vil kalle sprang, der det plutseleg har lausna noko og ein ser ei forandring nesten over natta. Denne siste månaden har det skjedd ei stor utvikling når det gjeld å rette merksemda mot ein person samtidig som ho har merksemd mot eit objekt, og at ho saman med denne personen kan ha ei felles merksemd rundt dette objektet. Det neste video-opptaket er eit eksempel på nettopp dette.

På det fysiske og motoriske stadiet synest eg ikkje det har vore så stor utvikling som i førre månad. Ho er framleis på eit stadium der ho akar seg framover, og det var først ved 15 månaders alderen eg opplevde eit stort sprang i utviklinga på dette området.

Skildring og analyse av video-opptaket:

Opptaket startar med at både eg og Johanne sit på golvet, og pappa-Levi har stilt opp kameraet litt lenger borte og sit i sofaen og overvakar det heile. Eg spør Johanne “er pappa der?” medan eg peikar mot han på sofaen, og ho ser direkte mot sofaen og pappa. Så spør eg om vi skal vinke til pappa, og vi vinkar begge mot han. Ho er samtidig oppteken av ein leike ho har, og ho mister den og tek den opp igjen. Eg er framleis oppteken av å vinke og seier “vinke, vinke, vinke, pappa”, og ho vinkar igjen. Ho ser på leiken sin og seier “dada” som tyder pappa, og eg responderer med “dada, ja” for å stadfeste at det er heilt riktig at det er pappa. Dette tyder på at ho allereie er begynt å bruke språket når ho kan det til å kommunisere i slike små episodar.

Så tek ho leiken, ser på den og gjev den til meg. Eg tek den og viser henne leiken, og ho småler litt, ser på den og smiler. Så strekk ho seg etter den, og den dett på golvet att. Ho vert litt irritert over dette, og sutrar litt før ho tek den opp att. Så ser ho ein boks lenger borte på golvet og strekk seg etter den. Eg får med ein gong med meg kva som skjer, og spør: “oj, ser du noko?” og tek den bort til henne. Ho ser på den og smiler litt. Deretter tek eg opp eit telefonrør som er på denne boksen, held det opp mot øyret mitt og seier “hallo, hallo”. Johanne er endå oppteken av den andre leiken, og eg prøver å ta røyret opp til hennar øyre og spør om Johanne skal snakke. Det er tydeleg at Johanne ikkje heilt har lyst, ho kjem med ein liten lyd og prøvar å ta hovudet bort frå røyret. Eg fortset med å seie “hallo” og “kven er det?”, som om eg prøvar å oppmuntre henne til å snakke sjølv.

Til slutt tek ho røyret sjølv opp til øyret sitt, og eg stadfestar at dette var riktig gjort ved å seie “ja, sånn, ja!”. Så strekk ho seg med røyret mot mitt øyre og eg spør om mamma skal ta det, seier “hallo, hallo” og “hadet” og legg på røyret. Ho tek det opp att og strekkjer seg med røyret mot øyret mitt,

og eg spør om mamma skal snakke. Så kjem ei veksling der eg spør om ikkje ho vil snakke, og at ho deretter tek det bort igjen frå sitt eige øyre og mot mitt att. Så blir ho veldig oppteken av boksen, leiken ho hadde før og knappane på telefonrøret, og trykkjer på desse.

Etter ei kort stund trykkjer eg på ein knapp på boksen som gjer at ein bamse sprett opp! Ho ser på den med store, overraska auge og trykkjer den litt ned att, slik at den sprett opp igjen. Eg responderer som om eg er med på leiken og vert veldig overraska og seier: "Oj, neimenn!!" og Johanne ler med stor, open munn. Så vinkar eg litt til bamsen og ho prøvar å trykkje den ned att. Eg hjelper henne med å trykkje den heilt ned og spør kvar den vart av. Ho prøvar sjølv å få den opp ved å trykkje på knappen slik eg gjorde, men får det ikkje til og vert sur og hylar som om ho vil ha den, NO! Eg trykkjer på knappen så den sprett opp att, og Johanne vert glad igjen med ein gong. Ho ler høgt på "ha, ha, ha", og startar med å trekkje pusten innover etter "ha" lyden, så det vert skikkeleg latter-lydar. Det verkar nesten som om ho etterliknar meg fordi eg har ledd kvar gong bamsen sprett opp.

Så trykkjer eg bamsen ned att og seier "ha det" og vinkar til den. No er det akkurat som om ho hugsar at ho sjølv ikkje fekk til å ta den opp, men at eg gjorde det, så ho tek handa mi og vil føre den bort til knappen. Eg spør om mamma skal gjere det, men eg tek handa hennar og trykkjer med den på knappen slik at ho skal lære det. Når den har kome opp att, prøvar ho å få den ned att og vinkar masse til den, akkurat slik eg gjorde for eit augeblikk sidan. Ho ler masse igjen, også med "innover-lyd" og med stor open munn, som om ho vil presisere at ho synest dette er like morosamt som eg gjer.

Så tek eg ned bamsen att og seier "ha det bamsen", og Johanne vinkar til den. Eg viser henne kor ho skal trykkje for å få den opp att, og ho trykkjer på den så den sprett opp igjen. Eg stadfestar henne ved å seie at ho er dyktig, og trykkjer den ned att. Johanne vinkar spontant, denne leiken har ho lært no! Så vert ho utålmodig og trykkjer vilt på alle knappane heilt til bamsen plutseleg sprett opp. Ho vert kjempeglad og klappar i hendene over at ho greidde det. Deretter leikar vi "skremmeleiken" litt, der eg latar som eg tek ho og kiler henne, og ho ler og frydar seg.

På dette opptaket hadde ikkje Trevarthen nokre fleire kommentarar utover det eg allereie hadde sett og sa seg heilt eining i dei tolkingane eg hadde gjort.

Samanlikning med tidlegare forskning:

Om ein trekkjer det attende til det eg tidlegare har skrive frå andre si forskning, kan ein sjå fleire likskapstrekk med Johanne si utvikling. Bjørkvold skriv at inntil denne perioden er det vanskeleg for barnet å dele merksemda si. Anten snakkar barnet med den vaksne eller leikar med ein gjenstand; å gjere begge delar på ein gong er vanskeleg. Men mot slutten av det første

leveåret hevdar Bjørkvold at barnet meistrar også dette, og barnet og den vaksne kan no dele merksemda om ein leike og samtidig snakke saman. Dette kan ein heilt tydeleg sjå med Johanne på det neste video-opptaket, og ho har på dette tidspunktet gått heilt over til den sekundære intersubjektiviteten som Trevarthen snakkar om.

Stein Bråten skriv også at på dette stadiet følger utviklinga vidare frå ansikt-til-ansikt-kommunikasjonen, til merksemdskontakt om objekt som er gjenstand for felles merksemd. Den innbyr til gjengjelding og imitativ læring av objekthandtering gjennom deltaking i den andre sine rørsler. Bråten brukar eksempelet der barnet tek ei skei og vil mate den vaksne, og dermed etterliknar den vaksne sine handlingar. I Johanne sitt tilfelle kan ein sjå trekk av dette ved at ho er begynt å ville kysse oss på munnen, fordi ho har opplevd at vi har retta denne handlinga mot henne. I tillegg kan ein sjå på det neste video-opptaket at ho gjer det same, men denne gongen med eit telefonrør. Eg held telefonrøret opp til øyret og snakkar først, og ho gjer det same etter å ha sett på nokre gongar. På opptaket er det første gong ho gjer denne gesten, men etter dette eksempelet skjedde det ofte.

Her ser ein tydeleg at vi har felles merksemd mot felles objekt, og vi leikar meir enn vi har gjort før. Johanne viser stor lære-evne ved å klare sjølv å trykkje fram bamsen ved å sjå korleis eg har gjort det, og ho tek del i mine handlingar også med å bruke telefonrøret, som ho aldri har gjort før.

Det første leveåret er snart over, og Johanne si utvikling har vorte nøye fylgt dette året. Eg fortset å følgje med med stor interesse, om ikkje så intenst som det første året. Johanne er no ei lita jente og ikkje ein baby lenger. Snart ventar dagmamma og leik med andre barn, men den nære relasjonen mellom Johanne og mamma vil alltid forbli, på grunn av dette bandet vi knytte heilt frå Johanne var eit lite "frø" inne i mor sin mage!

6. Konklusjon

For å kunne konkludere og samanfatte arbeidet mitt, vil eg gå attende til problemstillinga og sjå på dei spørsmåla eg frå starten ville prøve å få svar på, sjølv om eg gjennom forskingsarbeidet også fekk svar på spørsmål eg ikkje hadde stilt. Dei to spørsmåla eg stilte i problemstillinga var korleis mor påverka fosteret si utrusting til kommunikasjon ved å prøve ut om mor sin song gjennom svangerskapet hadde ein verknad og om utviklinga til Johanne kommunikasjonsmessig det første leveåret stemde overeins med det tidlegare forskarar har funne.

Eg vil hevde at eg fann ut at begge spørsmål stemde overeins med det eg har lese om i bøkene. Både at songen eg song for Johanne gjennom svangerskapet hadde ein verknad og at utviklinga hennar kommunikasjonsmessig i det store og det heile stemde overeins med det tidlegare forskning på området har funne. Eg vil påpeike at dette var noko eg ikkje såg i starten og at eg trudde det var tvert om. Eg kunne til dømes ikkje dei første vekene sjå nokon av dei funna eg har gjort i ettertid som eg ser stemmer overeins med tidlegare forskning og eg var frustrert og usikker på kvar dette ville ende. Det som har hjelpe meg er den mognaden som har skjedd i mitt eige liv og i den prosessen det har vore å kome fram til desse konklusjonane, samt ikkje minst den hjelpa eg har fått av til dømes Colwyn Trevarthen til å analysere video-opptaka mine.

Det har sjølv sagt vore små avvik frå nokre av dei funna enkelte av forskarane har gjort. Eg vil berre trekkje ut nokre av desse og nemne til dømes Verny si forskning der han hevdar at fosteret også kan høyre andre sine stemmer som oppheld seg utanfor mor sin mage og at desse stemmene og også lydane påverkar barnet. Dette kunne eg ikkje finne noko bevis på at stemde når det gjaldt mitt eige barn. Denne påstanden er også svært omdiskutert og dei fleste forskarar i dag, til dømes Bjørkvold og Trevarthen er ikkje eining med Verny når det gjeld dette punktet.

Det andre eg vil nemne er at eg på Johanne ikkje kunne merke teikn til etteraping av lydar og ansiktsuttrykk den første tida etter fødselen, slik mange hevdar er mogleg. Johanne hadde andre måtar å samspele på og det var først fleire månadar etter eg kunne snakke om etteraping. Eg er også klar over at til dømes Trevarthen som er ein av dei som hevdar dette også legg fram at dette skjer *nokre gongar* og at det er like vanleg at ein ikkje merkar teikn til dette. Formålet er å vise at det *kan* skje og at fosteret dermed har medfødde evner til kommunikasjon som viser seg i nokre tilfeller.

Noko av det som har vore spanande med forskningsarbeidet mitt, er å vere vitne til og deltakar på den vegen det har vore å gå frå det var snakk om berre ei kontakt, eller ein interaksjon mellom meg sjølv og Johanne på fosterstadiet, via eit samspel den første tida etter fødselen og til ein meir

utvikla form for kommunikasjon til slutt. Som eg har vist i analysen, er eg ikkje heilt hundre prosent sikker på når desse fasene overlappa kvarandre, men små funn i kvardagen tyda på at denne utviklinga fann stad. Denne utviklinga er også noko eg har forstått meir av i ettertid og som eg hadde feil forventningar til frå starten av. Eg vart frustrert når eg ikkje opplevde ein kommunikasjon mellom meg sjølv og Johanne den første tida etter fødselen og forstod ikkje at eit samspel kan vere så mykje meir enn ein tydeleg kommunikasjon mellom to mennesker og at dette var ei utvikling som tok tid.

Eit viktig spørsmål å stille seg mot slutten av eit slikt prosjekt, er om eg har funne noko som er særeige med mitt forskningsarbeide og som dei andre forskarane kanskje ikkje har sett? Her vil eg gå attende til avsnittet under kapittel to, der eg spør kva eg sjølv kan bidra med. I dette avsnittet hevda eg at eg trudde det var positivt for arbeidet at eg sjølv var kvinne og mor til forskingsobjektet og dermed fekk ein nærleik til feltet som var unikt. Dette vil eg utdjupe litt nærare, då eg vil påstå at dette er noko av det viktigaste eg har lært og fått ut av arbeidet og som eg i tillegg ikkje har lese hos nokon av dei andre forskarane.

Utan å gjere dette til ein "kjønnsdebatt", må eg seie at forskinga rundt spedbarnskommunikasjon og utviklinga på fosterstadiet er svært mannsdominert. Dette finn eg svært merkjeleg, då det er kvinner som går gravide, føder barna, tek mest hand om dei det første leveåret og i tillegg er dei som har størst innverknad på barna både gjennom svangerskapet og tida etter. Eg synest kvinna si rolle vert litt gløymt i denne forskinga og det kvinnelege perspektivet i utviklinga kjem ikkje heilt fram. Det å sjå eit spedbarn si utvikling gjennom ein mannleg forskar sine auge og gjennom ei nybakt mor sine auge er to veldig ulike perspektiv og dette er det eg kjenner at eg har fått med meg som dei andre forskarane eg har henvist til gjennom oppgåva ikkje har gjort.

Eg har prøvd å formidle dette perspektivet gjennom heile oppgåva og vore ærleg om mitt ståstad, mine tankar og kjensler og mi utvikling som mor. Det eg vil leggje til, eller tydeleggjere her, er viktigheita av den utviklinga mor gjennomgår samstundes med barnet og som difor er avgjerande når det gjeld utviklinga av ein felles kommunikasjon og barnet si utrusting til samspel. Det ein ikkje må gløyme her, er at mor også på ein måte vert eit nytt menneske når barnet vert født og ho vert mor, og ikkje på nokon måte er "ferdig utvikla" i si nye rolle. Barnet følger ei utvikling som det første leveåret stort sett går oppover om ein skal samanlikne det med ein grafe på ei kurve, med nokre unntak av tider der det går rett fram. Mor, derimot, følger ei utvikling som både får oppover, nokre gongar framover, men også til tider går rett nedover og brukar tid til å kome attende til utgangspunktet att. Eg tenkjer spesielt på den fyrste tida der eg kjende meg depressiv, som ei misslykka mor og alt berre var svart.

I desse tidene kan det oppstå eit stort "gap" på grafen mellom der mor befinn seg og der barnet befinn seg og det kan føre til vanskelegheiter i samspelet

og kommunikasjonen mellom mor og barn. Eg snakkar ikkje om kva som skjer når mor får ein fødselsdepresjon, men kva som skjer i livet generelt når ein står ovanfor ei nybakt mor og eit nyfødt barn. Ein må leite og kjenne seg fram, prøve og feile, erkjenne at ein gjer feil og arbeide på den enorme emosjonelle omveltninga det er å bli mor. Eg er viss på at ein her må stole på skaparverket og at mor og barn hentar kvarandre inn på grafen, men likevel er det interessant å spørre seg kva som skjer i dei ulike mor-barn relasjonane når desse ujevnhheitane i utviklinga finn stad. Det er kanskje like mange svar på dette som det finnest mor-barn relasjonar, men å følge mi eiga utvikling samstundes med Johanne si utvikling har vore det alle mest lærerike for meg.

7. Etterord

Når ein har gått gjennom ein slik prosess som det er å skrive ei hovudoppgåve, og spesielt når ein skriv om eit tema som er så personleg og brukar metodar som er så sårbare, er det mange tankar ein gjer seg opp i ettertid. Det å skrive denne oppgåva har vore både det mest interessante og lærerike, men også det mest frustrerande og slitsame eg nokon gong har gjort.

Det å skrive hovudoppgåve er vel ganske energikrevjande i seg sjølv, men i tillegg til den prosessen det er å også skulle forhalde seg til det å verte mor og alle dei omveltingane det inneber, har for meg vore svært spesielt. Det at eg gjennom denne tida skreiv så utførleg loggbok og filma og analyserte vår relasjon, har gjort at eg har kome meir i kontakt med kva eg gjekk gjennom og fått betre sjølvinnsikt på dette området, noko som igjen har gjort oppgåva mi rik på mange måtar.

Eg trur eg har blitt kjent med dottera mi på ein heilt annan måte enn eg elles ville ha blitt, og eg trur også at det første leveåret hennar, der eg samla inn alt forskingsmaterialet, også må ha prega henne på nokre måtar. Eg vil her i dette etterordet prøve å utdjupe det litt nærare, og kome med refleksjonar eg har gjort meg i ettertid.

7.1. Johanne i dag.

Johanne er i dag to år og fire månader, og det har skjedd store forandringar i hennar utvikling sidan den siste analysen eg gjorde frå video-opptaket der ho nærma seg eitt år. Dei største forandringane i livet hennar som ein ser ved første augekast, er at ho kan gå og at ho kan snakke. For å bruke Johanne sine eigne ord om kvar ho står no, kan eg referere til ein diskusjon vi hadde i førre veke om kor vidt ho skulle sitte på potta eller ikkje. Johanne sitt argument var: "jeg er jo altfor stor til å sitte på den!!", og tilsynelatande er dette riktig. Johanne er blitt stor jente; ho går i park fire timar om dagen, på søndagsskule kvar søndag og er ein aktiv del av samfunnet allereie.

Det neste eg vil påpeike som pregar Johanne no, er at ho er utruleg oppmerksom på alt og alle. Ho studerer alt som skjer rundt seg, er lyttande og konsentrert når nokon snakkar til henne, på fjernsynet, eller at mamma og pappa snakkar med kvarandre. Ho får rett og slett med seg alt og er det eg vil kalle litt nyfiken. Dette er nesten litt morosamt når eg tenkjer på det eg skreiv heilt frå dei første analysene eg gjorde frå video-opptaka av Johanne. Heilt frå fødselsaugeblikket og dei første vekene skildrar eg at ho verkar lyttande og stirrar intenst på ting, som om ho prøvar å få med seg kva som skjer. I byrjinga synest eg dette var ei negativ side ved Johanne, då mi oppfatning av kva det ville seie at eit spedbarn kommuniserte var å sjå på

meg, etterape og "snakke" i form av baby-lydar", men etterkvart var det noko eg slappa meir av på og som eg ikkje tenkte så mykje over. Ho har frå første stund vore studerande, lyttande og følgjer med.

I byrjinga var dette kjennemerket hennar, og som baby hevda Trevarthen at dette var noko av grunnen til at Johanne ikkje kommuniserte så mykje med lyd. Ho studerte det som skjedde, og var mest oppteken av det framfor å kommunisere på andre måtar. Sjølv om dette framleis er kjennemerket til Johanne, må eg sei at ho i dag i aller høgste grad også kommuniserer på andre måtar. Sidan ho var to år har ho snakka som ein foss, og vore veldig oppteken av å uttrykkje seg i form av det verbale språk. Eg må likevel seie at det er interessant å sjå at ein slik stor del av personlegdomen hennar som det å vere studerande, lyttande og oppmerksam kan vere medfødt. At mykje av personlegdomen hennar var danna allereie når ho kom ut av mor sin mage. Sjølvsagt er det mykje av den som vert forma undervegs av det som skjer rundt henne i livet, men at så mykje personlegdom var medfødt og allereie ein del av Johanne ved fødselen, var noko eg ikkje ville ha trudd på førehand.

Johanne har også veldig god hugs. Ho kan hugse ting som skjedde for eit halvt år sidan, og om eg er i tvil kven ho fekk dei ulike fødselsdagsgåvene frå, er det berre å spørje henne. Også namn og personar er ho god til å hugse, og ikkje minst teksten på songar ho lærer og historier i bøker. Ho elsker å lese bøker saman med oss, eller å synge gjennom songane i songboka si. Johanne er ei aktiv jente, men likevel roleg av natur. Ho kan sitje i lang tid og "putle" med små leikar, og eg kan ha henne med på møter som varer i eit par timar der ho er still og leikar for seg sjølv.

Noko ho har arva frå begge foreldra sine, er sin dramatiske natur. Ho er anten veldig glad, veldig trist og frustrert eller veldig sint. Ho er aldri midt i mellom, men anten – eller. Ho har eit stort temperament og er veldig bestemt! I tillegg vil eg sei at ho er svært sosial. Ho er tillitsfull og snakkar med og helsar på alle. Ho likar godt å snakke med andre menneske, og fortel om alt så lenge dei har lyst å høyre. Ein kan merke at ho er van med å ha mykje folk rundt seg, då heimen vår til tider meir har fungert som eit "forsamlingshus".

Eg trur at i tillegg til dette med å vere merksam, er også den dramatiske sida ved Johanne og den rolege naturen noko som har vore ein del av henne sidan fødselen. Dette med interessene, hugsen og den sosiale sida ved henne vil eg tru, utan at eg kan bevise noko, er meir innlært undervegs. Eit barn sin personlegdom er så mangfaldig, og fleire sider ved Johanne vil dukke opp etter kvart. Likevel synest eg det er utruleg at ein allereie frå fødselen av kan merke sider ved personlegdomen så tydeleg; det at ein har med seg genetiske nedarva sider av kven ein er, og at desse fortset å følgje ein for resten av livet.

7.2. Johanne og mamma sitt samspel to år etter

Korleis er samspelet, kommunikasjonen og relasjonen til mamma og Johanne no når ho er blitt over to år og stor jente? Det er eit stort spørsmål å svare på i seg sjølv, så eg vil nøye meg med nokre få tankar. Eg vil påstå at Johanne er svært nære og knytt til både mamma og pappa. Ho er nok litt "mammadalt", som mange toåringar er, men likevel står ho også pappa nær og vil veldig gjerne bruke mykje tid saman med han.

Johanne elsker å sitte og prate med oss, lese bøker og leike saman med oss. Ho synest det er veldig kjekt når mamma eller pappa fortel ulike historier om kva som skjer i dagleglivet, og ho følgjer nøye med og får med seg alt som vert sagt. Om det er noko ho ikkje forstår, spør ho om igjen. Det området eg derimot kjenner er unikt når det gjeld mamma og Johanne sin relasjon, er musikken som finnest i mellom oss to. Vi syng mykje saman, fleire gongar om dagen, og har opparbeida oss eit repertoar av songar vi felles er veldig glad i. Heilt ifrå Johanne vart født, har eg "sunge-snakka" rytmiske frasar til henne utan ord, men berre sunge på "stompe-lomp", eller "dåbbi-dåbbi" i ulike rytmiske vendingar. Eg trur det er på grunn av at eg er jazz-songar og oppteken av improvisasjon at desse improviserte rytmiske frasene har kome av seg sjølv, og utvikla seg til ein musikk som berre finnest mellom meg og Johanne. Det som er morosamt, er at Johanne framleis likar at eg gjer dette for henne. Til dømes er det ofte når vi skal gå opp ei trapp at ho vender seg mot meg og seier "dåbbi!". Det tyder at eg skal halde henne under armene bakfrå, og synge denne rytmiske frasa medan vi også rytmisk lear oss oppover trappa.

Det er som om ho skjønar at dette er noko berre vi to har saman, ho spør nemleg aldri pappa eller nokon andre om å synge desse frasene for henne, eller improvisere over dette temaet. Det er nesten som eit framhald av dette mor-barn språket som oppstod og utvikla seg mellom oss frå fødselen av, og som berre gav meining for oss to. No er det nye kodar oss i mellom som har utvikla seg vidare, nemleg musikken vi har saman som berre vi to forstår. Det ser ut til at desse kodane fornyar seg og fortset å eksistere gjennom barndomen. Og kven veit, kanskje er det kodar mellom mor og barn som vil fortsetje å fornye seg gjennom resten av livet? Når eg har vore vitne til dette unike bandet som oppstår i denne relasjonen, heilt frå fostertida av, ville det vere noko som ikkje overraska meg.

7.3. Har arbeidet mitt hatt innverknad på Johanne?

Dette er eit spørsmål eg ikkje kan dokumentere, men som eg har gjort meg opp ulike tankar om som eg gjerne vil få fram. Eg har ei oppleving av at det forsøket eg gjorde medan Johanne endå var eit foster med å synge "den første song" kvar dag, og at eg song mykje i det heile teke i tillegg til å ha

desse regelmessige samspelstundene det første leveåret både når det gjaldt musikk og annan kommunikasjon, har påverka Johanne på fleire måtar.

Det er tre ulike områder i Johanne sitt liv eg sjølv synest eg kan sjå resultat frå i dette arbeidet, men som eg sjølv sagt ikkje kan bevise stammar frå nettopp dette. For det første har ho ei utruleg evne til å hugse songar. Ho hugsar raskt den narrative syklusen i nye songar ho lærer, melodien og ikkje minst teksten. Eg har personleg aldri (utan å ville skryte alt for mykje...) sett ein toåring med eit så stort innlært repertoar av songar, der både tekst, riktig melodi og fraseringar er på plass. Eg trur dette er eit resultat av at eg jamt har sunge for henne medan ho var inne i magen og også i ettertid, slik at ho har vent seg til å innlære og hugse songar frå fyrste stund.

For det andre tenkjer eg på at Johanne syng veldig reint for alderen. Heilt frå ho var eitt år gammal, har ho sunge "Twinkle, twinkle little star" med ein rein tone og riktig melodi. Ho song denne songen utan ord, då ho endå ikkje kunne snakke, men melodien og tonane var på plass. Eg skal ikkje sjå bort ifrå at det også kan vere noko arveleg inne i bildet då Johanne stammar frå familiar med stor musikalitet, men eg trur faktisk at denne evna likevel ikkje skulle ha utvikla seg så raskt om det ikkje var for det arbeidet eg gjennomførte.

For det tredje vil eg nemne dette med læringsevna til Johanne, der merksemd og konsentrasjonsevna også spelar inn. Johanne har vore konsentrert og oppmerksom heilt frå ho var ein liten baby. Når eg gjekk på helsekontrollar med henne, påpeika dei ulike helsesystrene at ho var svært årvaken og oppmerksom for alderen, og at læringsevna hennar var godt utvikla. Eg trur dette kan ha ein samanheng med det tidlege stadiet eg var inne på at Johanne innlærte og hugsa musikk, og at dette igjen har hatt innverknad på konsentrasjonen og læreevna hennar generelt frå ho var ein liten baby. Eg er overbevist om at mor sin song for spedbarnet og musisk samspel i det heile teke verkar inn på læringsevna og konsentrasjonen til barnet, og eg synest eg har sett gode eksempel på dette i Johanne og hennar utvikling.

7.4. Har arbeidet mitt hatt innverknad på mamma?

Eg personleg har lært ekstremt mykje av denne prosessen det har vore å skrive oppgåva, både personleg og fagleg. Frå eit fagleg synspunkt har eg lært mykje om kva samspel og kommunikasjon er. Ein kan på ein måte følge utviklinga mi frå dei første loggnotata der eg var frustrert og oppgjeven over at ikkje Johanne ville kommunisere med meg, til dei siste analysene der eg også fekk hjelp frå Colwyn Trevarthen og Ben Schögler til å sjå at Johanne kommuniserte heilt enormt! Det var berre eg som ikkje såg det og hadde feil forventningar på kva kommunikasjon var. Spedbarn har, akkurat som oss vaksne, ulike måtar å kommunisere på, og eg har lært mykje om å sjå desse teikna på at eit barn vil kommunisere.

I tillegg har eg lært at til og med eit lite spedbarn har si eiga vilje, og er ikkje berre ein "klump" som frå fødselen er heilt "blank" når det gjeld den kommunikative delen og som eg kan få til å gjere det eg vil. Dette var svært frustrerande i byrjinga, då eg tok feil av kva for innverknad eg verkeleg har på barnet. Eg kan påverke barnet mitt på mange ulike måtar, og det er også avhengig av min påverknad. Men barnet lever også sitt eige liv og gjer tydeleg beskjed når det ikkje er interessert i å følgje mor si leiing.

I tillegg har eg lært mykje om spedbarn sin musikalitet. Musikaliteten ligg innebygd i barnet frå fødselen av, og er ikkje ein teori dei lærer seinare ved å gå på musikkskule eller aspirantkurs for korps. Musikken er ein del av dagleglivet til eit barn og hovudkjelda til læring, om eg skal sjå på innverknaden dette har hatt på Johanne. Om ein respekterer denne musikaliteten som allereie finnest der hos barnet og ein byggjer på denne, vil barnet få stor glede av sine musiske evner også seinare i livet

Sjølv om eg på eit fagleg plan har lært mykje meir enn det eg kan få med her, må eg innrømme at der eg har lært aller mest, er på det personlege planet. Berre når det gjeld det å bli mor har eg lært så mykje av at der finnest ikkje ord for det. I forkant av fødselen hadde eg så mange tankar og meiningar om korleis eg skulle leggje opp arbeidet med innsamlinga av forskingsmaterialet, men det dukka opp så mange områder undervegs som eg måtte kjenne på som eg absolutt ikkje hadde planlagt. I byrjinga var det frustrerande når desse uventa situasjonane dukka opp. Eg hadde ikkje lenger kontrollen, og det var ein situasjon eg var uvan med. (Eg har vel kanskje aldri hatt kontroll over livet mitt, men eg har i alle fall hatt ei kjensle av at eg har det...) Det å måtte legge alt planlagt til side og berre sjå kva som skjedde og prøve så godt som mogeleg å oppleve dette, var vanskeleg, men svært rikt for livet mitt. Eg har lært mykje om å sleppe kontrollen på det eg ikkje har kontroll over, og å ta kontrollen og kontrollere det eg kan.

Dette innebar også ei erkjenning av å ikkje vere perfekt og skulle få til alt, ein viktig lærdom for meg ved det å verte mor. Den første veka når eg måtte begynne å gje Johanne morsmjølktillegg på grunn av at amminga ikkje fungerte, var eit mareritt for meg. "Kva slags mor er det som gjer barnet sitt flaske berre ei veke gammal?" var tankar som gjekk gjennom hovudet mitt. Heilt urimelege, men svært verkelege tankar. Eg måtte sakte men sikkert sleppe kontrollen, og lære å kjenne meg bra om situasjonar som ikkje blei slik som eg ville fordi eg ikkje er perfekt, heller ikkje som mor... Det var verkeleg denne emosjonelle delen av det å bli mor som var den mest slitsame for meg. Nattevåk, bleieskift og andre praktiske fenomen vart berre barnemat i forhold til dette. Det med å vere usikker på om noko var gale med relasjonen vår, om eg gjorde noko feil slik at Johanne ikkje ville kommunisere med meg, var områder eg sleit med men som eg lærde meg å sleppe kontrollen på undervegs.

Den største lærdomen ved dette trur eg var å lære å setje grenser i livet mitt. Eg trur ikkje eg skulle ha lært så mykje om dette utan å bli mor, og verte

tvungen til å setje meg så mykje inn i korleis eg sjølv fungerer som dette arbeidet har hjelpe meg med. Det tok lang tid før eg klarte å gå inn i morsrolla for fullt, og på ein måte stengje ute alt rundt meg og gå inn i den ukjende verda dette var. Eg var alt for oppteken av ting eg skulle prestere eller arbeid eg skulle gjere, og heldt på å gå glipp av det viktigaste i livet. Loggføring, analysar og lesing av stoff frå andre forskarar hjelpte meg til å ta tak i dette, og nyte morsrolla samtidig som eg gjorde andre gjeremål som var viktige.

7.5. Kva ville eg gjort annleis?

Det som er fantastisk og nesten gjer arbeidet med oppgåva mi endå meir rikt, er at eg i skrivande stund er gravid for andre gong og ventar mitt andre barn til sommaren. Medan eg sit og skriv dette kjenner eg spark frå eit nytt lite liv inne i magen min, og det er difor enkelt for meg å pensle tankane mine inn på kva eg ville gjort annleis om eg fekk ein ny sjanse.

Eg er no gravid i sjette månad, og eg merkar allereie at mykje er annleis denne andre gongen. For det fyrste er eg ikkje på langt nær så bekymra som eg var i det første svangerskapet. Eg har ikkje ofte hatt panikk over om eg kjem til å abortere eller at noko skal skje med barnet, heller ikkje tenkjer eg så mykje på om eg får i meg dei næringsstoffa eg skal. Eg vert ikkje så uroleg om eg kjenner på ulike reaksjonar eller smerter i magen, nettopp fordi eg har vore gjennom dette før og kjent på det same og veit at det gjekk bra.

Det spørsmålet eg kan stille meg er om det vert det same etter fødselen, at eg har vore gjennom det ein gong før og difor er mykje meir avslappa i forhold til kva som skjer og korleis ting skal vere. Kan dette ha innverknad på den første kommunikasjonen og samspelet dei første dagane? Går amminga lettare slik at ikkje den første tida vert prega av stress og bekymring, i staden for å kose seg meir med den nyfødde? Brukar eg mindre energi på å finne ut av korleis eg skal vere mor og ta hand om eit lite spedbarn, slik at eg kan bruke meir energi på å kommunisere med barnet mitt?

På mange måtar skulle eg ønske at eg allereie hadde vore gjennom dette for andre gong for å vite litt meir og ha den erfaringa eg ikkje hadde den første gongen, og sjå om det har noko innverknad. På ein annan måte er det den situasjonen eg var i då eg måtte konsentrere meg om. Korleis var det i akkurat dette tilfellet, og ikkje i noko anna tilfelle. Det kan vere vanskeleg, ein har så mange spørsmål om kvifor og korleis det kunne ha vore, og så vidare. Så om eg tek utgangspunktet i korleis det var med Johanne og kva eg opplevde der, var det dette som var tilfellet: Gulsott og stress med å få i gang amminga på grunn av dette, og utmatting av å prøve å vinne att den tapte kontrollen. Når eg ser attende, var nok mykje av det eg opplevde og korleis eg såg på samspelet vårt som var ganske vanleg for å vere nybakt mor med eit nyfødd barn.

Så om eg skal svare på kva eg vil gjere annleis neste gong, vil det for det første vere å ha andre forventningar og tankar om kva som skal skje og korleis situasjonen burde vere. Eg vil ha eit heilt anna bilete av kva kommuniseringsevne er, og korleis eit spedbarn vil fungere. Eg vil også prøve å ikkje stresse og skulle utrette mykje, men heller konsentrere meg om å vere nybakt mor. Slik vil eg sjå kva som skjer i staden for å prøve å frambringe sider ved barnet eller vår relasjon som ikkje finnest, og ikkje prøve å ta kontroll over det eg ikkje kan kontrollere.

Eg syng også ein song kvar dag i dette svangerskapet og vil denne gongen også sjå om det nye barnet får eit forhold til dette. Eg syng den vakraste salmen eg veit om, nemleg "Deg å få skode", som er ein irsk folketone. Eg prøvar å få med meg reaksjonane frå det ufødde barnet når eg syng, då det var omkring denne tida eg kunne begynne å merke dette med Johanne. I tillegg kjem eg også til å føre loggbok og filme samspelstunder mellom oss, for å sjå korleis kommunikasjonen mellom mamma og det nye barnet er. Kanskje er dette barnet heilt ulikt frå Johanne? Kanskje har det ein heilt annan måte å kommunisere på? Dette vert svært spanande, og noko eg gler meg til å sjå. Men ein ting er sikkert, denne gongen skal eg passe på å vere nybakt mor og ikkje nybakt hovudfagsstudent!

8. Litteraturliste

Bjørkvold, Jon-Roar (1991):

Det musiske menneske

Bibelen, Guds Ord (1997)

Boye, Karin (1994):

Dikter, Karin Boyes fem diktsamlinger

Bråten, Stein (1998):

Kommunikasjon og samspill – Fra fødsel til alderdom

Bråten, Stein (red.) (1998):

"Intersubjective communion and understanding: development and perturbation", I *Intersubjective Communication and Emotion in Early Ontogeny*, s. 372-383

Dalland, Olav (1993):

Metode og oppgaveskriving for studenter

DeCasper, Anthony J.(1980):

"Of Human Bonding: Newborn Prefer Their Mothers' Voices", i *Science* 4448/vol. 208/1980, s. 1174-1176

DeCasper, Anthony J. & Spence (1986):

"Prenatal Maternal Speech Influences – Newborns' Perception of Speech Sounds", i *Infant Behavior and Development* 9/86, s. 133-150

Espeseth, Gro Hansen (2003):

"Musikk og trygghet", Hovedoppgave, UIO

Halvorsen, Knut (1998):

Å forske på samfunnet – en innføring i samfunnsvitenskaplig metode

Holme, Idar Magne og Bernt Krohn Solvang (1991):

Metodevalg og metodebruk

Hopson, Janet (1998):

"Fetal Psychologi", i *Psycologi Today*, Sept/Oct98

Krokstad, Asbjørn (2004):

"Ufødte og forskning", i *Aftenposten* 1. mars 04

Kvale, Steinar (2001):

Det kvalitative forskningsintervju

Nagy Emese & Peter Molnar (2003):
"Homo imitans or homo provocans? Human imprinting model of neonatal imitation", i Elsevier, *Infant Behaviour and Development*, s.54-63

Oveland, Solveig (1998):
"Meningsfulle øyeblikk i musikkterapi", Hovedoppgave, UIO

Stern, Daniel (1991):
Barnets Interpersonelle Univers

Stern, Daniel (1996):
Moderskapskonstellationen

Stern, Daniel og Nadia Bruschiweiler-Stern (2000):
En mor blir til

Trevarthen, Colwyn (1977):
"Descriptive Analysis in Infant Communicative Behaviour", i Schaffer, I.H.R. (ed.) *Studies in Mother-Infant Interaction*, s. 227-270

Trevarthen, Colwyn (1998):
"The concept and foundations of infant intersubjectivity", I *Intersubjective communication and Emotion in Early Ontogeny*, s. 15-46

Trevarthen, Colwyn (1999):
"Musicality and the intrinsic motive pulse: evidence from human psychobiology and infant communication", i *Musicæ Scientiæ*, s.155-215

Trevarthen, Colwyn (2002):
"Learning in companionship", i *Education in the North: The Journal of Scottish Education*, s. 16-25

Verny, Thomas (1983):
Det ufødte barnets hemmelige liv

Årsvoll, Guri (2002):
"syng og lek – snakk samme språk", Hovedoppgave, UIO